


Gardbrukarar og landbruk i endring i Hordaland

- ei studie med utgangspunkt i Ulvik og Radøy




Ingvild Kannelønning

Masteroppgåve i Region og regionalisering

Institutt for Arkeologi, Historie, Kultur- og Religionsvitenskap

Universitetet i Bergen, mai 2010



Føreord

Det har vore ein utfordrande og interessant prosess å skrive denne masteroppgåva, og no er eg endeleg i mål. Den tidvise frustrasjonen er gløymt, og ein fin tid på masterstudiet i region og regionalisering er over. Eg har hatt god hjelp og støtte av mange i prosessen, og desse er det no er på sin plass å takke.

Eg vil starte med å takke alle informantane mine, som tok seg tid til å snakke med meg i ein travel kvardag. Denne oppgåva hadde ikkje vore noko utan dykkar deltaking i prosjektet. Eg møtte stor velvilje, både i Ulvik og på Radøy. Ikkje berre var dykk positive til å snakke med meg, eg fekk og ei flott mottaking heime hjå dykk på gardsbruka.

Ein stor takk til veileiaren min, Grete Rusten ved institutt for geografi, for at du har brukt mykje tid på meg, og alltid har kome med gode innspel og konstruktive tilbakemeldingar (og for at du pusha på for å få meg til å levere til rett tid). Eg vil og takke Ole Bakkebø, Eli J. Fosso, Jarle Helland og Anders Børsheim for god hjelp, spesielt i oppstartsfasa i fjor vår, og før feltarbeidet i haust (jf. vedlegg F). Takk til medstudentar for gode innspel på seminarane våre, og artige stunder på lesesalen, spesielt opp mot innleveringsfristen (til dømes i form av sushi og raudvin).

Til sist vil eg takke familie og gode vener, som alltid er der for meg og har trua på meg (sjølv om brørne mine spøkar med at eg skreiv om landbruk for å bli favoritten til pappa...). Det er triveleg at de stadig har spurt: "Koss går da med oppgåva di?". Samtidig skjønner eg godt at eg ofte òg har fått dette spørsmålet: "Ka va da du skreiv om no igjen...?" Ei ekstra helsing går til besteforeldra mine, Olga og Severin, som nyleg skaffa seg berbar datamaskin og kvar sin mobiltelefon. Det inspirerer meg å sjå at de ikkje sluttar å lære nye ting, sjølv etter fylte 80 år.

Abstract

Agriculture has traditionally been an important industry in Norway, especially in the rural parts of the country. However, during the last decades there has been a rapid decrease in the number of farms and farmers. This master thesis seeks to investigate how farmers deal with agricultural changes, and how this affects their motivation and role in the industry. The study focuses on Hordaland County, and the fieldwork was conducted in Radøy, a coastal municipality, and Ulvik, a municipality situated by the Hardanger fiord. The empirical evidence combines 24 qualitative interviews, with a total of 30 farmers, with secondary statistical sources.

Hordaland have smaller farms than larger agricultural counties like Rogaland and Trøndelag, and the eastern parts of Norway. There are also differences in types of important agricultural productions in the two municipalities studied: Many farmers in Radøy have cows and/or sheep, whilst fruit production is important in Ulvik. Those of the farmers that are optimistic about their future are often young, and want to develop additional types of business on their farms, so they get a higher income, and do not have to work besides farming. This kind of multifunctional agriculture is suggested as a solution to enable farmers to stay in the industry. This also enhances cooperation and innovation in the agri-business. Older farmers are anxious about the future of their farms. Those that have children would love to see their children take over, but this is entirely up to them to decide. The farmers feel that what they do is important for the community, both in a local and national context. They believe that some of their most important tasks are to secure that people in Norway have enough, and safe, food, and that the cultural landscape, with active farms and historical traditions, is kept in good condition.

Key words: agricultural change, farmers, identity, administrative regions, the countryside, multifunctional agriculture, entrepreneurship.

Innhold

Føreord	III
Abstract	V
Innholdsliste	VII
Figurar	VIII
Tabellar.....	X
Vedlegg	XI
1. INTRODUKSJON OG KONTEKST: GARDBRUKARAR OG LANDBRUK I ENDRING I HORDALAND	1
1.1 Introduksjon.....	1
1.1.1 Problemstilling.....	4
1.1.2 Spørsmålet om endring	5
1.1.3 Oppgåveinnhald og struktur.....	5
1.2 Sentrale omgrep.....	7
1.2.1 Landbruk og gardsbruk	7
1.2.2 Gardbrukar/bonde	8
1.2.3 Ulike tilskotsordningar og reguleringar	9
1.3 Geografisk studieområde	10
1.3.1 Hordaland fylke	10
1.3.2 Radøy kommune	12
1.3.3 Ulvik herad.....	12
2. TEORETISKE PERSPEKTIV PÅ LANDBRUK - BAKGRUNN, UTVIKLING OG DAGENS SITUASJON	14
2.1 Innleiing.....	14
2.2 Regionalt perspektiv	14
2.3 Eit historisk tilbakeblikk på norsk landbruk.....	18
2.4 Tilhøva i dagens landbruk	21
2.4.1 Bygda og landbruket	22
2.4.2 Frå produktivisme til post-produktivisme?.....	23
2.5 Multifunksjonelt landbruk	24
2.6 Landbruk i Hordaland.....	27

2.7 Impulsar frå utlandet – globalisering og glokalisering.....	33
2.8 Bonden sjølv i endring?.....	35
2.8.1 Bondeidentitet og kompetanse.....	35
2.8.2 Rekruttering.....	37
2.9 Oppsummering.....	39
3. METODE OG FORSKINGSDESIGN.....	40
3.1 Tilnærming.....	40
3.1.1 Førebuingar.....	40
3.2 Val av metode og forskingsdesign.....	41
3.2.1 Kvalitativ metode.....	42
3.2.2 Semi-strukturert intervju.....	43
3.2.3 Case-studiar.....	43
3.2.4 Kvantitativ metode og bruk av sekundærdata.....	44
3.3 Triangulering.....	45
3.4 Val av informantar.....	46
3.5 Gjennomføring av feltarbeid.....	49
3.6 Analyse.....	50
3.7 Etikk og kritikk – truverdigheita til oppgåva.....	51
3.8 Oppsummering.....	52
4. GARDBRUKARANE OM SEG SJØLVE, GARDEN OG LANDBRUKET.....	53
4.1 Innleiing.....	53
4.2 Kven er gardbrukarane? Demografiske og erfaringsbaserte kjenneteikn.....	53
4.2.1 Alder.....	54
4.2.2 Kjønn.....	55
4.2.3 Utdanning.....	56
Tabell 4.2. Form for utdanning blant informantane, fordelt etter kjønn (N = 30).....	57
4.3 Av gard er du komen, til gardbrukar skal du bli? – Tilknytning til garden.....	57
4.4 Gleda og sorga, tid og pengar - Å drive med landbruk.....	59
4.5 Bonde, eg? - Bondeidentitet.....	62
4.6 Eit mylder av mangfald – drifta på garden.....	64
4.6.1 Heiltids- eller deltidsbruk, enkel- eller kombinasjonsform?.....	65
4.6.2 Hovudnæring.....	67
4.6.3 Tilleggsnæring.....	67

4.6.4 Tilskot og støtte.....	69
4.7 Samarbeid og hjelp – fellesskap og nettverk	70
4.7.1 Samdrift.....	74
4.8 Frå monokulturell til multifunksjonell?.....	75
4.9 Framtida som gardbrukar – ideell utvikling og tidsperspektiv	76
4.9.1 Rekruttering	78
4.9 Oppsummering	81
5. GARDBRUKARANE OM LANDBRUK PÅ LOKALT, NASJONALT OG INTERNASJONALT NIVÅ	82
5.1 Innleiing.....	82
5.2 Eit ”Hordalandsk” landbruk?.....	82
5.3 Landbruk på lokalt nivå.....	83
5.3.1 Landbruk i Radøy kommune	84
5.3.2 Landbruk i Ulvik herad	88
5.4 Landbruk på nasjonalt nivå.....	92
5.5 Landbruk på internasjonalt nivå	94
5.6 Oppsummering	95
6. CASE-STUDIAR: EIT NÆRARE BLIKK PÅ OPPTUR OG NEDTUR.....	96
6.1 Innleiing.....	96
6.2 Case i Ulvik herad – nyskapande familiegard	96
6.3 Case i Radøy kommune – ny giv på gamal gard	98
6.4 På veg ut?.....	99
6.5 Kjem nokon til å overta?	100
6.6 Oppsummering	101
7. GARDBRUKARAR OG LANDBRUK I ENDRING I HORDALAND: AVSLUTTANDE DRØFTING OG KONKLUSJON	102
7.1 Eit ”levande landbruk”?.....	102
7.2 Landbruk på lokalt, nasjonalt, og internasjonalt nivå.....	105
7.4 Konklusjon: Kva meiner gardbrukarane sjølve om endringar i landbruket, og kva implikasjonar har det for deira eigen motivasjon og rolle i denne næringa?	106
7.5 Vidare forskning	108
Litteraturliste	109
Internettreferansar	118
Vedlegg	121

Figurar:

1.1 Kart over kommunane i Hordaland	10
1.2 Fordeling av arbeidsplassar etter næringsgrupper i Hordaland, 2008.....	11
2.1 Eit sjeldan syn på bygda i dag; hesjing på Radøy hausten 2009 (foto).....	18
2.2 Framstilling av tre viktige periodar i norsk landbrukshistorie	20
2.3 Fare på ferde for gardsbruka i Hordaland? (foto)	22
2.4 Jordbruksareal i drift i dei ulike fylka i Noreg	27
2.5 Verdiskaping fordelt etter driftsform totalt i Hordaland fylke i 2008.....	30
4.1 Oversikt over gardbrukarar og andre sysselsette sin aldersfordeling.....	55
5.1 Sau på beite på Radøy (foto)	84
5.2 Verdiskaping i landbruk i Radøy kommune i 2008	86
5.3 Eple på rekkje og rad i Ulvik (foto)	88
5.4 Viser verdiskapinga innan landbruk i Ulvik herad i 2008	91
5.5 Utsikt over Ulvik (foto).....	92

Tabellar:

2.1 Klassifisering av regionar etter ulike inndelingsprinsipp.....	15
2.2 Utvalde kommunar frå kommunekåringa til DN og SSB i 2008	18
2.3 Antal gardsbruk som søker produksjonstilskot, totalt jordbruksareal, og gjennomsnittstorleik per gardsbruk i Hordaland og Noreg	28
2.4 Dei viktigaste driftsformene i kommunar i Hordaland, rangert etter verdiskaping	29
2.5 Oversikt over gardsbruk med tilleggsnæringar i Noreg, fordelt etter fylke	31
4.1 Informantoversikt, kategorisert etter alder, kjønn, og utdanning	54
4.2 Form for utdanning blant informantane, fordelt etter kjønn	57
4.3 Typar driftsform på gardsbruka, delt inn i deltids- eller heiltidsbruk	65

Vedlegg:

- A: Skildring av dei tre lovene som er med å regulere landbruket i Noreg
- B: Fordeling av arbeidsplassar etter næringsgrupper i Hordaland fylke, og regionane Hardanger og Nordhordland i åra 2000-2008
- C: Antal sysselsette i ulike næringar i Ulvik, Radøy og totalt i Hordaland.
Jordbruksareal i drift i kommunane i Hordaland fylke
- D: Oversikt over driftsformer fordelt på fylke, og totalt i Noreg, 2007
- E: Informasjonskjelder i førebuingane til feltarbeidet
- F: Intervjuguide

Alle foto: © Ingvild Kannelønning

Framsidedfoto: På feltarbeid i Ulvik dukka det opp ein regnboge etter ei god skur. Den tyske målaren C.D Friedrich måla i romantikken regnbogen som ei bru mellom ulike naturrike, og mellom menneske og natur (www.snl.no/regnbue). Det er eit passende syn for denne oppgåva (heller enn at det skal finnast ein skjult skatt ved foten av bogen...).

1. INTRODUKSJON OG KONTEKST: GARDBRUKARAR OG LANDBRUK I ENDRING I HORDALAND

1.1 Introduksjon

Dette er ei masteroppgåve som omhandlar gardbrukarar og landbruk i Hordaland fylke. Radøy kommune og Ulvik herad er valt som nærare studieområde. Dei to kommunane representerer ein kontrast i geografisk beliggenhet ved høvesvis kyst og fjord. Landbrukssektoren har tradisjonelt vore ei synleg næring i samfunnet vårt, og endringsprosessar i landbruk og blant gardbrukarar er eit svært aktuelt tema, både i nasjonal og internasjonal samanheng.

Diskusjonen om landbruket fordeler seg på tre ulike nivå: ein har reguleringsregimar og økonomiske støtteordningar (både regionalt, nasjonalt og internasjonalt), matforbruk og kultur (på ulike geografiske nivå), og sosioøkonomiske aspekt (sjølve bondeyrket og landbruket si rolle i forhold til busetting, næringsutvikling, og arealskjøtsel).

Denne studia tek utgangspunkt i gardbrukarane. Dei er utøvarar av landbruk, og står dermed i sentrum for landbruksdiskusjonen. Difor er det ikkje berre viktig å utforske *kva* drift gardbrukarane har og *korleis* dei driv, men og, kanskje viktigast av alt, *kvifor* dei driv slik dei gjer. Implikasjonar av endringar i landbruksnæringa påverkar gardbrukarane sin identitet, motivasjon, rolle og status. Studia vart utført på bakgrunn av eit tema initiert av Fylkesmannen i Hordaland si landbruksavdeling (heretter FMLA). Oppgåva til FMLA er å medverke til gjennomføring av den nasjonale landbrukspolitikken, i form av informasjon, forvaltning av verkemiddel, og lokalt tilpassa tiltak (Fylkesmannen i Hordaland, 2009a). Masterprosjektet er ei uavhengig studie, men ynskje er at ho skal vere nyttig for FMLA.

Landbruksnæringa har blitt hevda å vere sterkt tradisjonsprega, og klar for eit hamskifte. Dølvik (2007) hevdar i boka "Hamskifte – Den norske modellen i endring" at 1980 og 1990-åra var det tredje hamskiftet i moderne norsk historie, i form av eit særlig fokus på endringar i arbeidsliv, velferd og fordeling. Han brukar omgrepet "hamskifte", sidan det viser til ein markant endringsperiode, og på fleirtydigheita i forholdet mellom forandring i form og innhald. Dølvik viser vidare til Inge Krokann (1942), som i boka "Det store hamskiftet i bondesamfunnet" ser resultatet av utviklinga frå landbruks- til industrisamfunn som prega "av motsetninger og spenninger mellom ytre og indre krefter, mellom tradisjonsbinding og

nyskaping, reaksjon og formvilje” (Krokann, 1942 i Dølvik, 2007: 15). Dette meiner Dølvik (2007) er ein karakteristikk som like gjerne kan brukast om dei turbulente 1980- og 1990-åra.

Forskar Reidar Almås (2002) ved Norsk senter for Bygdeforskning (heretter Bygdeforskning) argumenterer for, til forskjell frå Dølvik (2007), at det er *no* me står føre eit tredje hamskifte i norsk historie, men at dette skjer på bygdene og i landbruksnæringa. Han hevdar at det første hamskiftet skjedde rundt inngangen til 1900-talet, då pengesamfunnet var på veg inn i bygdene. Det var ei tid prega av industrialisering og urbanisering. Det andre hamskiftet gjekk føre seg etter andre verdskrig, og vart forma av mekaniseringa av landbruket, flukta frå landsbygda, og bygginga av velferdsstaten. Det var ei epoke for den maskinelle teknologien, med traktortechnologi, kraftfôr og kunstgjødsel (Almås, 2002, 2008).

Almås (2002) hevdar at eit tredje hamskifte vil ha mange nyansar, sidan mange av endringskreftene ligg utanfor bygdene, til dømes globaliseringa av økonomi og kultur. Landbruket har mindre å seie enn før, ved at ein stadig mindre del av verdiskapinga skjer i primærproduksjonen. No skjer meir ved innsats av kapital, framande råvarer, vitskapleg basert kunnskap, og ekstern vidareforedling (Almås, 2002). Eit anna aspekt er det *sosiale* hamskiftet på bygdene, ved at gardbrukarane sine familiemedlemmar hentar inntekt utanfrå garden, og at stadig fleire bygdefolk forsvinn frå landbruket (Almås, 2002). Woods (2005) hevdar at landbruket i i-land har blitt fundamentalt endra sidan starten av 1900-talet. Det har gått frå ein posisjon som kjerna i ruralt liv, til å ta stadig mindre del i rural økonomi, i forhold til sysselsetting og bidrag til produksjon. Mykje av desse endringane har blitt påtvunge rurale områder av press frå andre delar i samfunnet. Samtidig hevdar han at landbruket framleis har ein sterk ”symbolsk makt” som gjer det vanskelig å reformere næringa.

I diskusjonen om norsk landbruk er det ofte andre aktørar enn gardbrukarane sjølve som uttalar seg. Til dømes har økonom og Finansavisen-redaktør Trygve Hegnar vore ein kraftig kritikar av norsk landbruk. I ein landbruksreportasje i avisa VG i april 2009 uttalte han: ”Jeg hadde skapt tusener av arbeidsplasser på bygdene dersom jeg bare kunne bruke ett landbruksoppgjør på et Distrikts-Norge AS” (Rogne, 2009: 42). Hegnar har spesielt retta kritikken mot den økonomiske støtta gardbrukarar mottek av staten, og meiner at ein må satse på andre næringar dersom ein skal få folk til å bu i distrikta. I februar 2009 skreiv journalist Sjur Holsen ein kommentar i avisa Bergens Tidende med overskrifta ”Bondens store sjanse”. Der presenterte han ei nært føreståande matkrise som ein god grunn for å utvikle og satse

vidare på landbruket i Noreg. Holsen hevdar at: ”De som skal drive PR for landbruket i dag burde egentlig ha en svært takknemlig jobb” (Holsen, 2009: 3). Holsen framstillar det tradisjonsbaserte landbruket som avleggs, og ynskjer å synleggjere verdiskaping og mogleikar.

Slagordet ”levende landbruk over hele landet” er noko av det første som møter ein på nettsidene til Landbruks- og matdepartementet (Regjeringen, 2010a). I år kjem det ei ny landbruksmelding som vil legge grunnlaget for framtidas landbruk. Det er 10 år sidan sist, og forventningane er store blant gardbrukarane (Aase, 2010). Avisa Nationen meiner at norsk matproduksjon må aukast for å møte befolkningsveksten, men at det er store spørsmål i forhold til korleis dette kan bli oppnådd, og kven som skal få ta del i produksjonen. Noverande landbruks- og matminister, Lars Peder Brekk, har lova at større produksjon og høgare inntekt skal bli tema i den nye landbruksmeldinga, og har uttalt at han håpar at arbeidet med meldinga i seg sjølv vil bidra til ein debatt om landbruket si rolle og stilling (Aase, 2010). Sidan førre landbruksmelding har det skjedd store endringar i teknologi, struktur, konkurranseforhold og internasjonale rammevilkår, og dette dannar både bakteppe og premisser for vegen vidare (Aase, 2010). Målet om å ha eit landbruk i heile landet hevdar Brekk skal ligge fast i den nye meldinga, og då spelar både regional fordeling og forholdet mellom små og store aktørar i næringa ei rolle for å kunne oppretthalde strukturen og mangfaldet (Aase, 2010).

Hordaland Bondelag ynskjer at hovudmålet i den nye landbruksmeldinga blir sjølvforsyning, ved at Noreg set seg forplikande mål om å produsere minst 50 prosent av landbruksprodukta i framtida, sidan det er viktig å sikre nok mat til egne innbyggjarar. Dessutan meiner dei at ansvaret for matproduksjon er for viktig til å overlata til gardbrukarane åleine, og at det difor må bli det viktigaste samfunnsspørsmålet framover (Hordaland Bondelag, 2010). Andre punkt Bondelaget peikar på er å ha eit aktivt landbruk i heile landet, og synleggjere dei positive verknadane dette kan ha på andre samfunnsområde. Dessutan manar dei for at gardbrukaren må få betalt for arbeidsinnsatsen som matprodusent og samfunnsbyggjar (Hordaland Bondelag, 2010). Landbruksmeldinga kjem til å gi framtidige føringar for landbruket som næring i Noreg, og gardbrukaren som yrke. Det vil og gi føringar for andre typar næringar, til dømes korleis reiseliv vert knytta opp mot landbruk.

1.1.1 Problemstilling

Utviklinga i norsk landbruk gjev grunnlag for fleire aktuelle forskingsspørsmål. Denne studia tek utgangspunkt i følgjande hovudproblemstilling:

Kva meiner gardbrukarane sjølve om endringar i landbruket, og kva implikasjonar har det for deira motivasjon og rolle i denne næringa?

Fleire spørsmål gjer seg gjeldande i samband med denne problemstillinga, og for å gjere ho operasjonalsbar i denne studia skal eg svare på følgjande:

- Kven er gardbrukarane, kva drift har dei, og kvifor?
- Kva strategiar har dei for å livnære seg når gardsdrifta åleine ikkje gir nok inntekt?
- Kva tankar gjer dei seg om framtida som gardbrukar, for eiga del og landbruket generelt?
- Kva vil det seie å vera gardbrukar? Kva gjer nye næringsvegar med forståinga av bondeidentiteten?
- Korleis forstår gardbrukarane omgrepet ”multifunksjonelt landbruk”, og har det noko betyding for dei?
- Er gardbrukarane i verksemda påverka av dei endringane og utviklinga som har skjedd i landbruket; både lokalt, nasjonalt og internasjonalt?

Ein del av analysen i studia tek utgangspunkt i at undersøkinga føregår i to kommunar i Hordaland; Radøy og Ulvik. Studieområda er valt i samarbeid med FMLA. Kommunane vart valt fordi dei begge har ei landbruksforvaltning som er godt kjend i kommunen sin (i form av landbrukskontor), dei er av overkommeleg storleik til ei slik studie, og representerer eit variert landbruk ein kan finne att i andre Hordalandskommunar. Ei hypotese er å undersøke om dei ulike kommunane sine geografiske plasseringar, ”ytterst” og ”innerst” i Hordaland fylke, gjer seg utslagsgivande i ulike driftsformer. Til dømes framstår kanskje fjordbygdene tradisjonelt som meir attraktive i reiselivssamanhengar, som gjer det lettare å kombinere landbruk med slik drift, og kanskje har kystområda ein hardare konkurranse med tanke på alternativ for arbeidskrafta, i og med at det er der mange godt betalte jobbar med stort behov for arbeidskraft befinn seg (jf. kapittel 1.3 og vedlegg B). Aktuelle problemstillingar når det gjeld landbruk i dei to kommunane blir då om geografisk beliggenhet har noko å seie for utviklinga i landbruket, og om det er forskjell i gjennomslagskrafta for nye tilpassingar i dei to kommunane.

1.1.2 Spørsmålet om endring

”Eit samfunn vil alltid vera i endring. Det veit alle menneske. Alle livshistoriar er historiar om endring. Det var alltid betre ”i dei gode, gamle dagane”, *før* ”endringane” kom i gang. Det er ei historie våre foreldre hørde frå sine, me frå våre, og det er og ei historie me sjølve fortel våre born. Slike historiar vert nytta til å forstå notid utifrå noko som var. På denne måten produserer me tradisjon, og tek i bruk gårdsdagen for å forstå dagen i dag. Dette er endringar me kan forstå, forklara og relatera oss til”.

(Lønning, 2003: 55).

Lønning (2003) argumenterer for at me lev i ein endringsfase, der det vil oppstå nye opningar og handlingsrom, og at me har ein ”kulturøkonomisk tankegang”. Dette gjer seg spesielt gjeldande for bygda og næringane der, ved at fleire gardbrukarar no ser moglegheiter i næring knytta meir mot tenesteyting enn vareproduksjon. Både i problemstillinga og i oppgåvetittelen vert ordet ”endring” nytta. Som ein ser av sitatet ovanfor er det gjerne eit ullent omgrep, men det er likevel noko ein må ha i bakhovudet når ein utforskar landbrukssektoren. Endring må sjåast i samheng med samfunn, næring, individ og hushald (her: bonden sjølv og eventuell familie), men det må og fortolkast ut frå ei referanseramme, ved at ein ser på endring i forhold til kva, og tidsperspektiv. Tidsperspektivet i denne studia spinn i størst grad rundt det som har skjedd i norsk landbruk det siste tiåret, der nokre av dei tydelegaste endringane har vore ein stor nedgang i bruk, og endring av driftsform og næringsaktivitet (Statistisk Sentralbyrå (heretter SSB), 2009a). Det går både på korleis næringa sjølv har endra produksjonsomfanget og driftsmåtane, men og kva roller og prioriteringar samfunnet omkring tillegg denne næringa.

1.1.3 Oppgåveinnhald og struktur

Oppgåva består av sju kapittel, som samla skal vere med å svare på problemstillinga. I dei tre første kapitla tek eg for meg problemstilling, teoretisk rammeverk og metodikk. Dei neste tre kapitla utgjer analysedelen av oppgåva. Her vert empirien i studia presentert og analysert. Det siste kapitlet er ei avsluttande drøfting og konklusjon.

Dette kapitlet, *kapittel 1*, starta med ein introduksjon til oppgåvetema, og presentasjon av problemstilling og andre forskingsspørsmål samt ei presisering av ”endring”. Vidare i

kapittelet vil eg drøfte sentrale omgrep relatert til oppgåvetema, og presentere det geografiske studieområdet.

I *kapittel 2* tek eg for meg ulike teoretiske perspektiv som dannar bakteppet for problemstillinga. Eg vil først gå inn på den regionale konteksten, ved å koble regionteori og oppgåvetema. Deretter vert det presentert eit historisk tilbakeblikk på norsk landbruk, før eg ser på tilhøva i dag, og forholdet mellom bygd og landbruk. Vidare vil eg sjå nærare på multifunksjonelt landbruk, som er blitt presentert som ein ny strategi for utvikling i næringa. Etter det går eg spesifikt inn på landbruk i Hordaland fylke, før eg ser på korleis impulsar frå utlandet kan påverke norsk landbruk. Eg avsluttar med ein del om gardbrukaren som individ, sett i forhold til identitet, kompetanse og rekruttering. Det vert referert tilbake til teorien i ulike delar av analysen for å kunne sjå mine funn i forhold til statistikk og litteratur.

Kapittel 3 går omhandlar metode og forskingsdesign. Eg drøftar og grunngjev dei metodiske vala eg har gjort i studia. Først vert tilnærming, førebuingar og metodeval presentert, og dei kvalitative og kvantitative metodane eg nyttar meg av i studia. Deretter går eg inn på val av informantar og gjennomføringa av feltarbeid, før eg drøftar triangulering i forhold til forskingsdesign. Avslutningsvis ser eg på korleis eg analyserer empirien, og ulike vurderingsaspekt ved truverdigheita til studia, som reliabilitet og validitet.

Kapittel 4 er starten på analysedelen av studia. Ulike emne frå intervjuar med informantane vert tematisk drøfta. Først ser eg nærare på kven gardbrukarane er, kva tilknytning dei har til garden, og korleis dei ser på det å drive med landbruk. Deretter drøftar eg identitet knytta til det å vere gardbrukar, og går inn på gardsdrift, og ulike aspekt i forhold til dette. Vidare utforskar eg ulike formar for samarbeid og fellesskap som gardbrukarane har innan næringa, før eg ser på kjennskapen gardbrukarane har til omgrepet ”multifunksjonelt landbruk”. Til slutt i kapittelet drøftar eg kva gardbrukarane trur om framtida, både i forhold til eiga drift på garden og rekruttering.

I *kapittel 5* vert den geografiske dimensjonen i oppgåva utforska nærare, ved å gå inn på kva gardbrukarane i studia meiner om landbruk på lokalt, nasjonalt, og internasjonalt nivå. Først vil eg sjå på tilhøva i Hordaland fylke, og deretter Radøy og Ulvik. Vidare i kapittelet ser eg på landbruk i Noreg, der informantane peikar på utviklingstrekk i seinare tid, og viktige aspekt for å kunne ha eit levande landbruk. Avslutningsvis vil eg sjå på korleis gardbrukarane

ser på landbruk i utlandet i forhold til tilhøva i Noreg. Her står implikasjonar av eit eventuelt EU-medlemsskap sentralt.

I *kapittel 6* tek eg i fire case-studiar eit nærare blick på nokre av informantane i denne studia. Med case-studiar kan ein sjå på interessante faktorar, og presentere historiar frå verkelege menneske. Det vert først presentert to suksesshistoriar, med ein nyskapande familiegard i Ulvik, og nytt liv på ein gard på Radøy. Dei to andre case-studiane viser meir utfordringar knytt til nedgangssida ved norsk landbruk. Desse informantane er på veg ut av landbruket, og er usikre på kva som kjem til å skje vidare med gardsbruka.

I *kapittel 7* utforskar eg vidare funna frå studia i ei avsluttande drøfting, og deretter svarar eg på problemstillinga. Eg avsluttar med forslag til vidare forskning.

1.2 Sentrale omgrep

I denne delen vert sentrale omgrep som blir nytta i oppgåva forklart nærare. Eg har valt å sjå på gardbrukarar og landbruk med eit vidt perspektiv. Dette vert gjort for å kunne presentere eit heilskapleg bilete av landbruksutvikling i Hordaland, heller enn å avgrense til berre ein form for gardbrukarar og ei spesiell driftsform, til dømes gardbrukarar som driv med mjølkeproduksjon. I tillegg til at landbrukssektoren spenn over mykje, er det ein sektor som er sterkt prega av vilkår og restriksjonar. Det er difor viktig å ta med noko om det som er med å regulere næringa.

1.2.1 Landbruk og gardsbruk

Omgrepet "landbruk" kan ha ulik tyding ved at det dels vert brukt om jordbruk, og dels som ei fellesnemning for jordbruk og skogbruk (Rognstad og Steinset, 2008). I denne studia vert det nytta som det siste. Jordbruk omfattar dyrking av jordvekstar, hagebruk, og husdyrhald (Rognstad og Steinset, 2008). Hagebruk kan vidare skildrast som dyrking av frukt, bær og grønsaker (SSB, 2009b). Landbruk vert drive med utgangspunkt i ein landbrukseigedom, som er ein eigedom som vert nytta, eller kan nyttast, til jord- og/eller skogbruk. Det er vanleg å avgrense landbrukseigedom til ein eigedom med minst 5 dekar (heretter daa) jordbruksareal og/eller 25 daa produktivt skogbruksareal (Rognstad og Steinset, 2008). Ei jordbruksbedrift er ei verksemd med jordbruksdrift, inkludert hagebruk og husdyrhald, som har eit driftssenter på ein landbrukseigedom. Bedrifta omfattar alt som vert drive som ei eining under ei leiing, og

med felles bruk av produksjonsmidlar. Andre omgrep som vert nytta om jordbruksbedrift er ”driftseining i landbruket”, ”driftseinig”, ”gardsbruk” og ”bruk” (Rognstad og Steinset, 2008). I denne oppgåva er det omgrepet ”gardsbruk” som vert nytta om jordbruksbedrifter, sidan det er utbreidd i landbrukslitteratur og vart brukt i feltarbeidet.

1.2.2 Gardbrukar/bonde

”Bonde” er ein yrkestittel for ein person som eig og driv eit gardsbruk, men det kan og nyttast for personar med tilknytning til gardsdrift, uavhengig av eigarskap. Omgrepet er historisk og stammar frå det norrøne ordet ”búandi”, via ”bóndi”, som tyder ”buande” (Norsk Landbruk, 2009). I dag seier ein gjerne at den personen som er hovudansvarleg for drifta av eit gardsbruk, innehavaren, er ein ”gardbrukar”. Gardsbruk drive av personlig brukar (enkeltpersonsføretak) er den dominerande måten å organisere jordbruksverksemd i Noreg på (Rognstad, 2009). Etter 1999 har imidlertid antal ansvarlege selskap (AS) auka frå 500 til 2 800. Utviklinga må sjåast i samanheng med ei auke i antal samdrifter innan mjølkeproduksjonen, og endringar i regelverket for produksjonstilskot i 2002, der det vart opna for omfattande samarbeid innan alle typar produksjonar (Rognstad, 2009) (jf. kapittel 4.7.1). Norske gardbrukarar kan velje å organisere seg i fagorganisasjonane Norges Bondelag og Norges Bonde- og Småbrukarlag. Desse forhandlar med staten om jordbruksavtalen kvart år, som fastlegg rammevilkåra for landbruket (Norges Bondelag, 2010).

Både omgrepet gardbrukar og bonde vert brukt om kvarandre i denne studia. Nokon vil kanskje hevde at det er ein ukritisk bruk, til dømes er Løwe (2004a) ein av dei som skil mellom omgrepa. Han definerer, slik som Rognstad (2009), ein ”gardbrukar” som ein person som har hovudansvaret for drifta av eit gardsbruk, men Løwe meiner ”bonde” er eit uklart omgrep, sidan nokon meiner det burde vere forbeholdt gardbrukarar med heile eller hovuddelen av arbeidet sitt eller inntekta knytta til gardsbruket. Løwe hevdar vidare at andre vil seie at alle som bur på ein gard er ”bønder”. Mine erfaringar etter å ha lese landbrukslitteratur og gjennomført feltarbeid er likevel at det er lite skilnad på dei to omgrepa, og korleis dei vert nytta, og at dei difor kan reknast som identiske. Informantane var heller ikkje konsekvente i kva omgrep dei nytta. Bruken av omgrepa forutset likevel at dei ein snakkar med reknar seg sjølv som gardbrukar/bonde (meir i kapittel 2.8.1 og 4.5).

1.2.3 Ulike tilskotsordningar og reguleringar

Landbruket er ei regulert næring, og sektoren mottar mykje offentleg støtte. Landbruksstøtta er ikkje primært mynta på gardbrukaren sin velferd, men skal vere med å tene overordna mål som matvaresikkerheit, distriktsbusetting og velpleia kulturlandskap (Løwe, 2006). Den offentlege støtta mogleggjer det å vere gardbrukar, men har og noko å seie for korleis samfunnet verdset det å vere gardbrukar. Det finst svært mange tilskotsordningar, og eg går difor ikkje i detalj eller ser spesifikt på dette, sidan det er ei studie i seg sjølv. Delar av rammeverket vil likevel bli presentert som eit tema, sidan det er ein del av korleis landbruk vert sett på i denne studia. Dagens verkemiddel i landbruket kan delast inn i skjermingsstøtte, produksjonsavhengige tilskot, produksjonsuavhengige tilskot, og lovar og reglar. Verdien på skjermingsstøtta er omlag 8 milliardar kroner, og på dei to tilskotstypene ca 12 milliardar kroner, som samla gir ei støtte på meir enn 20 milliardar kroner per år (Norges offentlege utredningar (heretter NOU), 2004:2).

Skjermingsstøtta skjermar norsk produksjon mot utanlandsk konkurranse gjennom ulike former for importregulering, som toll og kvotar. Det bidrar til at norske produsentar kan halde ein høgare pris enn dei kunne om det var fri import. Produksjonsavhengige tilskot er støtte gardbrukaren mottar for å bruke innsatsfaktorar, som areal og fôr, eller for å selje produkt. Mange av desse tilskota avtar med kvantum, som gjer at små bruk mottar høgare støtte per eining enn større bruk (NOU, 2004:2). For å kunne søkje om produksjonstilskot må ein drive eit føretak med landbruksproduksjon som disponerer dyr og/eller areal. Ein må og vere registrert i Enhetsregisteret og som meirverdiavgiftspliktig, og kunne levere årsoppgåve som landbruksføretak (Fylkesmannen i Hordaland, 2009b). Produksjonsuavhengige tilskot er støtte bonden mottok uavhengig av produsert kvantum. I seinare tid har andelen av desse tilskota auka, på bekostning av dei produksjonsavhengige (NOU, 2004:2). Lovar og reglar i landbruk regulerer til dømes arealbruk, miljø, kvalitetssikring, og odel. Reglane påverkar produksjon og sysselsetting, og dermed prisar, samtidig som dei påverkar verdien av landbrukseigedommar gjennom restriksjonar på bruk, avhending og overdraging (NOU, 2004:2). Følgjande tre lover er med å regulere landbruket i Noreg: odelslova, jordlova og konsesjonslova (jf. skildring i vedlegg A). Buplikt på landbrukseigedomar i Noreg vart innført med ny odels- og konsesjonslov i 1974 (Storstad et al, 2009).

Hegrenes et al (2002) peikar på at det no pågår eit arbeid med å forenkle og målrette verkemiddelstrukturen. Det inneberer blant anna å gå frå ei gruppering av verkemiddel etter

type (direkte tilskot, pristilskot, fondsavsetningar, velferdsordningar, marknadsregulering, og utviklingstiltak) til ei gruppering etter verkeområde (miljø, busetting og distrikt, utviklingstiltak, velferdsordningar og marknad). Avløyingsordninga kom i 1976 og var ei landbrukspolitisk reform, fullfinansiert av staten. Slike velferdsordningar var ein sosial revolusjon for gardbrukarane (Almås, 2002). Dersom jordbruksføretaket ynskjer eller treng avløyning frå produksjonen, til dømes ved sjukdom, ferie og fritid, kan dette gjerast ved å engasjere ein avløyingsar direkte, eller ved å betale for avløyingsartenester frå eit avløyingslag (Statens landbruksforvaltning (heretter SLF), 2009). Det finst og avløyingsarringar, der fleire gardbrukarar går saman om å hyre ein person som jobbar på dei ulike gardane etter ein turnus (Almås, 2002).

1.3 Geografisk studieområde


Det geografiske nedslagsfeltet i denne studia er Hordaland fylke som eit overordna studieområde, med feltarbeid gjennomført i kystkommunen Radøy og fjordkommunen Ulvik. Dei representerer to ulike regionar i fylket, med kontrast i geografisk beliggenhet og naturgitte kjenneteikn. Ein del av analysen i denne studia vil difor vere komparativ, sidan eg samanliknar nokre av funna frå Radøy og Ulvik (jf. kapittel 5.3).

1.3.1 Hordaland fylke



Figur 1.1 Kart over kommunane i Hordaland fylke. Ulvik og Radøy vist i lilla (farge lagt til) (Fylkesmannen i Hordaland, 2009c).

Hordaland har omlag 470 000 innbyggjarar, som gir det tredje største fylket i landet. Fylket er delt inn i 33 kommunar av ulik storleik, frå Modalen, den minste, med 351 innbyggjarar til Bergen, den største, med over 252 000 (Hordaland fylkeskommune, 2010a). Hordaland opplevde ei auke i folketalet i 2008 på 1,5 prosent. Dette var ei rekordstor auke, og ei høgare vekst enn landsgjennomsnittet. Statistisk Sentralbyrå hevdar at Bergen og dei bynære kommunane, samt Sunnhordland, framleis vil ha ein solid folkevekst i dei komande åra, medan deler av indre Hordaland og den nordlegaste delen av Nordhordland må rekne med nedgang i folketalet. Flytting styrer mykje av folketalsutviklinga, men for dei delane av fylket som får nedgang spelar òg ein skeiv befolkningsstruktur og låge fødselstal ei stor rolle (Hordaland fylkeskommune, 2010b).



Figur 1.2 Fordeling av arbeidsplassar etter næringsgrupper i Hordaland, 2008

(tal frå Hordaland fylkeskommune, 2010c).

Noreg har generelt ein nærings- og sysselsettingsstruktur med eit sterkt innslag av naturressursbaserte næringar, og ein stor offentleg sektor (Arbo, 2005). Når det gjeld næring i Hordaland er anlegga Mongstad og Kollsnes sentrale i norsk olje- og gassverksemd, og fylket står sterkt innan bygging av skip og oljeplattformer. Primærnæringane (jordbruk, jakt og

viltstell, skogbruk, og fiske og fangst) sysselsettar litt over 5000 personar i fylket (jf. figur 1.2), og av desse var 3487 sysselsett i jordbruket i 2008 (for meir detaljar, sjå vedlegg B og C) (Hordaland fylkeskommune, 2010c). Av tabellen i vedlegg C kan ein sjå at Ulvik herad ikkje har nokon sysselsett innan bygging av fartøy og oljeplattformer, og fiskerinæringa, medan Radøy totalt har over 100 sysselsette innan desse næringane. Målt i del av verdiskapinga er ikkje Hordaland noko viktig jordbruksfylke totalt sett i Noreg, og fylket er prega av mykje små gardsbruk. Likevel er Hordaland det leiande fylket på fruktproduksjon, mykje grunna Ullensvang kommune, som åleine har meir enn halvparten av landet sitt areal til produksjon av plommer og morellar (Hordaland fylkeskommune, 2010b) (meir om landbruk i Hordaland i kapittel 2.6).

1.3.2 Radøy kommune

Radøy er ein øykommune i Nordhordland, og ligg omlag ein times køyring med bil frå Bergen sentrum. Kommunen har ca 4825 innbyggjarar (SSB, 2010a). Samla areal er 111 kvadratkilometer, og meir enn 80 prosent av landarealet ligg lågare enn 60 meter over havet. Det er eit fjordklima i nokre delar av regionen, men eit utprega kystklima dominerer (Spissøy og Hjørnevik, 2009). Om næring i Radøy står det på kommunenettsidene (2010) at dei ynskjer å ”stimulera og leggja tilhøva til rette for ei positiv og allsidig næringsutvikling basert på lokale ressursar og naturgjevne tilhøve” (Radøy kommune, 2010). Det er kort veg frå Radøy til delar av oljeindustrien i Hordaland. Mongstad produksjonsanlegg ligg i to av nabokommunane til Radøy; Lindås og Austrheim. Det består i dag av Noregs største oljeraffineri, et prosessanlegg, og ein råoljeterminal, og sysselsetjar mange i Nordhordland (Statoil, 2010). Dei viktigaste formene for landbruksproduksjon på Radøy er mjølk og husdyrhald (Knutsen et al, 2009). Villsau har i dei seinare åra blitt populært, og saman med dei to kystkommunane Lindås og Austevoll står Radøy for over halvparten av utegangarsauene i Hordaland fylke, noko som utgjer ca 5 000 dyr (Knutsen et al, 2009).

1.3.3 Ulvik herad

Ulvik herad ligg heilt inst i Hardangerfjorden og har omlag 1095 innbyggjarar (SSB, 2010b). Kommunen strekk seg frå fjordnivå til 1800 meter over havet (Ulvik herad, 2009). Dei fleste innbyggjarane er sysselsette i offentleg og privat tenesteyting (36 prosent), med Ulvik herad (200 tilsette) og Hjeltnes gartnarskule som dei største verksemdene. Landbruk er den nest største næringa, med 20 prosent av sysselsetjinga. Varehandel, hotell, og restaurantar

har 18 prosent av sysselsetjinga, som illustrerer at Ulvik er ei turistbygd. Brakanes kurs- og konferansesenter er ein del av kommunen si satsing på reiseliv, og kommunen proklamerer på heimesidene sine at dei har fleire planar innan utbygging og utvikling; både til private og offentlege formål (Ulvik herad, 2009). Produksjonen av frukt og husdyrhald er omlag like store innan landbruket. I tillegg har Ulvik viktige veksthusbedrifter og ein del skogdrift (Ulvik herad, 2009). I Fjordstrøka i Hardangerregionen er det ofte berre ei smal stripe mellom fjorden og utmarka som er dyrka, og bratt lende kan skape vanskar for moderne landbruksmaskinar. Samtidig gjev dei naturgitte tilhøva vilkår for satsing på reiseliv og fritidsaktivitetar, og Ulvik har lenge vore ein ynda stad for turisme (Knutsen et al, 2009).

2. TEORETISKE PERSPEKTIV PÅ LANDBRUK - BAKGRUNN, UTVIKLING OG DAGENS SITUASJON

2.1 Innleiing

Dette kapittelet tek for seg teoretiske perspektiv som er relevant i forhold til oppgåvetema og problemstilling. Eg startar med å presentere og drøfte regionteori, og vil knytte dette opp mot studieområda og landbrukssektoren. Deretter vil eg med eit historisk tilbakeblikk presentere viktige reformar i norsk landbrukshistorie i seinare tid, før eg tek for meg dagens situasjon, med spesiell vekt på forholdet mellom bygd og landbruk. Eg vil vidare drøfte multifunksjonelt landbruk, før eg ser på landbruk i Hordaland fylke. Deretter vil eg sjå på kva påverknad og impulsar norsk landbruk får frå utlandet. Avslutningsvis ser eg på gardbrukaren som individ, drøfta i forhold til identitet, kompetanse, og rekruttering.

2.2 Regionalt perspektiv

Tema i denne oppgåva vert sett i ein geografisk kontekst gjennom studie av to utvalde kommunar i eit fylke. Det regionale perspektivet i oppgåva omhandlar både interne fellestrekk og skilnader, men og dei gitte regionane relatert til andre stadar. Når ein snakkar om regionalgeografi, snakkar ein om behovet for å studere sosiale prosessar sitt kontekstuelle aspekt, og geografisk ulikskap i tid og rom. Geografisk og tidsmessig perspektiv er den romlige dimensjonen. Den geografiske dimensjonen er ein del av vårt samfunnssystem, økonomisk, kulturelt og politisk, og inngår difor som eit viktig perspektiv i vår forståing av samfunn (Selstad, 2005).

Veggeland (2000) argumenterer for at ein region er eit avgrensa geografisk område, men at det kan ha mange tydingar. Det kan vere snakk om eit territorielt område som vert integrert av eit politisk institusjonelt regime, sosiokulturell samhandling, økonomisk samarbeid, infrastrukturell integrasjon, eller av opplevd felles identitet. Ein region er såleis ein geografisk møtestad for ulike typar interaksjon, og sidan regionomgrepet han ha ulike referansepunkt, er det kontekstuel. Omgrep om region er ikkje statiske, men heller sosiale prosessar som er i endring heile tida (Veggeland, 2000). Onsager og Selstad (2004) omtalar regionar som storleikar som kan definerast fritt. Regionen er i seg sjølv et tomt skall. Sagt med bruk av ein metafor: den er ein *container*, og med denne teorien er regionen i utgangspunktet ikkje noko anna enn det ein fyller i den. Difor kan ein på fritt grunnlag lage dei regionane ein måtte

ynskje til ulike føremål, til dømes til for å ivareta ein offentleg funksjon. Mot dette synspunktet står ein teori som ser på regionane som meir enn tomme behaldarar; dei er eigne samfunn – *regionsamfunn* (Selstad, 2005). I eit slikt regionsamfunn er til dømes ikkje næringslivet ei tilfeldig gruppe verksemdar eller sektorar som fell innanfor regionen sine grenser, men eit historisk og geografisk produkt av til dømes regionen sine naturressursar. Regionen sin kompetanse er knytt til dei menneska som har valt å bu i regionen, som igjen vert prega av ein viss identitet knytt til regionen (Selstad, 2005).

Tabell 2.1 Klassifisering av regionar etter ulike inndelingsprinsipp (etter Jönsson et al, 2000: 139)

Utgangspunkt for inndeling	Inndelingsprinsipp	Geografiske eksempel
<i>natur</i>	Transport	øyar, dalføre, o.l.
<i>kultur</i>	språk, etnisitet, religion	Wales, Skottland
<i>Funksjon</i>	varestraumar, personar, idear	Byregionar, dagpendlingsomland
<i>Administrasjon</i>	administrative inndelingar og regionar	provinsar, fylke, kommunar

I den regionalpolitiske diskusjonen vrimlar det av ulike regionomgrep, og nokre døme er: distrikt, byregion, administrativ region, prognoseregion, identitetsregion og funksjonell region (Selstad, 2004). Ifølgje klassifiseringa til Jönsson et al (2000) kan både Hordaland fylke, Radøy kommune og Ulvik herad reknast som administrative regionar. Ulvik ligg i Hardanger, som har ein ein-sided næringsstruktur (jf. vedlegg B), og forholdsvis langt til eit større sentrum. Radøy ligg i Nordhordland, ikkje langt frå Bergen. Å ha ein by i nærleiken gir ofte ei vekselvirkning mellom bu- og arbeidsstad. Ein kan seie at ein del funksjonar og aktivitetar i Nordhordland er funksjonelt integrert med Bergen, og at regionen vert ein del av storbyen sitt omland (Rusten og Eldegard, 2008). Fleire pendlar gjerne inn til arbeid i byen, men bur eit stykke utanfor.

Identitet er, som region, ein sosial prosess. Regional identitet har blitt anerkjend som eit hovudelement i danninga av regionar som sosiale/politiske stadar, men det har vore problematisk å seie kva denne identiteten består av, og korleis den påverkar kollektiv handling og politikk (Paasi, 2001). Regional identitet er ein tolking av prosessen der ein region blir institusjonalisert som romlig eining, og som består av produksjonen av territorielle grenser, symbolikk og institusjonar. Slik er regional identitet og ein del av konstruksjonen av

regionar, sidan denne prosessen fører til, og er avhengig av, diskursar om regional identitet. Paasi (2001) skil analytisk mellom identiteten til ein region, og den regionale identiteten til folk som bur i, eller utanfor, den. Problemet med regionsidentiteten er homogenisering av ei avgrensa område, folk og kultur, i staden for å sjå det som eit heterogent samfunn. Regionar er historisk betinga prosessar, relatert på ulike måtar til politiske, myndigheitsmessige, økonomiske og kulturelle praksisar og diskursar (Paasi, 2001).

Meistad et al (2009) ser regional identitet som ein form for sosial kapital i rural utvikling. Sosial kapital er "limet" som bind folk saman, og eit kjenneteikn ved sosial prosess, inkludert danninga og opprettholdinga av nettverk, normer, og tillit. Dette fremmar samordning og samarbeid mellom grupper for gjensidige fordelar (Meistad et al, 2009). Kontinuerlige samfunnsprossar vil alltid vere med på å reise tvil om, og endre, regionale einingar og identitetar. Sosiale endringar påverkar regional identitet, til dømes arbeid og tenester. Auka spesialisering og auka konsumpsjon mellom innbyggjarar har styrka rolla til regionale sentrum, og regionalisering i rurale områder kan føre til pendling, samanslåing av skular, og tap av lokale butikkar (Meistad et al, 2009).

Eit hovudperspektiv, slik Selstad (2004) ser det, er at regionar vert danna av prosessar i samfunnet, og at desse prosessane er gjenstand for samfunnsendring. Men det finst og andre tilnærmingar til analysar av det geografiske rom. Me kan til dømes nettopp forstå geografien som noko romlig, altså at det som tel er avstand og nærleik, tilstand og bevegelse, uavhengig av grenser. Rommet vert skapt av fenomen som byar og tettstadar, infrastrukturar og transport, straumar av menneske og varer, pengar og informasjon. Denne romlige tilnærminga er altså opptatt av fysiske og materielle strukturar i vid forstand, og samtidig den romlige interaksjonen, eller samhandlinga, som finn stad i dette rommet. Dette har ei viss geografisk utbreiing, og eit døme på romlig interaksjon er pendling. Når ein føretek regionaliseringar, ved å definere regionar, visar ein ofte til ei slik romlig samhandling; det er den romlige samhandlinga som konstituerer regionen (Selstad, 2004). Regionalisering kan altså ikkje betraktast som ein økonomisk driven prosess, men er heller ein politisk driven prosess, der ulike motiv og interesser ligg bak. Stadar og regionar konkurrerar om å tiltrekke seg og halde på arbeidsplassar, kompetansepersonell, skatteinntekter og andre ressursar (Arbo, 2005).

Eit land sin produksjon er grunnlaget for velferd. Rolla til politikken er å sjå til at landet får mest mogleg ut av sine samla ressursar (effektivitet) og at verdiane ver fordelt på ein ønska

måte (fordeling). Eit land har ei utstrekking som inneber ein romlig fordeling av produksjonsaktivitet og personar (NOU, 2004:2). Regjeringa har som mål i distrikts- og regionalpolitikken å leggje til rette for likeverdige levekår i heile landet, og oppretthalde hovudtrekka i busetnadmønsteret. Ein ynskjer ei balansert utvikling mellom by og land, og folk skal kunne busetje seg der dei vil (St.mld. nr. 21, (2005-2006) og St.mld. nr. 25, (2008-2009)). (Foss og Selstad (1997) hevdar at all økonomisk verksemd er element i eit produksjonssystem, og at det er ein arbeidsdeling mellom desse elementa i dette systemet som er prega av gjensidig avhengighet. I og med at verksemda er geografisk spreidd, er det og ein romlig dimensjon i denne arbeidsdelinga, og dette inneber at stadar er knytta saman med økonomiske band (NOU, 2004:2).

I denne oppgåva utforskar eg funksjonelle prosessar ut frå eit områdeperspektiv. Eg ser på utviklingsprosessar i eit samfunn. Landbruket har ein sterk regional komponent i forhold til at det er stadbunde, og Selstad (2005) hevdar at det i dei kommande tiåra vil fortsette å bli omdanna frå ein skjerma sektor til ei meir konkurranseutsett næring. Han meiner at ein må sikre at noko av dagens subsidiar vert omdanna til utviklingsmidlar for landbruksnæringane, eller næringar som kan erstatte desse (Selstad, 2005). Samanlikna med andre delar av arbeidsmarknaden spelar ulike forhold spelar inn når det gjeld vilkåra for landbruket som arbeidsstad:

- 1) Den lokale ledighetsnivået
- 2) Lønnsnivået
- 3) Spekteret av jobbtilbod

I 2008 gjennomførte Dagens Næringsliv (heretter DN) ei norsk kommunekåring i samarbeid med SSB (Riise og Bøhren, 2008). Dei 431 kommunane vart rangert etter 29 indikatorar, fordelt på tre hovudkategoriar: levestandard (forhold knytta til helse, materielle godar, og familiesituasjon), sosiale forhold (til dømes arbeidsmarknad, bustad, tryggleik, natur, og sosialt miljø) og tenestetilbod (til dømes tilbod knytta til barnehage, skule, og pleie- og omsorg). Luster kommune toppar kåringa, og Vågan endar heilt sist (jf. tabell 2.2, neste side). Hordaland har med Masfjorden ein kommune inne blant topp ti, medan Bergen kjem dårligast ut.

Tabell 2.2 Utvalde kommunar frå kommunekåringa til DN og SSB i 2008.

Kommune	Fylke	Levestandard	Sosiale forhold	Tenestetilbod	Samla Rangering
Luster	Sogn og Fjordane	40	2	4	1
Masfjorden	Hordaland	11	49	49	5
Ulvik	Hordaland	199	253	179	193
Radøy	Hordaland	185	68	414	218
Bergen	Hordaland	216	408	399	401
Vågan	Nordland	412	412	410	431

Dei to studiekommunane endar forholdsvis nært kvarandre i kåringa, og får ei plassering midt på treet, både generelt i heile kåringa, men og innad i Hordaland fylke (jf. tabell 2.2). Radøy scorar veldig høgt på sosiale forhold i forhold til Ulvik (og i undersøkinga generelt), men til gjengjeld veldig lågt på tenestetilbod. Generelt i undersøkinga scorar ei rekkje distriktskommunar høgt på sosiale forhold, levestandard og tenester, men dei slit med å få tilstrauming av folk (Riise og Bøhren, 2008). Det kan diskuteras kor god ei slik undersøking er, men ho kan likevel gi ein peikepinn på korleis samfunnstilhøva er i dei ulike kommunane..

2.3 Eit historisk tilbakeblikk på norsk landbruk



Figur 2.1 Eit sjeldan syn på bygda i dag; hesjing på Radøy hausten 2009.

For å drøfte landbruket i dag, bør ein starte med å sjå på korleis utviklinga har vore, sidan ulike historiske fasar ikkje forsvinn, men festar seg i geografien (Hansen og Selstad, 1998). For 5000 år sidan byrja den spede starten på landbruk i Noreg. Folk flytta lenger inn i landet

og byrja å endre naturen, ved å ta den i bruk på nye måtar for å gi dyr mat, og plantar åkrar å vekse i (Fægri, 2005). Historia vidare fram til i dag er lang, og ville ta alt for stor plass i ei slik studie. Det er likevel viktig å sjå litt nærare på norsk landbruk i dei siste 100 åra, sidan ny kunnskap og teknologi, saman med den generelle samfunnsutviklinga, har satt sitt preg på næringa (Knutsen, 2009). Almås (2002) omtalar fleire aktuelle perspektiv som ein inngang til å sjå på historia til landbruket i Noreg, blant anna eit ”push-pull”-perspektiv:


”Kva var det som dreiv eller lokka landsens folk ut av landbruket og bygda? Var det den indre utviklinga i landbruket, med vekst i folketal, betre dyrkingsmetodar og utvikling av nye hjelperåder som skuva folk og arbeidskraft ut av næringa? Eller var det samfunnet omkring, med tilførsel av teknologi og billeg energi, by- og industrivekst og nye livsformer som trekte folk i landbruket til nye næringar og bygdefolket til byane?” Oppgang og vekst, krisar og depresjonar bestemte styrken og retninga på desse kreftene i skiftande konjunkturar. I to periodar på 1900-talet har desse indre og ytre kreftene for endring vore så sterke at ein kan snakka om eit hamskifte.” (Almås, 2002: 15).

Almås (2002) ser på ”det norske landbrukskompromisset” som kontrakten mellom stat, sivilsamfunn og landbruksbefolkning om å produsere mat, fiber, og kulturlandskap, og han hevdar det vart til under fire store reformperiodar i seinare tid:

- *Organiseringsperioden*. Frå kornmonopol i 1928 til eit kriseforlik i 1935.
- *Rasjonaliseringsperioden* var åra etter andre verdskrig. Krigen hadde satt norsk landbruksutviklinga i revers (Øye, 2006). I den tidlige etterkrigstida fokuserte den økonomiske politikken på vekst, og Noreg var på veg til å industrialiserast. Sjølvbergning, produksjonsmål og effektivitetsmål dominerte. Produktiviteten auka, sysselsettinga og antal bruk vart redusert, ressursar vart frigjort og veksten heldt fram i andre næringar. Til tross for denne *kanaliseringspolitikken* vart antal bruk og sysselsettinga i jordbruket spesielt kraftig redusert i distrikta i denne perioden (NOU, 2004:2).
- *Jamstillingsperioden* var ei opptrapping frå 1975 til 1982. Stortinget sitt jamstillingsvedtak i 1975 sa at bøndene skulle nå same inntekt som industriarbeidarar, og utløyste optimisme og framtidstru (Bukve et al, 2006). Den kraftige reduksjonen i aktiviteten i landbruket i mange utkantområde etter krigen medførte at sentrale myndigheiter no ynskja ei stabilisering av landbruksaktiviteten her, og ein innsåg at dette ville medføre auka kostnadar i produksjonen.

Ein ynskja å auka samla landbruksareal med 1 million dekar, hovudsaklig i distrikta, og inntekts- og sysselsettingseffekta av jordbruksaktiviteten vart vektlagt (NOU, 2004:2). Det vart investert i maskinar og nye driftsbygningar, og store areal vart dyrka. Konsekvensen var overproduksjon, og då særleg innanfor mjølkeproduksjon. Kostnadane fall på både gardbrukarar og stat, men det var eit skifte i dei økonomiske konjunkturane som utløyste dei største endringane i landbruket (Bukve et al, 2006).

- *Omstillingsperioden* byrja med regjeringsskiftet i 1986, der eit omfattande fall i oljeprisane førte til omlegging av den økonomiske politikken. For norsk landbruk vart endringane endeleg stadfesta gjennom Stortingsproposisjon nr 8 (1992-93) og medlemskap i Verdas Handelsorganisasjon (heretter WTO) frå 1994. Stortingsvedtaka la grunnlag for dramatiske endringar i norsk landbruk, og effektivisering, meir marknadsstyring av produksjonen og internasjonalisering var sentrale stikkord (Bukve et al, 2006). Ein ynskja eit meir robust jordbruk, med stor konkurransekraft og redusert kostnadsnivå, og landbrukspolitikken skulle vere næringsretta, og verkemiddelbruken meir målretta (NOU, 2004:2). Konsekvensen av dette var at talet på bruk heldt fram med å gå ned. Det har likevel ikkje vore tilsvarende tilbakegang av dei dyrka areala, sidan det meste av jorda vert drive vidare av dei som held fram i næringa (Bukve et al, 2006).



Figur 2.2 Framstilling av tre viktige periodar i norsk landbrukshistorie

Av figur 2.2 kan ein sjå korleis det å drive som gardbrukar og samfunnssynet på landbruk har endra seg i løpet av dei tre periodane. Ein kan argumentere for at utviklinga har gått ein veg

frå nødvendighet, til mulighet, og tilbake att til nødvendighet. Under rasjonaliseringsperioden etter krigen vart ein gjerne bonde fordi ein ikkje hadde noko val, og ein kan då snakka om nødvendighet på eit individnivå. Den første tida i Jamstillingsperioden var prega av moglegheiter, både på individ- og samfunnsnivå. Omstillingsperioden i 1990-åra kan sjåast på som samfunnsnødvendig, sidan ein såg nødvendigheita av å oppretthalde eit landbruk.

2.4 Tilhøva i dagens landbruk

På SSB (2009a) sine nettsider om landbruk finn ein at landbruket dei siste tjuefem åra har gjennomgått ei rask utvikling mot færre og meir effektive gardsbruk, men at denne utviklinga har skjedd utan at sjølve landbruksarealet i drift har blitt mindre. SSB melder at antal gardsbruk har blitt redusert med 56 prosent, og at gjennomsnittsarealet på bruka har auka med 140 dekar. Årsverk utført i jordbruket har blitt halvert, og talet på gardsbruk med mjølkekyr er redusert med 60 prosent. I løpet av den same perioden har produksjonen av kjøt auka med 55 prosent, og mjølkeproduksjonen har gått ned med ca 19 prosent (SSB, 2009a). Parallelt med denne strukturrasjonaliseringa har det skjedd ei aukande spesialisering i næringa, der auka krav til stordrift og kompetanse har vore blant dei viktigaste årsakene. I 1999 dreiv rundt 75 prosent av norske bruk med berre ein form for produksjon (Bye et al, 2003). Utviklinga i landbruket visar no to hovudretningar; auka volumproduksjon og sterkare satsing på landbrukstilnytta tilleggsnæringar (Rønningen et al, 2005). Det vert satsa på nisjeprodukt, spesielle kvalitetsprodukt, og økologisk produksjon (Knutsen, 2009). Landbruket er i stor grad med å bestemme korleis landet vårt skal sjå ut, til dømes gjennom skjøtsel av kulturlandskapet, som vert rekna som eit viktig fellesgode (Rønningen et al, 2005) (jf. kapittel 2.5).

I landbruket går utviklinga vidare, rammevilkåra vert endra, landbruket tilpassar seg, og rammevilkåra vert endra igjen (Knutsen, 2009). Rammevilkåra for landbruket i Noreg vert i stor grad påverka av naturgitte forhold. I tillegg har teknologi, økonomiske forhold og generell samfunnsutvikling gjennom forbrukarkrav og -trendar stor innverknad. Dessutan set landbrukspolitikken viktige rammer for landbruket (Knutsen, 2009). Både det eksisterande regimet og eventuelle politikkendringar har vesentlig tyding for utviklinga i jordbruket, gjennom påverknad på sektorens produksjon og sysselsetting (NOU, 2004:2). Norsk landbruk er, som alle næringar, påverka av samfunnsutviklinga. Forbrukarane er gjennom sin

etterspurnad med på å sette rammer for inntektene i landbruket. På kostnadssida har blant anna rentenivået, arbeidsmarknaden, og teknologisk utvikling innverknad (Knutson, 2009).

Det finst fleire samfunnsmessige argument for å støtte jordbruket. Slike offentlege inngrep i økonomien kan forsvarast dersom ein er ute etter å forandre inntektsfordelinga (eit fordelingsargument) eller dersom det eksisterer marknadssvikt (eit effektivitetsargument). Marknadssvikt vil seie situasjonar der klarering gjennom marknaden ikkje gir ein samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, og døme er eksterne påverknader og fellesgode (NOU, 2004:2). Parallellen til marknadssvikt i landbruket er den multifunksjonelle rolla det har, og her trekk Vårdal (2003) særleg fram matvaresikkerheit, kulturlandskap og distriktpolitikken (jf. kapittel 2.6). Andre mål for landbrukspolitikken dreiar seg eksplisitt om fordelingspolitiske spørsmål, medan andre målsettingar kan hevdast å vere av næringsmessig, og dermed nødvendigvis ikkje økonomisk effektiv, karakter. Døme her er viktigheita av at det eksisterer eit jordbruk i Noreg, og at det er eit visst antal gardbrukarar (NOU, 2004:2).



Figur 2.3 Fare på ferde for gardsbruka i Hordaland?

2.4.1 Bygda og landbruket

”Det står strid om den norske bygda, korleis den skal bli oppfatta og korleis den skal utvikle seg”. Slik startar boka ”*Den nye bygda*” av Almås et al (2008: 11), og slik er vel gjerne ståa når det gjeld bygdene i dag. Landbruk kan reknast som ei typisk bygdenæring (Hegrenes et al, 2002). Ein kan sjå på forholdet mellom bygda og landbruket som eit symbioseforhold, der dei

opp gjennom tidene har vore avhengig av kvarandre for å kunne fungere. Sentralt i den pågåande debatten om bygdeutviklinga står bøndene og landbruket. Det er ikkje lenger ein økonomi (primærnæringane), nokre få sosialgrupper (bønder eller fiskarar) eller ein politikk (staten sin) som dominerer på bygda. Endring i rammevilkåra gjer at fleire må søke ulike former for tilleggsinntekter (Almås et al, 2008).

På landsbasis representerer landbruket omtrent 1,5 prosent av total sysselsetting. Sjølv om landbruket si betydning i økonomien generelt, og for busetting og sysselsetting i distrikta spesielt, har avtatt, betyr sektoren likevel relativt mykje for sysselsettinga i distrikta (NOU, 2004:2). Hegrenes et al (2002) viser til at sysselsettinga i jordbruket i deira undersøkingar overstig 30 prosent i 8 kommunar, og at andelen er høgare enn 10 prosent i omtrent 150 kommunar. Om ein ser på Radøy var 8,5 prosent sysselsette i primærnæring i 2008, mot 15,8 prosent i Ulvik (Knutsen et al, 2009). Utviklinga i landbruket vil difor ha vesentlig betydning for utviklinga i mange norske bygder (NOU, 2004:2). Spesielt ein grunnleggjande endring i bygdene sin økonomiske struktur blir framheva i bygdestudier: det vert argumentert for ein overgang frå den produktivistiske til den post-produktivistiske bygda, der bygda har gått frå ein arena for arbeid og produksjon til ein arena for konsum og rekreasjon (Almås et al, 2008) (jf. kapittel 2.4.2). I dei siste tiåra har det rurale næringslivet fått vesentlege innslag av ulike former for tenesteyting. Idealbiletet i dag er at den ”typiske” bygdebuaren like gjerne produserer omsorgstenester som matvarer (Almås et al, 2008).

2.4.2 Frå produktivisme til post-produktivisme?

Då gardbrukarar vart oppmuntra til å utvide matproduksjonen i etterkrigstida var proteksjonisme og prisgarantiar basisen i eit produktivistisk retta landbruk (Heggem, 2008). Lowe et al (1993: 221) definerte produktivisme som: ”a commitment to intensive, industrially driven and expansionist agriculture with state support based primarily on output and increased productivity”. Produktivisme kan vidare sjåast på som ein form for Fordisme i landbruket, sidan det er ei høg grad av spesialisering og masseproduksjon (Dicken, 2007). Andre kjenneteikn ved det produktivistiske landbruket er industrialisering, kommersialisering, og auka mekanisering, som medfører ein nedgang i behovet for arbeidsinnsats (Heggem, 2008).

Då utviklinga på slutten av 1970-talet byrja å gå i motsett retning, oppstod det problem i forhold til den forma for politikk ein hadde ført etter krigen. Desse problema oppstod dels fordi tilbodet av mat var blitt større enn etterspørselen. I tillegg auka bekymringa for helsa til

landbrukarane, på grunn av dei veldig intensive landbruksmetodane. Ilbery (1998) hevdar endringane i det rurale Europa i eit tid no har blitt kalla den ”post-produktivistiske overgangen”, ved at landbruket har fått breiare sosial og økonomisk basis. Ein har fått eit skifte i fokus frå å maksimere produksjonen til å ta meir omsyn til kvalitet i landbruket, og bøndene har blitt oppfordra til å ta på seg ei meir tradisjonell rolle som beskyttarar av dei rurale områda. Ei slik rolle skal og oppmuntre bøndene til diversifisering, slik at dei vert mindre avhengige av produksjonseffektivitet og det tradisjonelle landbruket (Heggem, 2008). I forbindelse med dette har konsumpsjon blitt viktigare i rurale område. Auka turisme, ulike former for konkurrerande bruk av land, og miljøomsyn er knytta saman som ei del av ein ny type post-produktivistisk ruralitet (Árnason et al, 2009). Målet er å utnytte ressursar slik at det gagnar både gardbrukaren sjølv, lokalsamfunnet og miljøet.

Post-produktivisme er eit omstridt omgrep sidan det ikkje er einseitig definert. Det er prega av ulike oppfatningar på bakgrunn av usemje om kor vidt eit post-produktivistisk regime verkeleg har teke over for eit produktivistisk. Spesielt har det blitt sådd tvil om denne oppfatninga kan brukast for utvikling i ulike delar av Europa (til dømes av Hoggart og Paniagua, 2001). Når ein skildrar at eit post-produktivistisk regime legg redusert vekt på produksjon av mat, ser ein ei auka interesse for bygda som ein stad ein kan bruke, med eit høgare fokus på berekraftig miljø. Dei fleste konsumerte varene våre kan i dag framleis seiast å vere masseprodusert innanfor eit produktivistisk regime (Heggem, 2008). Difor kan ein argumentere for at ein ikkje må sjå produktivisme og post-produktivisme som to separate periodar, men heller ei utvikling der det eine er ei vidareføring av det andre. For å forklare at det produktivistiske og post-produktivistiske landbruket kan opptre samstundes kan ein nytte seg av omgrepet ”multifunksjonelt landbruk” (Heggem, 2008).

2.5 Multifunksjonelt landbruk

Forskarane Potter og Tilzey (2005, Tilzey og Potter, 2008) argumenterer for at landbruket no står på terskelen til inngåande endringar og omstillingar, og at dette har ført til ei fornya interesse for restrukturingsprosessar i sektoren. Dei går inn for at internasjonal landbruksrestrukturering må bli gjenoppdaga som eit viktig sosiopolitisk prosjekt, der teoriar om ein fri marknad og multifunksjonalitet er to av dei viktigaste poenga. I den nasjonale landbruksdebatten vert det understreka at Noreg ikkje kan tevla internasjonalt på kvantitet, men at ein i staden må legge vekt på andre sider, både ved landbruksproduksjon og produkt i

form av kvalitative fortrinn. Ein må vektlegge særpreg. Dette synet har gjeve seg utslag i at Noreg internasjonalt har vore ein av pådrivarane for det multifunksjonelle landbruket (NOU, 2004:2). Her ligg fokuset på dei sidene ved landbruket som ikkje høyrer inn under den tradisjonelle modellen færre, større, og billigare (Lønning, 2003). Ein går inn for at landbruket har fleire funksjonar enn produksjonen av mat og fiber (NOU, 2004:2). Historia til bruken av omgrepet er forholdsvis kort, og opphavet er noko uklart. Den første gongen det vart brukt i ein diskusjon om EU si landbruksreform meiner Almås (2005) kan ha vore før ei folkeavstemming i Sveits om framtida til landbruket i landet.

Blekesaune (1999) argumenterer for at den norske landbrukspolitikken med sin sterke distriktsprofil har vor klart multifunksjonelt retta i etterkrigstida. Politikken har i stor grad skapt behov for eit omgrep som kan fylle dei mange interessene og behova som vert kanalisert gjennom landbruket. Det er og grunn til å tru at omgrepet multifunksjonelt landbruk har vore brukt meir eller mindre bevisst som strategi for å bane veg for eit meir post-produktivistisk orientert landbruk, sidan det tek inn over seg heterogeniteten som kan finnast i det moderne landbruket, og det rurale samfunnet. Omgrepet har hovudsakleg blitt nytta i landbrukspolitisk samanheng, spesielt i tilknytning til WTO-forhandlingane om liberalisering av verdshandelen med matvarer, og endrar rolla som landbruket har fått som følgje av moderniseringsprosessar i industrialiserte land (Rønningen et al, 2005).

Sjølv om det eksisterer ulike oppfatningar av innhaldet i omgrepet er grunnpilaren at det skal vere berekraftig. Buttell (2006) hevdar at multifunksjonalitet representerer ein måte å kunne "sustain the unsustainable" innan landbrukssystem og miljø i den moderne verda. I dette legg han at mykje av det tidlegare landbruket har vist seg å ikkje vere stabilt over lang tid, men at det med nye strategiar, som multifunksjonalitet, kan vere mogleg å oppnå. Målsettinga med den nye landbrukspolitikken fokuserer i større grad på konsumentleddet enn tidlegare, og det er knytt ei rekke målsettingar til politikken som ikkje kan reknast å vere direkte jordbruksrelevante (NOU, 2004:2). Ser ein til dømes på det i eit forbrukarperspektiv kan det dreie seg om at ein produserer den maten folk vil ha, til den prisen dei vil betale. Dersom pris er i fokus i dette perspektivet, kan importert mat strengt tatt dekke forbrukarane sitt behov til ein lågare pris enn kva ein må betale for norsk mat (NOU, 2004:2).

Med multifunksjonelt landbruk prøver ein å omdefinere meningsinnhaldet i landbruket til å bli ei næring som òg forvaltar og produserer fellesgode (Rønningen et al, 2005). Ideelt sett

skal eit multifunksjonelt landbruk produsere både fellesgodar og private godar, der private godar tyder inntekter eller anna verdiskaping som tilfallar grunneigar eller den som sit med rettighetane til ein landbruksressurs (Rønningen et al, 2005). Fellesgodar, eller samfunnsgodar, inneber at dei kan bli nytta av mange personar samtidig utan å redusere tilgangen på godet for andre personar. Eit viktig utgangspunkt er at fellesgodar ikkje kan bruke marknaden for å sikre nok produksjon av desse goda. Ifølgje Etzioni (1980) er typiske fellesgodar ein nasjons eller eit samfunns kulturarv, forsvar, miljøvern, kunnskap og infrastruktur. Som nemnt tidlegare ser Vårdal (2003) matvaresikkerheit, distriktspolitikk, og kulturlandskap som dei viktigaste fellesgoda frå landbruket. Å verne om kulturlandskapet gjer gardbrukaren til ein kulturforvaltar (Lønning, 2003). Det kan og diskuterast om miljøvern og økologi kan inkluderast blant dei multifunksjonelle eigenskapane til landbruk (Vårdal, 2003).


Rønningen et al (2005) gjennomførte ei undersøking blant aktørar i landbruket, der dei spurde om deira forståing av, reaksjonar, og haldningar til tematikken multifunksjonelt landbruk. Fleire av informantane var gardbrukarar, men dei vart intervjuva i kraft av andre stillingar og verv knytta til landbrukssektoren, som leiarar av bondeorganisasjonane, både lokalt og på fylkesnivå, leiarar og medarbeidarar i offentleg regional og lokal forvaltning, og leiarar og medarbeidarar i landbrukets forsøksringar. Informantane i undersøkinga hadde fleire synspunkt på kva som kunne vere hensiktsmessige strategiar for gardbrukarar for å møte framtidige utfordringar. Dette er moglege tilpassingsstrategiar (ikkje-prioriert rekkjefølgje):

1. Bevisstgjerjing om landbruket si rolle for ei "vakkert landskap" – attraktive og varierte kulturlandskap som noko å leve av for turistnæringa
2. Opplæring og tilrettelegging – bidra til bøndene sine nye tilpassingsstrategiar gjennom hjelp og dialog
3. Nye nisjar og nye kombinasjonar
4. Samarbeid og nye alliansar
5. Oppretthalde familieinntekt – likestilling, ektefelle hentar inntekt utanfrå
6. Matproduksjon som føre-var-næring – sikkerheit og kvalitet
7. Inkludere dei unge i "skjøtselsvern" – rekruttering, auke bevisstheita om fellesgoda (Rønningen et al, 2005)

Multifunksjonalitet kan og settast i samanheng med ein auka polarisering, der presset for effektivitetsauke og rasjonalisering stig, medan nye typar næringsutvikling knytta til

miljøgodene landbruket står ovanfor vert løfta fram som ein mogleik for dei som ikkje kan, eller vil, vere med på ein vidare rasjonalisering i konvensjonell forstand. Det eksisterer og eit auka fokus på entreprenørskap i næringa generelt, men bonden har sjølv ansvar for eigen suksess eller fiasko (Rønningen et al, 2005). Lønning (2003) hevdar at det er gjort høvesvis lite arbeid for å definera og følgja opp kva multifunksjonelt landbruk i praksis vil måtte medføra for landbruket.

2.6 Landbruk i Hordaland



Figur 2.4 Jordbruksareal i drift (vist i prosent) i dei ulike fylka i Noreg, 2007 (frå SSB, 2009a)

I ein rapport frå SSB om det norske landbruket i 2007 finn ein at det er 13 779 landbrukseigedommar i Hordaland, noko som gir ein femteplass på landsoversikta over fylka (Rognstad og Steinset, 2008). Hordaland har eit landareal på 15 460 kvadratkilometer (Hordaland Fylkeskommune, 2010a). 2,8 prosent av dette er jordbruksareal i aktiv drift, som gir ein ellefte plass på landsoversikta (jf. figur 2.4). Det finst likevel store skilnadar blant kommunane i fylket (jf. vedlegg D). Noko av grunnen for dei store skilnadane er variasjon i storleik på dei ulike kommunane, men Radøy har over fire gongar så mykje jordbruksareal i drift enn Ulvik, som er ein mykje større kommune (jf. vedlegg D).

Tabell 2.3 Antal gardsbruk som søker produksjonstilskot, totalt jordbruksareal, og gjennomsnittstorleik per gardsbruk i Hordaland og Noreg (basert på Knutsen et al, 2009: 5)

Stad	År	Antal bruk	Dekar (totalareal)	Gjennomsnitt per bruk
Hordaland	1998	5 361	461 531	86
	2003	3 891	425 027	109
	2005	3 517	422 824	120
	2008	3 283	414 636	126
Noreg	1998	68 230	10 180 466	149
	2003	55 027	10 249 144	186
	2005	50 932	10 254 575	201
	2008	47 289	10 170 635	215

Av tabell 2.3 kan ein sjå at gjennomsnittleg størrelse på eit gardsbruk i Hordaland som søkte produksjonstilskot i 2008 var 126 daa. Dette har auka frå 86 daa i 1998. Samtidig ser ein av tabellen at antal bruk har gått ned frå 5 361 i 1998 til 3 283 i 2008. Dei siste ti åra har det altså vore ein nedgang på over 2000 aktive gardsbruk i Hordaland, og over 20 000 på landsbasis (Knutsen et al, 2009). Sjølv om statistikken her viser ei utvikling i svart/kvitt, er det ikkje slik at alle bruka som ikkje søker om produksjonstilskot ikkje har drift lenger (jf. kapittel 4.4).

Ein kan sjå nokre hovudtrekk i driftsendringar i landbruket på Vestlandet i seinare.

Spesialiseringa har vore størst i husdyrbruk og mjølkeproduksjon. Dyrking av gras med frøblandingar er blitt så godt som einerådande, og kunstgjødsel og kalking har mangedobla avlingane. Det allsidige dyrehaldet er hos mange blitt avløyst av eit einsretta storfe- eller sauehald, der særleg storfehaldet har gjennomgått store endringar i drift og produktivitet. Særleg sauehaldet har auka i landsdelen sett under eitt, og berre i løpet av 20-årsperioden frå 1974 auka det med 50 prosent på landsbasis (Øye, 2006).


Undersøkinga "Driftsgranskingar i jord- og skogbruk" for 2008 (Norsk Instiutt for landbruksøkonomisk forskning (heretter NILF), 2009) omfattar eit tilfeldig, men representativt utval, av 168 bruk frå Vestlandet, med 54 frå Hordaland. Resultata gjev ein peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for landbruket på vestlandet har vore. Hovudtendensar er ei auke i landbruksinntektene for alle dei vanlege driftsformene, med størst framgang for bruk med kombinert mjølkeproduksjon og svinehald, og eit framleis høgt investeringsnivå. Mjølkeproduksjon har gjennom mange år vore sjølve basisen for det vestlandske landbruket, og det finst flest bruk i denne gruppa i Hordaland (NILF, 2009) (jf figur 2.3). Knutsen et al

(2009) omtalar verdiskaping i landbruket som nettoprodukt medrekna tilskot, der nettoproduktet er betaling for arbeidsinnsats og forrenting av investert kapital.

Tabell 2.4 Dei viktigaste driftsformene i kommunar i Hordaland, rangert etter verdiskaping, der 1 er viktigast (basert på tal frå Knutsen et al, 2009).

Viktigaste driftsform	Kommune	Kumjolk	Sauehald	Kjøttproduksjon, ammekyr	Mjolk og gris	Frukt og bær	Veksthus	Egg og Fjorfekjot	Geitemjolk
Kumjolk	Stord	1	2	3	4				
	Radøy	1	2	3	4				
	Lindås	1	2	3	4				
	Tysnes	1	2	3					4
	Samnanger	1	2	3					
	Austrheim	1	2	3					
	Voss	1	2	4	3				
	Fusa	1	2	4	3				
	Jondal	1	2	4		3			
	Kvinnherad	1	2	4			3		
	Granvin	1	2		4	3			
	Vaksdal	1	2		4				3
	Osterøy	1	2		4				3
	Fitjar	1	3	4	2				
	Meland	1	3	4			2		
	Kvam	1	3			4	2		
	Os	1	4	3			2		
Modalen	1	4					2	3	
Sauehald	Fedje		1						
	Sund		1	2				3	
	Sveio	2	1	4	3				
	Austevoll	2	1	4				3	
	Masfjorden	2	1	4				3	
	Bømlo	2	1		3			4	
	Eidfjord	2	1			3			
	Fjell	3	1	2	4				
	Odda	3	1			4			2
Øygarden	4	1		3			2		
Mjolk og gris	Etne	3	2		1				4
Frukt og bær	Ullensvang	4	2			1		3	
	Ulvik	4	3			1	2		
Veksthus	Bergen	2	3		4		1		
	Askøy		2	3		4	1		

Ifølgje tabell 2.4 er det flest kommunar i Hordaland som har kumjolk som viktigaste produksjon, og sauehald kjem som nummer to. Dette gjeld og for Radøy. Ulvik og Ullensvang har frukt som viktigaste produksjon. Verdiskapinga i landbruket blant dei ulike produksjonane totalt i Hordaland er vist i prosent i figur 2.5 (neste side). Driftsformer i Hordaland sett i forhold til andre fylke i Noreg er vist i vedlegg D (Rongstad og Steinset, 2008).



Figur 2.5 Verdiskaping (vist i prosent) fordelt etter driftsform totalt i Hordaland fylke i 2008
(basert på Knutsen et al, 2009)

2.6.1 Tilleggsnæringar

Storstad et al (2009) definerer i ein rapport tilleggsnæringar som å vere i ei gruppe med produksjon og/eller levering av virke frå eigedommen til biobrensel (til dømes ved og flis), næringsverksemd innan brøyting, leigekøyning, gardssag, bygningsarbeid og liknande, næringsverksemd innan reiseliv/turisme/oppleving/omsorg (til dømes overnatting, servering på eller ved garden, og guiding), foredling og/eller sal av gardsmat, utleige av storviltjakt, utleige av løyve til laksefiske/sjørretfiske, og andre typar næringsverksemd som ikkje er knytta til tradisjonelt landbruk. I ei undersøking om tilleggsnæringar blant trønderske bønder, vart tilleggsnæringar delt inn i moderne og tradisjonelle former, der døme på tradisjonelle former var snøbrøyting, leigekøyning og utleige av jakt og fiske, og døme på moderne, eller nyare, former var grøn omsorg, servering og opplevingsprodukt (Storstad, 2007). Storstad (2007) hevdar at det å dele inn i "tradisjonelle og moderne tilleggsnæringar" er langt på veg historisk feil, sidan bearbeiding og sal av gardsmat, servering og overnatting på garden ikkje er moderne i tydinga nye tilleggsnæringar, men heller har lange tradisjonar i landbruket. Det vert likevel gjort denne inndelinga, sidan nemninga "moderne tilleggsnæringar" har fått ny aktualitet og vekst.

NILF sin definisjon på tilleggsnæring er følgjande: "Tilleggsnæring vert definert som næringsverksemd utanom tradisjonell jord- og skogbruk, med basis i ressursane på bruket. Det gjeld innsats av areal, bygningar, maskinar etc., men inkluderer ikkje personressursar eller kompetanse". NILF tek altså ikkje med personressursar eller kompetanse som tilleggsnæring som høyrer til garden, men kallar det "anna næring" (Knutsen et al, 2009).

Tabell 2.5 viser ei oversikt laga av SSB over tilleggsnæringar på gardsbruk i ulike fylker i Noreg i 2007 (Hordaland er utheva av meg). Det var i overkant av 1000 gardsbruk i Hordaland som hadde tilleggsnæringar dette året, og litt over 400 av desse dreiv med leigekøyning (Rongstad og Steinset, 2008).

Tabell 2.5 Oversikt over gardsbruk med tilleggsnæringar i Noreg, fordelt etter fylke

(tal frå Rongstad og Steinset, 2008)

År	Gardsbruk i alt	Gardsbruk med tilleggsnæring	Leigekøyning	Utleige av jakt og fiskerett	Bearbeiding av eige skogvirke	Camping, hytteutleige, gardsturisme	Utleige av driftsbygningar eller våningshus
1999	70 740	29 097	14 076	5 851	3 174	3 106	3 490
2003	58 231	21 260	9 975	4 794	3 915	3 023	4 021
2005	53 003	25 317	10 551	7 580	4 889	2 827	5 241
2007	49 786	20 075	8 108	4 774	3 038	2 353	4 105
2007, etter fylke							
Østfold	2 680	1 095	476	68	216	67	372
Akershus og Oslo	2 563	1 218	556	143	104	63	495
Hedmark	4 022	1 589	626	448	160	143	324
Oppland	5 501	2 262	1 011	713	295	207	498
Buskerud	2 586	1 486	615	546	254	327	337
Vestfold	1 746	955	386	155	123	65	316
Telemark	1 665	780	283	115	154	133	141
Aust-Agder	737	393	206	94	84	29	53
Vest-Agder	1 212	479	221	49	131	75	88
Rogaland	5 037	1 647	506	242	191	171	296
Hordaland	3 454	1 076	426	62	134	153	252
Sogn og Fjordane	3 594	1 278	370	348	228	229	148
Møre og Romsdal	3 350	1 267	617	371	196	180	142
Sør-Trøndelag	3 468	1 561	595	640	217	164	249
Nord-Trøndelag	3 808	1 570	594	586	189	196	185
Nordaland	2 696	843	379	128	209	87	110
Troms	1 276	439	193	67	144	45	83
Finnmark	391	137	49	0	8	18	16

Tilleggsnæring har auka i omfang blant bruka som deltar i driftsgranskingane til NILF. I 2000 hadde omlag 33 prosent av bruka på Vestlandet ei eller anna tilleggsnæring av eit visst omfang. I 2007 hadde 51 prosent av alle bruka på Vestlandet tilleggsnæring (Knutsen et al, 2009). Det vart i alt registrert 84 ulike aktivitetar i undersøkinga til NILF (Knutsen et al, 2009). Leigekøyning er og i NILF sine tal den mest utbreidde tilleggsnæringa i Hordaland, og inkluderer mellom anna rundballepakking og brøyting (Knutsen et al, 2009). Leigekøyning lar seg godt kombinere med gardsdrift, og mange stadar er det etterspørsel etter den type tenester. Deretter følgjer ulike former for landbruksbasert reiseliv og utleige av areal og bygningar. Innan foredling av mat og landbruksbasert reiseliv har det vore ein auke i sysselsetting i

Hordaland. Døme på reiselivstenester er overnatting, servering, guiding med meir. Eit synleg resultat av auka i foredling av mat er den auka aktiviteten blant seljarar under Bergen Matfestival i september og Bondens Marked (Knutsen et al, 2009). På Bondens marked i Bergen er det no 28 seljarar (Bondens Marked, 2010) og på Bergen Matfestival er det over 100 aktørar med, fordelt på ulike kategoriar (Bergen Matfestival, 2010).

Innovasjon Norge har vore sterkt inne når det gjeld oppstart for nye næringar i landbruket. Verksemda profilerer seg med at dei skal gi "lokal ideer globale muligheter", ved å bidra til å utvikle distrikta, auke innovasjonen i næringslivet over heile landet, og profilere Noreg og norsk næringsliv som reisemål (Innovasjon Norge, 2010). Det var eit oppsving for nye næringar i Hordaland i 2009, samanlikna med tidlegare år. Det vert vist gjennom ei auka vilje til å satse på til dømes matforedling, handverk, og reiseliv. Hordaland er med ein total tilskotssum på omlag 10 millionar fordelt på 56 saker, heilt på toppen nasjonalt. Dette er ein ynskja utvikling som fell godt saman med både utfordringar og mogleikar for Hordalandslandbruket i det nasjonale bildet, der fylket tapar terreng i kampen om det tradisjonelle landbruket, sidan naturgjevne føresetnader legg avgrensingar på effektiviseringsevna (Fylkesmannen i Hordaland, 2010). Ein har eit mål om langsiktig verdiskaping i landbruket, og oppretthalding av busettinga i distrikta. Sjølvvet målet for reiseliv og opplevingsproduksjon er ein auka verdiskaping og bedriftsøkonomisk lønnsemd basert på mat, kultur, natur, og aktivitetsbaserte opplevingar (Nordli, 2008).

Det er i distriktkommunane interessa for satsing på landbrukstilknytt næring er størst, men det er likevel store skilnadar mellom dei ulike kommunane, basert på naturgjevne føresetnader og næringsmessig kultur og tradisjon. Ullensvang var, som i fleire tidlegare år, kommunen med mest aktivitet i 2009, med eit samla tilskotsbeløp på 4,5 millionar kroner, fordelt på 40 prosjekt. Dette skyldast stor satsing på frukt og frukttre, men og utbyggingar innan eggproduksjon og stor aktivitet innan nye næringar bidreg til totalbeløpet. Kvam er størst på nye næringar, med over 1,2 millionar i tilskot løyvd i 7 saker, hovudsakeleg innan matproduksjon og reiseliv. Det er nok spesielt mogleikane i høve reiselivet og fritidsmarknaden (i form av bergensarar) som legg grunnlaget for fokus og satsingsvilje her (Fylkesmannen i Hordaland, 2010).

2.7 Impulsar frå utlandet – globalisering og glokalisering

Federico hevdar at (2005: 1): "Agriculture has always been absolutely necessary for the very survival of humankind". Det kan drøftast om dette synet er korrekt, men utsagnet stemmer godt for slik me lev i dag. Ein kan argumentere for at produksjonen, distribusjonen og konsumpsjonen av mat, eit basalt menneskebehov, har blitt merkbart endra gjennom dei siste fire tiåra. Før 1970-åra vart så mykje som 90 prosent av verdas matproduksjon konsumert i det landet som det vart produsert i (Dicken, 2007). Matproduksjon er i utgangspunktet ein lokal prosess, knytta til spesielle klimatiske, jord-, og ofte sosio-kulturelle, vilkår. Samtidig har nokre typar produksjon blitt meir globale når det gjeld distribusjon og konsumpsjon. Ein treng ikkje forhalde seg til sesongvarer, for det meste er tilgjengeleg i butikken heile året. Ein har "permanent global summertime" (Blythman, 2004, i Dicken, 2007: 348).

Det er ikkje berre Noreg som har ei landbruksnæring som vert regulert av staten. Staten spelar ei stor rolle for landbruksnæringa i mange land, ved at dei regulerer, subsidierer, og beskyttar. Landbruket vert tatt vare på fordi det garanterer mat til innbyggjarane, og det vert sett på som viktig i forhold til kultur, historie, og rural økonomi (Dicken, 2007). Noreg har ein sjølvforsyningsgrad på rundt 50 prosent, og ifølgje SSB har den har vore nesten uendra dei siste 25 åra (SSB, 2009a). Med økonomisk vekst har ein fått ny etterspørsel i forhold til mat, og eit endra mønster. Det konsumentane vel å ete har blitt ein kompleks prosess med mange val, ein blanding av: smak, kultur, religion, inntekt, og bekymringar knytta til helse, livsstil, og etisk posisjon (Dicken, 2007).

Globalisering er ein romlig metafor som angir at verda krympar. Avstandsbarrierane vert bygga ned, forbindelsane vert utvida og intensivert på alle plan: økonomisk, militært, politisk, sosiokulturelt og miljømessig (Held et al, 1999). Ein av dei mest siterte indikatorane på globalisering er å sjå på distansen som maten me legg i handlekorga eller på middagsbordet har reist (Dicken, 2007). Den økonomiske globaliseringa kjem til uttrykk gjennom veksten i handel, direkteinvesteringar, finanstransaksjonar, og stadig meir omfattande produksjons- og verdikjeder. Dette betyr at dei nasjonale økonomiane vert vevd tettare saman. Grenser vert viska ut. Varer, tenester, kapital og informasjon flyt stadig friare, som gjer at alle typar aktørar, inkludert gardbrukarane, blir sterkare eksponert for det som skjer i andre delar av verda (Arbo, 2005).

Landbruket sin globale matindustri kan grovt delast i to hovudsett av prosessar: standardiserte og spesialiserte produksjonsprosessar, som responderer på økonomiske standardar av effektivitet og konkurransevne, og lokalt prega ("localized") og spesialiserte produksjonsprosessar, som forsøker å handle på bakgrunn av miljømessige, ernæringsmessige eller helsemessige kvalitetar (Dicken, 2007). Det siste punktet har blitt meir aktuelt i seinare tid. Til dømes har ein peika på at alternativ frå standardiserte og spesialiserte produksjonsprosessar, som organisk mat og "fair trade"-produkt, opnar for ein meir rettferdig behandling av gardbrukarar i u-land. Andre drivkrefter for alternative produksjonsruter er ein auka bekymring for matkvalitet og matsikkerheit (Dicken, 2007). utfordringar i forhold til store kapitalinvesteringar, makt til land, miljøspørsmål, genmat og liknande gjer landbruksnæringa til ei sårbar næring. Sjølv om ein har kodar og retningslinjer for global mat, finst det nasjonale variasjonar i reguleringspraksis. Dette blir ekstra klart ved matsikkerheitskriser, som til dømes kugalskap og salmonella. Skuldspørsmål om kor det starta og kven som skal ta ansvar kan skape konflikhtar i kjølvatnet av slike kriser, og resultere i ei nedsatt tillitt til matvarer frå visse land (Dicken, 2007).

Samtidig med auka globalisering spelar kampen om og for den lokale identiteten ei stadig større rolle. Bygdefolk lev i ein global kontekst langs fleire dimensjonar. Inntektene til gardbrukarane er ikkje berre eit resultat av korleis ein steller på garden. I like stor grad er inntektene avhengige av landbruks- og distriktpolitikken, det globale matvareregimet, prisane på verdsmarknaden og utfallet av internasjonale forhandlingar (Almås et al, 2008). Ein kan gjerne identifisere lokal matvareproduksjon som eit forsøk på tilpassing i ein globalisert konkurransesituasjon. Lokal produksjon kan stå som eit alternativ til det fabrikkproduserte, jamvel om det er lite som tyder på at nisjemat skal kunne overta for industrielt framstilte produkt. Produksjonsskalaen er for liten og ein kan ikkje levere store kvanta til ein akseptabel pris (Rusten et al, 2007). Men argument for lokalprodusert mat er at det kan sjåast som meir berekraftig, gi betre kår for produksjonsmiljøet, samt vere ein mogleik for sjølvforsyning og ei motvekt mot store matvareskandalar. Dessutan ligg det kulturelle verdiane i mattradisjonar og forvaltning av kulturlandskap (Rusten et al, 2007).

Opplevingsbaserte næringar er blitt viktige aktivitetar og forretningsmogleikar i mange norske bygder, og mykje av inspirasjonen kjem frå utlandet. Dei nye satsingane dreiar seg om kulturbasert verdiskapning, nisjemat og reiseliv. Mange av desse impulsane kjem frå reiser og spennande mat, kultur og tradisjon (gjerne kombinert) frå land som Italia og Frankrike, og ein

utviklar egne strategiar lokalt for gjennomføring og særpreg. Med auka globalisering har det blitt viktig å følgje med på kva andre land gjer, samtidig som det er viktig ivareta den lokale identiteten (Rusten et al, 2007).

Kvalitative faktorar som identitet og lokal kultur kan vere med å forklara lokal økonomisk vekst. Eit positivt bilete av staden kan gi større sjølvkjensle, som er viktig for å kreativitet og nyskaping (Lønning, 2003). Utan globalisering hadde me ikkje sett ei fornya interesse for det lokale. Omgrepet ”glokalisering” har i dei seinare åra blitt tatt i bruk som ein konstruksjon som samanfattar globaliseringprossen og lokaliseringprosessen til ein. I dette ligg det at me vert meir både globale og lokale samstundes. Det er to prosessar som er gjensidig avhengig av kvarandre for å lukkast. Glokalisering går begge vegar, sidan det i tillegg til å gi impulsar for lokal utvikling og særpreg, er ei respons på hard internasjonal konkurranse (Lønning, 2003). Rurale område vert no i aukande grad sett på som underhaldning og fritidsaktivitetar, som heim nummer to, og som bualternativ til meir urbane buformer og område. Denne utviklinga heng nøye saman med ein redefinering av lokal rural identitet. Dei reflekterer ei kulturell interesse for det rurale og det lokale i storsamfunnet, noko som kan invitere til nye skikkar, praksisar og sosiale krav (Lønning, 2003).

2.8 Bonden sjølv i endring?

Tradisjonelt har omgrepet bonde vore knytt til matproduksjon. Dei siste tiåras nasjonale og internasjonale endringar i landbrukssektoren, har imidlertid utfordra forståinga av bondeomgrepet og bondeyrket (Heggem, 2008). Det nye rammeverket for landbruket krev endringar både når det gjeld innhaldet i dagens landbruk, og samtidig innhaldet i bondens kompetanse. Gardane og bonden sitt samla ressursgrunnlag har blitt nytta på nye måtar, og nye næringar har vakse fram.

2.8.1 Bondeidentitet og kompetanse

Brandth og Haugen (2008) har skrive om korleis ein bør forstå identitet i forhold til gardbrukarar. Når landbruksnæringa endrar seg kan ein og forvente at innhaldet i omgrepet ”bonde” endrar seg (jf. kapittel 1.2.2). Til dømes vil overgangen frå å vere bonde i tradisjonell forstand til å bli ein produsent av tenester reise spørsmål om korleis gardbrukarane tilpassar seg nye roller. Eit moment er om slike nye formar for entreprenørskap i landbruket blir sett på av bøndene som basert på nødvendighet eller vilje, ved at det er noko dei føler dei vert

påtvinga eller vel sjølve. Det har blitt forska lite på kva som skjer med bondeidentiteten når bønder startar nye verksemdar. Som bonde er det blant anna kor veldrive garden er, kor fint pløyde jorder ein har, kor jamn gjødslinga har vore, og kor store og gode avlingar ein får, som styrer inntrykka og gir status og bekreftar identitet i forhold til andre bønder (Brandth og Haugen, 2008). Identitet er ikkje statisk, og eit skifte i arbeid kan difor få konsekvensar for yrkesidentiteten (Brandth og Haugen 2008:279).

Intervju Brandth og Haugen (2008) hadde med gardbrukarar som har gått frå landbruksproduksjon til reiselivsverksemd på fulltidsbasis, viser at gardsturisme ikkje betyr eit fullstendig brot med landbruket. Det inneberer heller ei vidareføring av ein aktiv gard (Brandth og Haugen, 2008). Å vere ein del av ei gruppe i samfunnet, i dette tilfellet gardbrukarane, gir og grunnlaget for å ha ein kollektiv identitet. Hannon og Curtin (2009) argumenterer for at sosial kapital og nettverk kan sjåast på som utfallet av samhandling mellom kollektiv identitet.

Forskar Reidun Heggem (2008) føreslår i ein artikkel å opne opp det tradisjonelle bondeomgrepet for å gjere plass til dei nye formane for næringar i landbruket. Norsk landbruk og norske bønder vil i åra framover oppleve store endringar knytta til gardsdrifta og busetting i distrikta. Etter hennar meining vil dette føre til at innhaldet i yrkestittelen "bonde" vil endre seg, og det same vil definisjonen av "landbruk". Heggem (2008) argumentere for at det må rettast fokus på aktørnivået og kulturelle faktorar for å få eit meir nyansert bilete av diversiteten på norske gardsbruk. Mange må kanskje omdefinere si eiga arbeidsrolle om dei skal ha ein sjanse til å kunne fortsette å drive garden og halde den i hevd. Ved å utvide landbruksomgrepet til også å omfatte aktivitet knytt til garden og til eige av naturressursar av ein viss storleik får me eit større mangfald. Ved å innlemme aktivitet som ikkje er direkte knytt til tradisjonell landbruksaktivitet, synleggjer ein aktørar som før har vore usynlege (Heggem, 2008).

Samtidig registrerer Heggem at det er ein seig og vanskeleg prosess å endre synet på og innhaldet av dette. Det har vore ei endring frå bonden som den "statsgaranterte produsenten" på 1970-talet, gjennom den "marknadsorienterte bonden" på 1990-talet til dagens "multifunksjonelle forsørgjar" av forbrukargode (Forbord og Johnsen, 2004, i Heggem, 2008). Fleire av bøndene er oppdratt til å ta over garden for å produsere mat, og dermed kan overgangen til ei forståing av å produsere fellesgodar bli sett på som vanskeleg (Rønningen et

al 2005). Når ein bryt med tidlegare driftsformer kan ein få eit behov for endring av, eller ny, kompetanse.

Ein kan skilje mellom to ulike formar for kompetanse (Dicken, 2007):

- *Formell kompetanse* (engelsk: codified knowledge), som kan bli uttrykt gjennom formelle mekanismar, til dømes dokument.
- *Erfaringsbasert kompetanse* (engelsk: tacit knowledge), som er sterkt personlig kunnskap hos individ, og så godt som umogleg å gjere klar eller kommunisere til andre gjennom formelle mekanismar.

Mykje av kompetansen i landbruket høyrer til under kategorien erfaringsbasert kompetanse. I landbruket vert kompetanse om landbruk vidareført frå generasjon til generasjon, og tileigna gjennom praksis og erfaring (Nordli, 2008). Er ein oppvaksen på gard har ein gjerne deltatt i gardsarbeid, til dømes mjølking, våronn, og maskinarbeid, frå ung alder. Maskell og Malmberg (1999) argumenterer for at det er nokre typar kompetanse som berre kan lærast gjennom erfaring, og at det kan føre til ein konkurransemessig fordel. I landbruket tyder dette at ein kanskje har ein fordel ved å vere oppvaksen på gard når ein startar som gardbrukar. Ifølgje Granovetter (1985) er alle økonomiske prosessar sosialt forankra (embedded), og det meste av kunnskap og kompetanse vert skapt, og reprodusert, gjennom ein type sosial samhandling (Granovetter 1985 i Maskell og Malmberg, 1999). Formell kompetanse innan landbruket blir då om ein har landbruksrelatert utdanning eller ikkje (jf. kapittel 4.2.3). Det krev og gjerne nye formar for kompetanse når gardbrukarar tek på seg nye roller, til dømes når dei blir turistvertar innan reiselivsbasert landbruk.

2.8.2 Rekruttering

Eit aukande problem i landbruket har vore utfordringar knytta til rekruttering. Når ein omtalar rekruttering innan landbruk tenkjer ein gjerne først og fremst på dei unge som har odel til å overta (Nordli, 2008). For slike kommande generasjonar er det viktig å ha valmogleikar og at garden har god økonomi. At det vert drive anna næring på garden enn tradisjonelt landbruk kan vere med på å vise yngre generasjonar at det er mogleg å drive ein gard med betre lønnsemd enn det som kjenneteiknar tradisjonell gardsdrift i dag (Nordli, 2008). Dette er på mange måtar glansbiletet ein ynskjer å sjå når det gjeld multifunksjonalitet og evna til å omstille seg i landbrukssektoren. Målet med politikken er at det skal gi grunnlag for auka

verdiskaping og livskvalitet basert på ein berekraftig forvaltning av landbruket og bygdene sine ressursar (Nordli, 2008).

Ein rapport av Hanne T. Nordli (2008) har sett nærare på korleis ny næringsverksemd på garden, og då spesielt reiseliv, kan påverke kommande generasjonar. Rapporten ser nærmare på tre områder innanfor dette: generasjonsskifte, kompetanse og læring, og mål og motivasjon. Undersøkinga har studert fire gardar som alle kan kategoriserast innanfor reiseliv, matproduksjon og/eller aktivisering av kultur i reiselivssamanheng, og resultatane frå denne undersøkinga tyder på at reiselivsverksemda har betydning for rekruttering. Desse landbruksentreprenørane ser mogleikane og utnyttar dei tilgjengelege ressursane dei har til å skape ny aktivitet på garden. På denne måten skaffar dei seg sjølve, og kanskje fleire, jobb og sikrar samtidig garden sitt inntektsgrunnlag (Nordli, 2008).

Generasjonsskifte kan og gi moglegheiter for innflyttarar og nyetablerarar. Det har likevel blitt hevda at landbruksrekrutteringa er for intern og at menneske utan tilknytning til gardsbruk ikkje får mogleik til å komme inn i landbruket (Lønning 2000 i Nordli, 2008). Entreprenørar innanfor kulturøkonomiske satsingar er ofte innflyttarar til staden. Ein kan argumentera for at innflyttarar gjerne er i betre stand til å sjå på staden gjennom eksterne auge, og at dei såleis har lettare for å få auge på ressursar som framstår som spanande (Lønning, 2003). Samtidig som at antal gardsbruk har gått ned, verkar det som interessa for å drive gard har auka. Tal frå undersøkinga Norsk Monitor, gjennomført av Synovate, tydar på at interessa for å kjøpe småbruk er stigande i den norske befolkninga. Ein av ti nordmenn er ganske eller veldig interessert i å kjøpe småbruk. Fleire enn i tidlegare undersøkingar gjennomført av Synovate vil bu på og drive småbruk, og færre ynskjer småbruk berre som fritidsbustad (Wiker, 2008).

Når der gjeld kanalar for å knytte folk til landbruket, marknadsfører nettstaden "gardsbruk.no" seg som "den viktigste møteplassen for kjøp, salg og utleie av ledige gårdsbruk i Norge", med eit mål om å auke rekrutteringa i landbruk og tilflyttinga til bygdene (Gardsbruk.no, 2010). Nettsida er ein del av prosjektet "Slipp oss til – ungdom inn i landbruket", som aktørane Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Natur og ungdom, og Norsk Bygdeungdomslag står bak. Under "aktuelt" på nettsida presenterer dei solskinshistorier om folk som har fått seg gard, og gode utsikter for landbruket. Det ligg ute over 100 norske gardsbruk, der fire gardar er i Hordaland (per 10. mai 2010). Interessante spørsmål rundt slike

portalar er om ein kan merke noko effekt om dette tiltrekk folk til å gå inn i landbruket, og om det gir eit ynskja resultat når det gjeld formidling av gardar til folk som er interessert.

2.9 Oppsummering

I dette kapitlet har eg sett nærare på bakgrunnsteori for oppgåvetemaet og problemstillinga. Kapitlet starta med å utforske den regionale konteksten i studia. Deretter såg eg på nokre historiske trekk i norsk landbruk som har vore med å forme utviklinga fram mot dagens tilhøve. Vidare såg eg på forholdet mellom bygd og landbruk, og ulike aktuelle aspekt rundt ”multifunksjonelt landbruk”. Landbruk i Hordaland vart drøfta meir inngående, før eg såg på kva impulsar og påverknader landbruket i Noreg får frå utlandet. Avslutningsvis såg eg nærare på gardbrukaren som individ, sett i forhold til identitet, kompetanse, og rekruttering.

3. METODE OG FORSKINGSDESIGN

I dette kapitlet gjer eg greie for val av metode og forskingsdesign knytta til den empiriske delen av studia. Det vil bli utdjupa korleis eg har gått fram med omsyn til val av informantar, kjelder og kjeldeinnhald, samt til analytisk framgangsmåte. Eg avsluttar med ein del om truverdigheita til studia, ved å sjå på ulike aspekt vedrørande etikk og kritikk av metodane.

3.1 Tilnærming

Denne studia tar utgangspunkt i å skildre utvikling i landbruket, med fokus på gardbrukarane og drifta dei har på gardsbruka. Korleis ein vel å tilnærme seg forskingsfeltet har stor betydning for innfallsvinkelen og utforminga av forskinga ein utfører. Forsking er ein prosess med ulike fasar som heng saman til ein heilskap; ein har ei forforståing (gjerne i form av egne erfaringar), val av framgangsmåte for materialoppbygging, val av forskingsfelt og informantar, forholdet mellom forskar og utforska, sjølve materialoppbygginga, analysen, framstillinga, og til dels formidlinga. Alt dette inneheld tankegang som er i slekt med kvarandre (Holter, 1996).

3.1.1 Førebuingar

Då tema for studia var klart starta eg med å lese aktuell og relevant litteratur. Eg fylgde og ekstra med i media etter interessante diskusjonar i forhold til oppgåvetemaet. Eg var spesielt interessert i å finne beslekta eller liknande empiriske spørsmål. Dette gjer at ein ser kva kunnskap som allereie føreligg (Hellevik, 1999). På grunnlag av det kunne eg stille mine egne spørsmål, og til slutt utforme problemstillinga for studia. Hordaland kom tidleg på plass som det overordna studieområde (sidan FMLA initierte temaet). Vidare vart det valt ut to kommunar til feltarbeid: kystkommunen Radøy, og fjordkommunen Ulvik (jf. kapittel 1.3.2 og 1.3.3). Desse vart valt ut i samarbeid med vegleiar og FMLA, sidan eg frå før hadde forholdsvis lite kunnskap om landbrukstilhøva i dei ulike kommunane i Hordaland. Som nemnd i kapittel 1.1.1 vart dei valt ut fordi dei begge har ei landbruksforvaltning som er godt kjend i kommunen, dei er av overkommeleg storleik til ei slik studie, og dei representerer eit variert landbruk ein kan finne att i andre kommunar i fylket. Samtidig har dei ulik geografisk plassering i fylket. Etter at studieområdet var klart byrja eg å planlegge feltarbeidet. I starten av juni 2009 var eg på to dagsturar til høvesvis Radøy og Ulvik. Desse turane gjorde at eg vart

kjend i dei to kommunane, og fekk knytt kontakt på landbrukskontora (for nærare detaljar om informasjonskjelder i førebuingarbeidet mitt, jf. vedlegg F).

3.2 Val av metode og forskingsdesign

I denne delen skal eg ta for meg forskingsdesignen på denne studia, ved å sjå på korleis eg som forskar kan samle inn, handsame og analysere data. Å forhalde seg til forskingsmetode kan innebere å bli stilt ovanfor nye måtar å tenke på og ei ny omgrepsverd. Når ein vel metode må ein treffe fornuftige val i forhold til kva moglege framgangsmåtar som er veileigna til eins eige forskingsprosjekt (Hellevik, 1999). Vilhelm Aubert (1965: 196) skreiv om metode som ”en framgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metode”. Vidare kan ein bruke omgrepet ”metodar” generelt om framgangsmåtar for å hente inn, bygge opp og analysere eit datamateriale (Holter og Kalleberg, 1996). Det viktigaste for meg er å bruke metode med det resultatet at eg genererer egne empiriske data som eg skal bruke til å svare på problemstillinga i denne studia.

I denne studia nyttar eg ein kombinasjon av kvalitative og kvantitative metodar. Kvalitative undersøkingar kombinerer gjerne eit intensivt opplegg, med få einingar og mange opplysningar om kvar, med ein usystematisk presentasjon og registrering av data. Kvantitative undersøkingar er gjerne ekstensive, med mange einingar og færre variablar, som har ein systematisk presentasjon og registrering (Hellevik, 1999). Hovudvekta i denne oppgåva vil vere på kvalitativ metode, sidan det er dette eg nyttar meg av i feltarbeid for å generere primærdata, som utgjer empirien i undersøkinga. Den kvantitative metoden kjem til syne gjennom bruken av sekundærdata, der eg nyttar meg av eksisterande statistikk som gjer at eg kan sjå mitt materiale i forhold til større utval.

Det er viktig å ha ein mest mulig nøyaktig bruk av data, både under innsamlinga, handsaminga og analysen. Data er faktiske opplysningar som ein som forskar ynskjer å få pålitelege resultat frå (Hellevik, 1999). Utfallet av ein undersøking skal ideelt sett avhenge minst mogleg av at det er akkurat den forskaren som har gjennomført ho. Andre forskarar skal dermed kome fram til så godt som identiske svar om dei prøver å svare på dei same empiriske spørsmåla. Ei føresetnad for å få til dette er at ein som forskarar gjer bruk av same reglar for forskning for å få det mest mulig nøyaktig (eller objektivt). I nokre viktige fasar av ei

undersøking, som innleiinga, der problemstillinga vert fastsett, eller avslutninga, der resultatata vert tolka, har det mindre meining å snakke om fastsette reglar, for her kan ein ikkje unngå at prosjektet vert farga av forhold som forskaren sine tidlegare erfaringar og meiningar. I tillegg til å vere bevisst sine eigen kunnskap og haldningar, må ein som forskar vere innstilt på å leite aktivt etter data som kan avkrefte dei. Dette gjev tillit til haldbarheita. Presentasjonen av resultatata må vere slik at det tillett kontroll, etterprøving, og kritikk (Hellevik, 1999).

Eit anna moment som er viktig å tenkje på ved val av metode er kva formål undersøkinga skal ha. Ynskjer ein ei undersøking som er eksplorerande, beskrivande eller forklarande?

(Hellevik, 1999). Denne masteroppgåva kjem til å vere ein kombinasjon ved at eg både ynskjer å skildre og forklare, og dermed kunne påvise årsaker til dei mønstra eg finn. Eg skal no gå nærare inn på dei ulike metodane som vert nytta i studia.

3.2.1 Kvalitativ metode

I denne studia var det viktig å få snakke direkte med gardbrukarar. Difor valde eg å basere feltarbeidet mitt på kvalitativ metode. Kvalitativ forskning er tenkemåtar og utsegn som vert formulert i ord og sjeldan numerisk, og det er ofte intervjuet som får mest merksemd (Holter, 1996). Kvalitative metodar refererer vidare til tilnæringsmåtar der ein ikkje kvantifiserer erfaringane (Holter og Kalleberg, 1996). Eg ynskja å gjennomføre intervju med utvalde informantar i dei to studiekommunane. Som forskar baserar ein seg på ei evne til å leve seg inn i og oppfatte eit mønster i det mangfaldet av sanseintrykk ein mottar ved kvalitativ forskning, i staden for å trekke ut nokre aspekt ved heilskapen, og så måle og analysere dei ved hjelp av tal. I ei kvalitativ undersøking kan det difor gjerne vere vanskeligare enn i kvantitative å finne generelle reglar for korleis ein bør gå fram, og ein blir meir avhengig av eins eiga evne til å bedømme kva som i ein spesiell situasjon er eit fornuftig metodeval. Difor kan det vere nyttig med praktisk erfaring, og ein vil ofte pendle fram og tilbake mellom utvikling av problemstillinga, datainnsamling, analyse, og tolking (Hellevik, 1999). Ein svakheit ved kvalitativ metode er at ein som forskar i ettertid kan velje ut somme delar frå materialet som passar i forhold til det ein ynskjer å undersøke, og resultatata ein forventar. Eg prøvde difor å vere bevisst på å ikkje gjere dette.

Kvalitative data er representasjonar av menneskelege handlingar og utsegn, først og fremt i form av lengre samanhengande tekst. Målet med kvalitativ analyse er å tolke desse tekstane, som vil seie å finne grunnar for aktørane sine handlingar og utsegn ved å vise til deira forståingar, intensjonar, normer og verdiar. Ein finn gjerne fleksible koplingar mellom

aktørtypar og ulike tema (Sivesind, 1996, 272). Dessutan kan gjerne personen som vert intervjuet komme inn på same tema frå ulike perspektiv (Leiulfsrud og Hvinden, 1996, 230). Når ein tolkar datamaterialet er det både viktig å sjå på orda som er brukt (manifest innhald), men ikkje minst den underliggande meininga bak dei formuleringane som er valt (latent innhald) (Hellevik, 1999). I mitt feltarbeid gav dette seg utslag i korleis informantane ordla seg. Faren er at dei ”pyntar” på historia dei fortel meg; ein framand som ikkje har snakka med dei før.

3.2.2 Semi-strukturert intervju

Eg laga ein generell intervjuguide til bruk i feltarbeidet (jf. vedlegg G). Denne var delt i tre delar: første del omhandla gardbrukaren (eller gardbrukarane, om det var fleire enn ein), andre del var spørsmål retta mot driftsopplegget på gardsbruket og framtidsplanar i forhold til dette, og tredje og siste del var meir generelle spørsmål om landbruk, til dømes kva dei meina om rekrutteringa til landbruket, og tilhøva i kommunen deira og norsk landbruk generelt. Forma på intervjuet i intervjuguiden var semi-strukturerte: ”Eit semi-strukturert intervju er ein verbal utveksling der ein person, intervjuaren, prøver å få fatt i informasjon frå ein annan person ved å spørje spørsmål” (Longhurst, 2003: 117, oversett frå engelsk). Semi-strukturerte intervju kan vidare kallast for ein uformell form for intervjuing (Grønmo, 1996).

Ved å stille forholdsvis frie spørsmål ynskja eg å få informantane til å snakke vidt og ope om ulike tema. Eg stilte i utgangspunkt same spørsmål til alle informantane, men eg hadde og mogleik til å stille oppfølgingsspørsmål når eg ynskja at dei skulle utdjupe meir. Av og til måtte eg justere intervjuguiden litt i forhold til kven eg snakka med, til dømes om det var eit ektepar som dreiv gardsbruket saman, eller dersom den tradisjonelle drifta på garden var avvikla, som då gjorde at eg omgjorde fleire spørsmål til fortid. Eg hadde skrive ned eit par stikkord til meg sjølv ved kvart spørsmål som eg kunne trekke fram. Til dømes spurde eg informantane om kva dei trudde om eit eventuelt EU-medlemsskap på spørsmålet om korleis gardbrukarane såg på landbruk internasjonalt, i forhold til Noreg.

3.2.3 Case-studiar

I studia presenterer eg analysen først tematisk (jf. kapittel 4 og 5), og deretter fire case meir i sin fulle detalj (jf. kapittel 6). Case-studiar kan gi ein inngåande kvalitativ analyse av innhaldsrike skildringar av ei enkelt eining (Hellevik, 1999). Det gir ein såleis mogleiken til å

kunne presentere verkelege menneske ved å kunne gå meir i djupna blant nokon i informantutvalet, og plukke ut interessante tilfeller. Slike studiar gir og anledning til å forklare komplekse samanhengar og avdekke faktorar som kanskje ikkje kjem fram i statistikk, ved å gi eit bilete på kva som ligg bak tala. Studiane mine tilsvarar det Andersen (1997) kallar teoretisk fortolkande casestudiar, sidan eg har både teoretiske og empiriske motiv for å studere landbruk i Hordaland.

Case-studiar vil ofte starte induktivt, i den forstand at hypotesar og teoretisk relevans framkjem undervegs (Andersen, 1997). Yin (1981) hevdar at det som skil case-studiar frå andre forskingsstrategiar er at dei studerer ”*a) contemporary phenomenon in its real-life context, especially when, b) the boundaries between phenomena and context are not clearly defined*” (Yin (1981) i Andersen, 1997, 15). Han ser imidlertid ingen grunnleggjande forskjell mellom case-studiar og andre former for vitenskap. I praksis er ikkje case-studiar berre empiriske eller teoretiske, dei er resultatet av ein forskingsprosess, og konstruert gjennom sosiale konvensjonar, gjennom bruk av etablert teori eller ved generering av ny teori (Andersen, 1997). Eit mål med case er å forstå det fenomenet ein undersøker som eit eksempel på ein klasse av fenomen (Andersen, 1997).

Eg bestemte meg for dei ulike case-studiane etter å ha transkribert intervjuet. To av case-studiane er suksesshistoriar frå landbruket, og der presenterer eg eitt case frå kvar kommune. Sidan desse informantane vert meir synlege har dei blitt informert om, og godkjent, at dei er plukka ut som case-studie. Dei to case-studiane som viser nedgangssider i landbruket vert av anonymitetsomsyn ikkje spesifisert som i enten Radøy eller Ulvik. Faktorar som gjer at dei står ovanfor utfordringar kan uansett skje uavhengig av geografisk beliggenhet, då det omhandlar generasjonsskifte, skalaen dei driv i, og driftsform, som kan finnast att i begge kommunar.

3.2.4 Kvantitativ metode og bruk av sekundærdata

Med kvantitative metodar meiner ein framgangsmåtar der ein som forskar først systematisk skaffar seg samanliknbare opplysningar om fleire undersøkingsobjekt av eit visst slag, for så å uttrykkje desse opplysningane i form av tal, og til slutt foreta ei analyse av mønsteret i dette talmaterialet (Hellevik, 1999). Sjølv om ein ofte snakkar om kvalitative og kvantitative metodar i samfunnsforskninga meiner nokre, som Sigmund Grønmo (1996), at det er viktig å halde fast ved at omgrepsparet kvalitativ/kvantitativ i første rekke refererer til ein eigenskap

ved dei dataa som vert skapt og analysert. Kvantitative statiske analyser av data er oftast av eit stort og representativt utval med einingar (Hellevik, 1999).

Eit typisk opplegg i samband med kvantitative respondentdata er strukturert utspørjing, som gir grunnlag for statistikk. Forskaren kan innhente den ønska informasjonen frå dei ulike informantane ved hjelp av spørjeskjema med faste spørsmål og stort sett faste svaralternativ. Ein slik utspørjing kan både skje i form av direkte intervju, eller ved av informanten sjølv fyller ut spørjeskjemaet (Grønmo, 1996). Eg ynskjer med denne masteroppgåva å lage ei studie som er utfyllande, samtidig som ho har nokre komparative trekk. Sidan eg ikkje nyttar meg av noko form for kvantitativ metode i feltarbeidet, var det viktig for meg å finne eksisterande statistikk, som eg brukar både i teori- og analysedelen av studia. Dei kvalitative intervju mine utgjør primærdata i oppgåva, og andre spørjeundersøkingar og statistikk eg nyttar meg er dermed sekundærdata. Dette er ikkje ei studie som legg direkte opp til kvantifisering. Likevel må eg ha med nokre tal som kan knyttast til mine funn, og som synleggjer mitt grunnlag for å trekke dei slutningane eg gjer.

Sidan sekundærdata er informasjon som allereie eksisterer er det ofte lettare og rimeligare tilgjengeleg enn primærdata, og så lenge ein nyttar seg av pålitelege kjelder er truverdigheita ofte god. Negative aspekt ved sekundærdata er at dei kan vere utdatert og uklare, og vanskeleg å implementere i forhold til eins eige forskingsprosjekt. Eg nyttar meg spesielt av materiale frå Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (heretter NILF), Bygdeforskning og SSB. Erg kjem i hovudsak til å bruke sekundærdata for å ha mogleiken til å generalisere, til dømes å sjå på Hordaland under eitt, og tilhøva i forhold til resten av landet. Samtidig kan eg samanlikne produsert primærdata med statistikk, og finne eventuelle likskapar eller ulikskapar. Utgangspunktet for generalisering er systematisering og tolkning av data (Andersen, 1997).

3.3 Triangulering

Med omgrepet triangulering meiner ein at det vert nytta ulike metodar, teoriar, datakjelder eller forskarar til å belyse eitt og same fenomen (Denzin, 1989). For meg tyder dette å ha ein fleirforskningsdesign, der eg forankrar eige empirisk materiale med eksisterande sekundærdata og forskingslitteratur. Dei ulike metodestrategiane har ulike eigenskapar og vil difor kunne vere komplementære, altså utfylle kvarandre, og dermed auke truverdigheita til studia.

Kombinasjonen av kvalitative og kvantitative data inneberer at ein søker å belyse same problemstilling ved hjelp av ulike metodar. Det kan både bestå av kombinasjonar av ulike kjeldetypar og ulike datatypar (Grønmø, 1996). Jick (1979, 602-611) har framheva fem fordelar ved slik metodetriangulering:

1. Metodevaliditeten kan testast. Om ein oppnår eit høgt samsvar mellom data om same fenomen ved bruk av ulike metodar tyder det på at desse metodane har tilfredstillande validitet.
2. Det kan dermed føre til at tilliten til analyseresultata vert styrka. Dersom ulike metodar fører til identiske analyseresultat kan ein anta at resultata ikkje har rot i særeigenskapar ved dei metodane som har blitt nytta.
3. Dersom det er avvik mellom analyseresultat som byggjer på ulike metodar kan det stimulere til nye tolkingar og kanskje òg bidra til utvikling av nye tilnærmingar.
4. Sett under eitt kan dette resultere i meir nyansert og meir heilskapleg belysning av dei sosiale fenomena som vert studert. Desse fenomena vert studert på ulike måtar og blir dermed belyst under forskjellige synsvinklar, noko som kan gi teoretisk integrering og syntesedanning.
5. Bruk av ulike metodar kan òg vere effektivt med tanke på gjennomføring av strategiske testar av konkurrerande teoriar, ved at ein set dei opp mot kvarandre.

I denne studia kan eg sjå mine funn blant mitt utval i forhold til statistikk for eit større utval. Om materialet mitt viser seg å samsvare med statistiske analysar, kan det vise seg å vere representativt for eit større utval. Dersom mine funn ikkje samsvarar med statistikk kan eg finne årsakar for kvifor det er slik.

3.4 Val av informantar

Informasjonskjeldene mine i kommunane (jf. vedlegg E) gav meg begge ei oversikt over gardbrukarar som kunne vere aktuelle for meg å snakke med. Dette var nyttig, sidan eg som nemnt ikkje kjende kommunane og gardbrukarane frå før. Konsulenten i Radøy kommune sendte meg ei liste med 18 namn på aktuelle informantar i etterkant av besøket mitt der i juni, etter at eg hadde teke opp att kontakten gjennom e-post hausten 2009. Eg valde fjorten av informantane mine utifrå denne lista, på bakgrunn av variablar som driftsopplegg og kjønn. Ein annan informant hadde eg på førehand bestemd meg for å snakke med, og den siste informanten kontakta eg spontant då eg var ute på Radøy (begge desse vart valt grunna

driftsform på gardsbruket). Under dagsbesøket mitt i Ulvik gjekk eg saman med den tidlegare konsulentent gjennom alle dei ulike gardsbruka og driftsformene som fanst i kommunen, noko som dermed gav meg eit datagrunnlag eg brukte til å lage ein tabell. Denne sendte eg tilbake til konsulentent på e-post for å sjekke at eg hadde fått med meg alt han sa. Det var frå denne lista eg valde ut namn på gardbrukarar som eg ynskja å intervjuje. Informasjonskjeldene mine i dei to kommunane har ikkje fått vite kven eg valde å kontakte av dei gardbrukarane som dei presenterte for meg.

Før eg byrja å kontakte aktuelle informantar sette eg inn ei notis i lokalavisene Hordaland (for Ulvik) og Strilen (for Radøy), som forklarte kven eg var og kvifor eg ynskja å snakke med gardbrukarar i kommunen. Dette letta arbeidet då eg byrja å kontakte folk, sidan fleire hadde lese om prosjektet på førehand. Eg brukte både telefon og e-post for å kontakte aktuelle informantar. E-post vart nytta om eg fann adressene på internett, og elles nytta eg telefon. Eg opplevde det å ta kontakt på e-post som effektivt, sidan dei då kunne lese gjennom førespørjinga når dei ynskja, og svare når dei hadde tid. Telefon gjekk likevel bra, då dei fleste var positive, men det var av og til litt vanskeleg å få med all informasjon før personen bestemte seg for om dette var noko dei kunne tenke seg å vere med på. Sett under eitt opplevde eg stor velvilje blant dei eg kontakta. Berre fire av dei 28 personane eg kontakta hadde det enten for travelt til å la seg intervjuje, eller ynskja ikkje å vere med (dette gir ein fråfallsprosent på 14,2. Eg tel her at eg kontakta ein person, sjølv om intervjuet somme stadar vart gjennomført med ektepar). To av desse hadde full jobb utanom gardsbruket, og såg difor ikkje at dei hadde tid til å la seg intervjuje.

Sjølve utveljinga mi kan kallast ein form for stratifisert utveljing. Einingane er gruppert saman i ulike kategoriar (strata), på basis av opplysningar eg som forskar allereie før undersøkinga sit inne med om deira verdi på ein eller fleire bakgrunnsvariablar (Hellevik, 1999). Det eg visste om gardbrukarane før utveljinga var kjønn, og delar av driftsopplegget på garden. Eg visste stort sett ikkje kva alder dei hadde, og det prøvde eg heller ikkje å finne ut på førehand. Eit unntak var at eg visste om dei var over yrkesaktiv alder (pensjonistar) i Ulvik, sidan dette var spesifisert på tabellen eg laga over gardsbruka i kommunen.

I mitt tilfelle såg eg spesielt på driftsopplegget på gardane, men det var og interessant å sjå på kven som dreiv med kva. Utveljinga gav seg difor også utslag i at eg bevisst valde ut nokre kvinner som var oppført som hovudansvarlig for bruket. Det har i seinare åra blitt forska meir

på forholdet mellom kjønn og landbruk, sidan sektoren har blitt sett på som mannsdominert (jf. kapittel 4.2.2). Til dømes har Little (2002) forska på forholdet mellom kjønn og ruralitet, og ho meiner rural geografi vert prega av tradisjonelle kjønnsrelasjonar, og eit sterkt forhold mellom identitet og stad.

Då eg trakk informantar frå utvalet var dette verken reint systematisk eller reint tilfeldig innanfor kvart stratum. Det er tilfeldig i den forstand at eg har plukka dei ut ifrå lister med mange namn, men eg har samtidig vore bevisst med valet i forhold til nokre variablar. Ein kan seie at utvalet mitt er disproporsjonalt, sidan eg har valt å ta med ulike andelar av einingane frå ulike strata. Dersom det talmessige forholdet hadde svara nøyaktig til det ein har i universet hadde det vore eit proporsjonalt stratifisert utval (Hellevik, 1999). Bruk av stratifisert proporsjonal utveljing aukar sikkerheita ved generalisering, men eit disproporsjonalt stratifisert utval, med etterfølgjande veking under analysen, vert mellom anna brukt for å sikre at ein kan få eit tilstrekkeleg antal einingar med i utvalet frå ein sjeldan kategori ein er spesielt interessert i (Hellevik, 1999). Eit viktig moment er å vurdere kva det har å seie for oppgåva at ein trakk ut akkurat det spesifikke utvalet for forskning. Ville eg til dømes fått andre resultat om eg berre intervjuar kvinner, ein spesiell aldersklasse, eller andre kommunar? Svaret på dette spørsmålet er nok ja i forhold til nokre moment i oppgåva. Sidan eg har ei overvekt av eldre gardbrukarar (jf. kapittel 4.2.1) har dei gjerne eit anna syn på framtida, og kva dei ser på som ideell utvikling på garden, i forhold til yngre gardbrukarar.

Målet har vore å få fram breidda som finst i landbruket, både av utøvarar og drift, for å kunne presentere eit heilskapsbilete. Eg har gjennomført 24 intervju, med 12 intervju i kvar kommune. Totalt har eg snakka med 30 personar, 14 i Ulvik og 16 på Radøy (jf. tabell 4.1). Dei fleste av informantane mine var anten gift eller sambuar. Eg intervjuar to ektepar i Ulvik, og fire ektepar på Radøy. Graden av kor mykje begge partar deltok i intervjuar varierte, for somme kom inn frå gardsarbeid midt i intervjuet, medan andre ikkje sa like mykje som partneren. Eg vel likevel å ta med desse på lik line som dei andre, sidan dei var tilstades under intervjuar, og var med å svare på fleire av spørsmåla. Eg visste ikkje alltid på førehand om dei eg kontakta dreiv gardsbruket åleine eller saman med andre. Difor svarar fleire av informantane mine som representant for hushaldet når dei ikkje driv garden åleine. Primært har likevel undersøkinga eit individperspektiv, ved at dei som vert intervjuar gir uttrykk for subjektive og individuelle meiningar, tankar og oppfatningar.

3.5 Gjennomføring av feltarbeid

Feltarbeidet var gjennomført i september og oktober 2009. Eg tilbrakte fire dagar i strekk i Ulvik, og køyrde fem dagsturar med bil frå Bergen til Radøy. Eg måtte vere fleksibel i forhold til når gardbrukarane hadde tid til å snakke med meg, sidan mange av dei har travle dagar. Difor vart fleire av intervjuet gjennomført på kveldstid. Eg valde å gje direkte munnleg informasjon til informantane om kva intervjuet skulle brukast til, og at dei skulle behandlast anonymt. Dei vart både informert på førehand, anten via telefon eller e-post, og før intervjuet starta. Alle intervjuet, bortsett frå to, vart gjennomført heime på gardane til informantane. Unntaka var eitt som vart gjennomført på eitt anna gardsbruk enn det informanten eigde, og eitt som vart gjennomført på ei sauekåring. Dette skal, slik eg ser det, ikkje ha hatt noko innverknad på intervjuet, sidan dei vart gjennomført utan andre folk til stades i umiddelbar nærleik, og eg hadde like god tid som på dei andre intervjuet.

Det var ofte ein uformell setting med kaffi og småprat før me starta intervjuet, og hos fleire fekk eg omvising på gardstunet. Det å møte dei heime, ein stad der dei fleste føler seg vel, gjorde at det vart ei avslappa stemning, og at informantane kunne snakke fritt. Intervjuet vart tatt opp med diktafon, som lettar intervjuarbeidet ved at ein slepp å notere, og heller kan fokusere heilt på kva informanten seier. Intervjuet varierte litt i lengde; det kortaste var på 15 minutt, medan det lengste var på 1 time og 5 minutt. Størsteparten av intervjuet varte ca 30 minutt. Eg hadde god tid på kvart intervju, og fekk stilt alle spørsmåla til alle informantane. At det er eit spenn i intervjuetid kan bunne i ulik grad av openheit hos informantane, ved at eg fekk betre kontakt med nokon enn andre, forskjell i kva dei ville fortelje meg, og kva dei hugsa. Dessutan var nokon rett og slett meir snakkesalige enn andre. Nokon svara gjerne med korte setningar, som dei ikkje ynskja å utdjupe meir, medan andre kom inn på andre historiar og anekdotar som gjerne ikkje var relevant i forhold til det eg spurte om.

Eg fekk generelt eit inntrykk av at informantane syns det var greitt å snakke med meg, men ein må likevel vurdere om svara ein får kan vere påverka av kven ein er som person. Det informantane visste om meg på førehand var at eg var ein kvinneleg masterstudent som skulle skrive ei oppgåve om landbruk i Hordaland. Det dei ikkje visste, men som ofte kom fram i den uformelle praten før intervjuet starta, er at eg sjølv er oppvaksen på gard, og kjem frå ein kommune i Hordaland (det kunne imidlertid dei eg kontakta per telefon høyre då eg snakka). Dette kom ofte fram ved at informantane spurde meg om kvifor eg hadde valgt akkurat

gardbrukarar og landbruk i Hordaland som oppgåvetema. For meg som forskar kan det ha vore ein fordel å ha bakgrunn frå landbruket med tanke på å sette meg inn i temaet, samtidig som at ein slik identitet blant informantane tyder at eg er "ein av dei". Kombinert kan desse to forholda, kunnskapstilgong og tillit, føre til at eg får ein betre samtale enn om informantane hadde måtte forklare ein utanforståande alt om kva det vil seie å vere gardbrukar.

Det var nytt for meg å skulle vere i ei rolle både som forskar og intervjuar, og eg opplevde å bli tryggare i intervjusituasjonen etterkvart som eg hadde fått gjennomført nokre av intervju. Det førte mellom anna til at eg oppgraderte intervjuguiden litt undervegs, ved at eg vart meir bevisst på kva som kunne vere aktuelle oppfølgingsspørsmål. Eg valde å ikkje endre på dei faste spørsmåla i guiden, men ein kan i ettertid vurdere eventuelt andre spørsmål ein kunne ha utforma. Då eg var ferdig med feltarbeid transkriberte eg alle intervju for å kunne bruke dei i det vidare analysearbeidet. Det er stor skilnad på å lese teori, for så å gjennomføre det ein har lese i praksis. Ved å forberede, lage og gjennomføre feltarbeid lærar ein på vegen og haustar erfaringar til eventuelle framtidige prosjekt. Kanskje går ikkje alt som planlagt, men uventa hendingar kan ende opp med å vere ei styrke for forskingsprosjektet.

3.6 Analyse

Ved analyse må ein ta i bruk det kvalitative materialet ein har skapt. Eit slikt materiale kan til dømes vere feltnotat, dagbøker, brev eller samtaleopptak (Holter, 1996). I mitt tilfelle er det kvalitative materialet transkribert samtaleopptak. Eg har valt å transkribere intervju på dialekt, sidan det for meg gjer språket levande, og dermed informantsitata meir ekte. Alle informantane har fått fiktive namn. I kvalitativ forskning har analyse ein framskutt posisjon gjennom heile prosessen. Det gjeld og under materialoppbygginga. Analysen er ikkje noko som berre vert utarbeida i ein eller to fasar, den vert forma, til dømes under intervjuing, materialbehandling og formidling (Holter, 1996). Når ein analyserer data bør ein prøve å sjå eigne funn i forhold til konklusjonar frå tidlegare undersøkingar. Idealet er ein kumulativ forskingsaktivitet, der dei enkelte funna vert knytta saman i omfattande teoriar og der grensene for sikker viten dermed systematisk vert utvida (Hellevik, 1999).

Forskning er kjenneteikna ved at bruken av empiriske data er underlagt bestemte reglar, og desse tek blant anna sikte på å hindre at det skjer ei utveljing av opplysningar innanfor mengda av mulig relevant informasjon, slik at forskaren får nettopp det svaret ein ynskjer å

finne (Hellevik, 1999). Ein bør jobbe ut frå ulike analysestrategiar, der ein ser etter kontrastar, ambivalens og tvetydlek i data, og pendle mellom heilskap og del i arbeidet. Ein må både ha førestillingar om kva den overordna heilskapen i analyseresultatet kan bestå i, og ein systematisk oversikt over kva om ligg i dataa, og kva konkrete slutningar dei tillett oss å trekke (Leiulfsrud og Hvinden, 1996). Ein skal presentere ei historie, og jobbar utifrå ein hovudidé, med eit avgrensa antal sentrale tema og idear. Kor godt desse bærande temaa og ideane vert konkretisert, vert understøtta og levandegjort av dei empiriske funna som ein som forskar gjengir og oppsummerar (Leiulfsrud og Hvinden, 1996).

Ikkje berre er det viktig å tolke det informantane har sagt, men og det som ligg bak; det dei ikkje seier eksplisitt. Analyse kan sjå på korleis komplekse prosessar skapar bestemte utfall, då gjerne med vekt på korleis aktørar sjølve opplev si rolle (Andersen, 1997). Eg jobba med datamaterialet utifrå å kategorisere det i ulike tema, der eg såg på tvers av ulike intervju. Det vert nytta nokre tabellar i analysedelen for å få ein oversikt over informantane og ulike typar gardbruk (jf, kapittel 4). Nokre av tabellane har N-verdi på 30, sidan eg har snakka med 30 gardbrukarar, og nokre tabellar har N-verdi på 24, sidan det er 24 gardsbruk. Det kan i materialet dukke opp saker som ein opphavleg ikkje leita eller, forventa eller kan plassere i forhold til resten av materialet (Leiulfsrud og Hvinden, 1996). Her spelar kausalitet inn, ved at ein ofte vil vere opptatt av kvifor det er samanheng mellom variablar, og kva som kan forklare at nokre verdikombinasjonar er vanligere enn andre (Hellevik, 1999).

3.7 Etikk og kritikk – truverdigeita til oppgåva

Med all form for forskning er det viktig at ein vurderer etiske aspekt ved undersøkinga for dei menneska som deltek. Ein bør dessutan heile tida vere kritisk til sitt eige arbeid, og grunngje kvifor ein tek dei vala ein tek. To viktige etiske tema er konfidensialitet og anonymitet. Deltakarar må få vite at all data som er samla inn vert lagra trygt, at informasjon som dei har gitt vert halde konfidensielt, og at anonymiteten deira er sikra (dersom undersøkinga er anonym, slik denne er) (Longhurst, 2003). I dette forskingsprosjektet innebar det at eg lagra all informasjonen på ein data som berre eg har tilgang til, at eg ikkje lot andre lese dei transkriberte intervju, og at eg ikkje brukte dei verkelege namna til informantane nokon stad, men heller gav dei pseudonym. Fiktive namn sikrar ikkje alltid anonymitet. I små sosiale system vil både bruk av pseudonym og omskriving av sitat sikre anonymitet berre ufullstendig (Aase og Fossåskaret, 2007). Eg har snakka med menneske frå to forholdsvis små kommunar,

og frå same næring. Dette kan gjere at dei kan gjenkjenne kvarandre, og at andre frå kommunen òg kan kjenne dei att.

Validitet uttrykkjer kor godt samsvaret mellom teori og empiri er. Ein nødvendig føresetnad for høg validitet er høg reliabilitet, eller sagt med eit anna ord; nøyaktigheit (Hellevik, 1999). I mi studie kan validiteten målast i kor relevant mine data er i forhold til problemstillinga, og reliabiliteten i kor nøyaktig eg har vore i målingane mine. Samla sett utgjer validitet og reliabilitet kor truverdig studia er. Det er viktig å vere kritisk til kjeldene sine for å vurdere reliabiliteten. Intervjua ein til dømes rett personar, og hadde dei kunnskap om det ein spurde om. Samtidig er det viktig å vere sjølvkritisk, og vurdere korleis ein mottok og tolka informasjon. Eit viktig aspekt er at eg intervjua personar som ikkje hadde fått sett spørsmåla før eg spurde dei. Difor kan det ha vore ulike moment dei ikkje hugsar akkurat der og då. Eg meiner likevel at eg har oppnådd både høg validitet og reliabilitet i denne studia. Alle spørsmåla som er stilt belyser ulike aspekt i forhold til problemstillinga, og vart besvart av alle informantane.

3.8 Oppsummering

I dette kapitlet har eg gått gjennom metodane eg har brukt for gjennomføring av feltarbeid og analysedelen av oppgåva, og implikasjonane av desse metodevala. Feltarbeidet består av 24 kvalitative intervju med totalt 30 gardbrukarar, og er gjennomført i dei to Hordalandskommunane Radøy og Ulvik. Datagrunnlaget eg samanfatta etter feltarbeidet er primærdata i oppgåva, som er hovudgrunnlaget for analysedelen. Samtidig nyttar eg meg av sekundærdata i form av allereie eksisterande statistikk. Ved at eg ser mitt eige empiriske materiale i forhold til sekundærdata og relevant forskingslitteratur får eg metodetriangulering.

4. GARDBRUKARANE OM SEG SJØLVE, GARDEN OG LANDBRUKET

4.1 Innleiing

Denne delen av studia er basert på intervjuundersøkinga mi blant 30 gardbrukarar i dei to kommunane Radøy og Ulvik (jf. kapittel 1.3 for omtale av studieområda).

Oppgåveproblemstillinga legg opp til å utforske gardbrukarane sine haldningar og tilpassingar til landbruket, og då spesielt sett i forhold til dei endringane som har skjedd i denne næringa dei seinare åra (diskutert nærare i kapittel 1.1). Strukturendringane landbruksnæringa vert utsett for, kan gjere gardbrukaren sitt syn på tilveret til eit interessant tema (Løwe, 2004b). Dette kapittelet tek tematisk for seg emne som vart tatt opp i dei ulike intervju. Fleire intervju har blitt sett på samtidig, som tillet meg å knyte saman tema, sjå ulikskapar, og eventuelt samanlikne. Oppgåva presenterer dermed eit tverrsnitt av tilhøva no for eit utval gardbrukarar, og tema som vert tatt opp i dette kapittelet er:

- Kven informantane er.
- Tilknyttinga informantane har til gardsbruket.
- Korleis informantane ser på det å drive med landbruk.
- Driftsopplegg på gardsbruka, og kvifor informantane driv slik.
- Informantane sin kjennskap til omgrepet *multifunksjonelt landbruk*.
- Kva informantane trur om framtida som gardbrukar, både for eigen del og landbruket generelt.

Det vert ikkje konsekvent delt inn i gardbrukarar frå Ulvik eller Radøy i dette kapittelet, sidan nokre av emna er uavhengig av geografisk beliggenhet (den geografiske dimensjonen vert utforska i neste kapittel).

4.2 Kven er gardbrukarane? Demografiske og erfaringsbaserte kjenneteikn

I denne delen vert det presentert ei oversikt over informantane i denne studia, basert på kjenneteikna alder, kjønn, og utdanning (her er kompetanse målt gjennom formell utdanning). Desse kjenneteikna kjem ikkje til å bli drøfta særskilt inngåande, og det vert lagt opp til grove klassar av kategoriane, sidan det ikkje er det viktigaste fokuset i forhold til problemstillingane i studia (og sidan det er kvalitative intervju som har blitt gjennomført, der det er mening og ikkje antal som er det viktige å få fram). Ynskje er likevel at det kan fungere som eit bakteppe

for resten av analysedelen ved å gi ei forståing av kven eg har snakka med; altså kven gardbrukarane i mi studie er. I alt 30 gardbrukarar vart intervjua; 14 i Ulvik herad, og 16 i Radøy kommune (jf. tabell 4.1).

Tabell 4.1 Informantoversikt, kategorisert etter alder, kjønn, og utdanning (N=30)

<i>Kategori:</i>	<i>Informantar i:</i>	
	Ulvik	Radøy
Antal informantar	16	14
Aldersklassar		
20-29		1
30-39	2	2
40-49	4	7
50-66	6	5
67<	2	1
Kjønn		
Mann	10	11
Kvinne	6	3
Utdanning		
Jordbruksrelatert utdanning ¹	10	12
Anna utdanning ²	4	4

4.2.1 Alder


Det var forholdsvis stor spreiding i alder blant informantane, som gjer at dei kan plasserast i ulike alderskategoriar. Av informantane var dei aller fleste, utanom tre, i yrkesaktiv alder, og innanfor denne gruppa flest frå 40 år og oppover. Gjennomsnittsalderen på informantane i Ulvik er 52 år, og i Radøy er han 47 år. Som nemnt i metodekapittelet (kapittel 3.2.4) visste eg ikkje på førehand kor gamle informantane var (unntaket var dei over yrkesaktiv alder), og statistisk sett kan eit tal vere med på å trekke mykje i gjennomsnittet. Tyngda i mitt materiale ligg mot at nærare 75 prosent av informantane er i aldersgruppa 40-66 år. Dette stemmer likevel overreins med aldersstrukturen generelt i landbruk (jf. figur 4.1, neste side). Andelen unge gardbrukarar er lav, og i forhold til andre sysselsette (Løwe, 2004a).

Eg har snakka med tre informantar som er pensjonert (inkluderet eit ektepar som driv eit gardsbruk saman). Når gardbrukarane nærmar seg pensjonsalder må dei velje; ”skal dei selje

¹ Landbruksrelatert utdanning tyder her utdanning frå gartnarskule, hagebruksskule og jordbruksskule, som til dømes agronom.

² Anna utdanning tyder blant informantane i denne undersøkinga til dømes tømrrar, kokk, skipper, og lærar.

til nær slekt eller ut av slekta, skal dei bli buande på bruket eller flytte bort?” (Almås et al, 2008: 26). Jamvel om ein pensjonerer seg, blir ein gjerne buande på garden og held jord og bygningar i hevd så lenge ein klarar. Her er landbruket i ei særstilling i forhold til mykje anna sysselsetting. Pensjonistane i denne undersøkinga hadde drive med landbruk i ein mannsalder, og hadde framleis litt aktivitet på bruka ved å ha nokre sauer, grønsaker, slått av eng, og vedlikehald. Desse peika alle på samvitet i forhold til gjengroing, at dei ynskja å halde det fint og ope rundt seg (det vert i to case-studiar i kapittel 6 sett nærare på korleis desse pensjonistane driv). Alder verkar dessutan å spele inn når ein ser på kven som investerer i garden, og som startar med nye næringar. Her kan aldersstrukturen gi oss nokre indikasjonar i forhold til generasjonsskifte, og om nye tilpassingar er tilknytt generasjonar (meir om dette i kapittel 4.6).




Figur 4.1 Oversikt over gardbrukarar og andre sysselsette sin aldersfordeling (Tal frå levekårsundersøkinga for landbruksbefolkninga i 2002³, framstilt i Løwe, 2004a).

4.2.2 Kjønn

Landbrukssektoren har ofte blitt sett på som mannsprega (Little, 2002, Farstad og Heggem, 2008, og Brandth og Haugen, 2008). Det finst no tradisjonelle bondekvinne ved sida av

³ Det vart gjennomført levekårsundersøkingar blant landbruksbefolkninga i 1995 og 2002 av SSB. Utvala var uavhengige, og bestod høvesvis 1 401 og 1 552 gardbrukarfamiliar. Utvala vart trukke på grunnlag av søknadar om produksjonstilskot i jordbruket, men det vart ikkje set noko krav om andel inntekt frå gardsbruket eller arbeidstid. Dette gir difor ei vid definisjon av gardbrukar i forhold til mykje anna statistikk. Svarprosenten var 84 i 1995, og 79 i 2002 (Vågane, 2002).

profesjonelle kvinnebønder, og kvinner som berre bur på ein gard og har sine egne planar for yrkesliv og karriere utanom bruket (Almås, 2002). På landsbasis står kvinner for ein fjerdedel av årsverka i jordbruket (SSB, 2009a). Av 14 informantar i Ulvik var 3 kvinner, og av 16 informantar i Radøy var 6 kvinner, som gir 9 kvinnelege informantar totalt (og dermed 30 prosent av informantutvalet, jf. tabell 4.1). Samanliknar ein dette med figur 5.2, ser ein at Av desse var 3 av kvinnene hovudansvarlig for gardsdrifta, medan dei andre 6 var delaktig i den daglege drifta saman med ektefelle. I tillegg uttalte nokre av dei mannlege informantane at dei dreiv gardsbruket saman med kona si, men at ho hadde jobb utanom bruket, og difor ikkje kunne vere tilstades under intervjuet. Andre mannlege informantar peika på at kona periodevis var med i den daglege drifta av garden. Det var ingen som kommenterte eller sa noko eksplisitt rundt det å vere kvinne og drive med landbruk, og eg spurde heller ikkje om dette. Eit par av informantane tok imidlertid opp viktigheita av at Odelslova frå og med 1974 har vore uavhengig av kjønn (jf. kapittel 1.2.3).



Figur 4.2 Oversikt over kvinneandelen blant gårdbrukarar i ulike alder for åra 1995 og 2002 (Tal frå levekårsundersøkinga blant landbruksbefolkninga i 1995 og 2002, framstilt i Løwe, 2004a).

4.2.3 Utdanning

Alle informantar, med unntak av tre, har tatt utdanninga si på Vestlandet. Det er altså få som har reist langt frå heimstaden for å utdanne seg. Om dei har ein formell kompetanse som er jordbruksrelatert eller ikkje er litt varierande, noko tabell 4.1 viser (jf. kapittel 2.8.1).

Tabell 4.2. Form for utdanning blant informantane, fordelt etter kjønn (N = 30)

Form for utdanning	Kjønn	
	Mann	Kvinne
Jordbruksrelatert utdanning	71,4	77,8
Anna utdanning	28,6	22,2
Totalt	70	30

Som ein ser av tabell 4.2 er det mange av informantane som har jordbruksrelatert utdanning, både blant menn og kvinner, og dei har dermed gjerne realisert utdanninga si gjennom det dei gjer på garden. I Ulvik har det for fleire som har overtatt garden ved odelsrett vore vanleg å gå på den lokale gartnaraskulen Hjeltnes, og det var det nokre informantar som peika på. Dei meina at det er færre som gjer det no, mot korleis det var for nokre få generasjonar sidan. På Radøy var det spesielt mange av informantane med agronomutdanning (62,3 prosent). Det er totalt 8 informantar som ikkje har jordbruksrelatert utdanning, med 4 i kvar av kommunane (jf. tabell 4.1). Dei kan likevel ha utdanning eller anna kompetanse som kjem til nytte om dei har eller startar med anna næring på gardsbruket (jf. kapittel 4.6.3).

Informant Peder fortalte at sjølv om han var oppvaksen på gard, lærde han gjennom agronomutdanninga mykje han ikkje visste om gardsdrift frå før. Han såg det som ein stor fordel at han hadde jordbruksutdanning då han overtok drifta, sidan han då ”visste så mykje meir og gjorde tingene så riktig”. Sidan han meiner at det spelar ei stor rolle ser han helst for seg at dei som skal starte opp med landbruksdrift i dag bør stillast eit krav om noko form for formell kompetanse, og då minimum agronom. Informant Reidar har derimot ikkje jordbruksutdanning, men har vokse opp på garden han no driv. Ein kan difor gjerne seie at han har erfaringsbasert kompetanse i forhold til det å drive gard (jf. kapittel 2.8.1). Reidar meiner at mange av dei som kjøpar gard i dag har pengar, men manglar kompetanse, og at det fører til at dei endar opp med å drive med heilt andre ting enn det han ser på som landbruk, til dømes at dei berre har hest.

4.3 Av gard er du komen, til gardbrukar skal du bli? – Tilknytning til garden

Gardar går gjerne i arv, medan nokre kjøper bruk utan å ha noko tilknytning til verken garden eller staden frå før. Blant informantane mine finn ein døme på fleire former for tilknytning til bruka dei driv; både folk som har overtatt ved direkte odel, overtatt fordi eldre sysken ikkje ville eller kunne, gardsbruk kjøpt eller overtatt frå andre slektningar, og innflyttarar som ikkje

hadde noko tilknytning frå før. Fleire av dei som har vokse opp på garden dei no driv, og har vore med å jobba på bruket frå ung alder. Levekårsundersøkingane til SSB fann at ni av ti gardbrukarar har vokse opp på landsbygda, åtte av ti på gard og sju av ti på bruket dei no driv (Vågane, 2002). Bondeyrket går difor ofte i arv, og tre av fire gardar vert overteke ved odel (Løwe, 2006). Av utvalet i denne oppgåva at det er flest informantar i Ulvik som er tilknyttta gardsbruka gjennom direkte odelsrett. På Radøy er det berre to, men fleire har kjøpt eller overtatt gard av slektningar, til dømes eldre sysken eller onklar.

Slektsband og samlokalisering mellom bustad og arbeidsstad gjer at gardbrukarar er sterkare knytte til arbeidet sitt enn mange andre sysselsette. Dei kan til dømes ikkje utan vidare ”bytte jobb”, utan at dette kan ha betydelege konsekvensar for heile deira måte å leve på, og for etterfølgjande generasjonar (Løwe, 2004a). Ein kan gjerne seie at bondeyrket står i ei særstilling ved at bøndene bur på arbeidsstaden sin, og gjerne ikkje har same arbeidstid som ein har i andre typar yrke. Gardbrukarar flest forvaltar ein eigeidom og ei verksemd som ikkje berre er produktet av arbeidsinnsatsen til foreldra, men som ofte representerer livsverket og livsinnhaldet til mange slektsledd. Denne arva kan føre til at dei føler eit særleg ansvar for at garden vert overlevert til, og drive vidare av, neste generasjon. Sett i lys av dagens rammevilkår i jordbruket og sysselsettingsutviklinga i næringa, kan ansvaret for vidare rekruttering synast tungt å bære. Det å ha born er ikkje lenger ein garanti for at nokon vil overta garden når den tid kjem (Melberg, 2009) (meir om rekruttering i kapittel 4.9.1).

For mange gardbrukarar tradisjon og pliktkjensle betydelege motivasjonsfaktorar for å overta og drive ein gard (Løwe, 2004a). Det var fleire av informantane som sa at dei hadde følt seg plikta til å overta, men at det nødvendigvis ikkje hadde vore ei byrde, sidan interessa hadde auka på med åra. Nokre av informantane hadde overteke gardsbruka etter foreldre eller slektningar som har gått bort tidleg. Dei har difor tatt over mykje tidlegare enn dei gjerne hadde sett for seg, og har ikkje fått ein ”glidande overgang” som andre gjerne har fått ved at familie som dreiv garden før framleis er i live, og kan hjelpe til og kome med råd. Dessutan var det nokre av desse informantane som kunne tenkt seg å drive med noko anna og bu ein annan stad, men dei hadde følt seg ansvarlige og forplikta til å overta.

Blant informantane som er innflyttarar finn ein både døme på dei som frå før har erfaring med landbruk, og dei som ikkje har det. Eit ektepar som er tilflytta til Radøy utan å ha noko tilknytning til garden frå før hadde begge vore mykje på gard i oppveksten, sidan bestefedrane

til begge dreiv gardsbruk. Eit anna ektepar, som og har flytta til Radøy utan noko spesiell tilknytning, har ikkje erfaring frå gard, men dei har gjennomført bruksendring og driv no utleigelokale i den gamle løa, samt gjestgiveri i bustadhuset. Samtidig har dei litt jordbruksrelatert drift med sal av juletre, litt grønnsaker og frukt, og lagar eigne produkt, som til dømes syltetøy. Dei ynskjar at bruket skal framstå som ein gard, sjølv om dei har valt å gjere det litt utradisjonelt i forhold til driftsopplegg, ved at dei ikkje produserer i stor skala eller har husdyr (dei har dessutan ikkje lov ha husdyr opp mot selskapslokalet og gjestgiveriet dei driv, noko dei sjølve poengterte).

4.4 Gleda og sorga, tid og pengar - Å drive med landbruk

”Da e da første ein må lære seg te, da at ein får ikkje gjort alt” (informant Reidar).

Dette sa den yngste gardbrukaren i informantutvalet då eg spurde han om han fekk tid til å gjere så mykje på garden som han ynskja. Reidar har drive gard i fem år, og er nøgd med tilværet, sjølv om det er mykje jobb. I denne delen ser eg nærare på kva informantane meiner om det å drive med landbruk, til dømes korleis dei syns levekåra deira er, arbeidsmengde, og økonomi. Eg har i dette kapittelet allereie nytta materiale frå tre artiklar som vart presentert i tidsskriftet ”Samfunnsspeilet” i 2004. Desse artiklane, skrive av Løwe (2004a), skulle gi innblikk i norske gardbrukarar sin identitet, arbeidsforhold og livskvalitet, og var eit ledd i ei kartlegging av status og endringar i landbruksbefolkninga sine levekår, skrive på oppdrag frå Norges forskningsråd. Artiklane henta opp mykje av resultata frå levekårsundersøkingane til SSB (Vågane, 2002). Artiklane tek opp fleire av dei same emna som eg har spurt informantane i denne studia om, og resultata peikar i grove trekk mykje i same retning som mine funn. Dei fleste verkar nøgde med livet sitt, og det å drive med landbruk. Det er likevel viktig å sjå på dei ulike nyansane, og det er det ein har mogleik til i ei kvalitativ undersøking som dette.

Informantane peika generelt meir på dei positive, enn dei negative, sidene ved det å drive med landbruk. Ord som kjekt, variert, allsidig og utfordrande gjekk igjen, og fleire skildra det å drive med landbruk som ein måte å leve på; ein livsstil, meir enn berre ein jobb. Informantane likar fridommen ved denne livsstilen, og ser gjerne på seg sjølve som sjølvstendig næringsdrivande, ved at ein kan vere sin eigen herre og bestemme mykje av arbeidsdagen sjølv. Fleire av dei som har dyr på gardsbruket sa at dei trives med å jobbe og ha kontakt med dei, og at det praktiske arbeidet ein gjer ofte er interessant. Eit ektepar som jobbar ilag skildra

det som sosialt, og at dei sette stor pris på når kjente kom innom, om enn berre for ein liten prat. Dei hadde alltid syns at det å jobbe heime har vore kjekt, og at mykje av arbeidet difor ikkje har verka som jobb.

Fleire av informantane nemna trivsel som noko dei set høgt, og då gjerne høgare enn økonomi. Men dei er samtidig klare på at ein må ha løn, for det er ikkje mogleg å drive ein gard berre på idealisme. Livskvalitet meiner Løwe (2004a) er eit fenomen som ein både kan sjå på som ein *del* av levekåra og som eit *resultat* av levekåra, og at det er sterkt korrelert med einsemd. Gardbrukarane jobbar mykje åleine på bruka. Av informantane mine verkar det som om mange syns det er fritt og fint å jobbe åleine, men eg finn og dei som syns det er ein einsamt yrke å vere gardbrukar (eventuelle samarbeid og fellesskap med andre vert diskutert nærare i kapittel 4.7) .

I tillegg til verdiskaping og sysselsetting i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar (drøfta nærare i kapittel 4.6.2), har næringsaktivitet i landbruket ringverknadar for andre næringar. Døme kan vere transport av varer til og frå jordbruksbedrifter, foredling av jordbruksråvarer og sal av tenester. I dei utførde berekningane i ein rapport frå NILF (Knutsen et al, 2009) har dei prøvd å talfesta kor stor verdiskapinga er i norske kroner, og kor stor sysselsettinga er i form av årsverk som er knytt til jordbruk, skogbruk og tilleggsnæring i Hordaland. I tillegg til dei målte storleikane, skapar landbruksaktivitet andre produkt som samfunnet gjerne etterspør. Slike produkt kan vere fellesgode i form av kultur, miljø, historie, kulturlandskap, biologisk mangfald og opplevingar. Eit fellesgode er kjenneteikna ved at ein konsument sitt forbruk av godet ikkje reduserar ein annan konsument sin moglegheit til å forbruke det same godet. Ein ser på landbruket som ein viktig produsent av slike fellesgode, og det vert gjerne forklart med landbruket si multifunksjonelle rolle (Knutsen et al, 2009, og jf. kapittel 2.6).

Informantane i undersøkinga verkar bevisste på at det dei driv med skal kome andre til gode, og at det har verdi for samfunnet. Ordet "verdiskaping" vart brukt av ein informant for å skildre dei sidene ved landbruket som strekk lengre enn korleis dei sjølve lev på og driftar gardsbruket sitt. Andre igjen snakka om opplevingskvaliteten ved det å ha eller opphalde seg på ein gard, og den viktige landskapspleiinga av kulturlandskapet, som hindrar gjengroing. Viktigheita av matvaresikkerheit vart og tatt opp, og satt i samanheng med kvifor ein bør ha eit levande landbruk i alle delar av Noreg. Dette gjeld både tryggleik i forhold til kvaliteten på

produksjonsvarene, men og om det skulle bli ei krise av noko slag. Då veit lokalsamfunnet at ein har tilgong til produksjonsvarer i nærleiken, og ikkje er fullstendig avhengig av import.

Av dei meir negative sidene ved å drive landbruk vart mykje av fokuset til informantane retta mot økonomi og arbeidsmengde. "Livsstilen" som gardbrukar kan vere altoppslukande i form av mykje arbeid, og dårleg løn:

"Altså, det er klart at det som skjel landbruket kanskje frå mange er jo at det e eit løgtlønnsyrke. Møkje arbeid. Og det e klart, det er like møkje ein livsstil som ein jobb. Og det må ein på ein måte vere innstilt på. Så visst du berre e interessert i ein 8-16 jobb, så e det ikkje på ein måte det yrke som passa" (informant Bjarte).

Dårlig økonomi vert nemna som den viktigaste grunnen for at fleire av informantane har arbeid utanom garden (meir i kapittel 4.6.1). Ferie og fritid er for mange ei mangelvare, og sjølv om fleire av informantane har tilgong på avløysar var det mange som ikkje syns dei fekk ha fri ofte nok, og gjerne ikkje i dei periodane ein sjølv ynskja. Dei av informantane som ytra mest negative sider ved det å drive med landbruk var gjerne dei som har drive einsretta i veldig mange år, til dømes med mjølkeproduksjon. Ved husdyrhald må ein gjerne arbeide morgon og kveld med fôring og stell. Desse informantane peika på ei enorm arbeidsmengde og lite fritid, og at ein har fast arbeid ein må gjere kvar dag, heile året. Det finst ikkje høgtider i landbruket. Informant Leif merka meir enn før, då det ikkje gjorde så mykje, kor bunden han er til mjølkekyra, spesielt når han er i sosiale lag, som selskap, og må reise heim igjen for å mjølke.

Då eg spurde informantane om dei fekk gjort så mykje på garden som dei ynskja var det mange som svara at det gjorde dei aldri. Det fins alltid noko ein skulle ynskje at ein hadde tid til å gjere meir av. Til dømes nemna ein informant det at han gjerne skulle ynskje at han fekk grøfta meir, og stelle meir med gjerder. Det er ofte vedlikehaldet som vert utsett når ein har mykje å gjere. Informant Peder er ein som har lagt om drifta til å berre ha villsau og drive med utleige av hytter. Han er veldig nøgd med kor mykje han får gjort på bruket, og betringa av økonomien ved omlegginga: "Ja, eg e vel ein av dei sjeldne så kan sei da. Og så har da litt med da at da e forholdsvis bra økonomi i da eg drive på med. Da va da ikkje når eg dreiv bare med mjølk og kjøt". Det var og dei av informantane som uttalte at dei tek seg tid til å gjere

andre ting utanom gardsbruket, til dømes sysle på med ulike hobbyar og organisasjonsarbeid. Dette såg dei på som ein viktig og ofte kjærkommen pause frå gardsarbeidet.

4.5 Bonde, eg? - Bondeidentitet

Alle informantane i undersøkinga fell inn under definisjonen av kva ein gardbrukar/bonde er ved at dei alle eig, driftar og bur på eit gardsbruk (jf. kapittel 1.2.2). Difor brukar eg samlenemninga gardbrukarar når eg refererer til heile informantutvalet. Likevel er det viktig å poengtere at ikkje alle informantane mine gav uttrykk for at dei hadde ein yrkesidentitet som gardbrukar eller bonde, og eg skal difor i denne delen sjå nærare på kva rolle identiteten spela blant informantane, og om den er relatert til drifta dei har.

I undersøkinga ”Trender i norsk landbruk 2008” (Vik, 2008) svara 57 prosent av 1607 respondentar at dei hadde ein yrkesidentitet som gardbrukar. I alt 36 prosent sa at det først og fremst hadde ein yrkesidentitet gjennom eit anna yrke, og 7 prosent svara at dei ikkje visste kva yrke dei følte seg knytta til (Vik, 2008). For fleire er det å vere bonde ein viktig del av identiteten deira. Dei har gjerne vokse opp på garden, og det er det livet dei kjenner best til. Så det var ikkje overraskande at dei informantane i denne studia som har budd på garden om lag heile livet, og dei som driv aktivt og tradisjonelt landbruk, karakteriserte yrkesidentiteten sin som bonde eller gardbrukar. Dette var ei stor gruppe av informantane, men eg fann ein del variasjon i uttrykket dei gav for korleis dei såg på seg sjølve. Dei som var veldig klare på ein form for ”bondeidentitet” gav gjerne uttrykk for dette tidleg i intervjuet, allereie før eg kom til spørsmålet om yrkesidentitet. Informant Njål kalla seg ”eitt hundre prosent bonde”. Han har drive med mjølkeproduksjon i mange år, og har garden som einaste inntektskjelde. Han har no planar om å endre drifta ved å vidareutvikle ei tilleggsnæring med camping og utleige. Informant Christine meina at det hadde vore ein prosess å bli til ein gardbrukar. Ho og ektemannen reknar seg likevel ikkje som tradisjonelle bønder, sidan dei har starta opp med ulike formar for ny, turistretta næring på garden:

Cathrine: ”Nei, no, da og ha vo ein prosess, men no e da gardbrukar/bonde. Men ikkje, da e så forskjellig ikkje sant. Eg e ikkje ein *sånn* bonde, viss du skjøna.”

Ingvild: ”Du tenkjer ikkje på deg som ein tradisjonell bonde?”

Cathrine: ”Nei. Og så e eg litt oppteken av atte, da e og nyskapande sant, atte da e viktig. Me e i endring, og då må me ve i endring og då.”

Av dei som driv gardsdrift utan vareproduksjon vart ikkje yrkesidentiteten like tydeleg framstilt. Når ein gardbrukar endrar drifta kan det føre med seg ei endring av identiteten ein har til yrket, kva ein legg i omgrepet bonde/gardbrukar, og eit spørsmål om kva den nye identiteten ein har er. For identitet er ikkje statisk, men heller ein sosial prosess (Brandth og Haugen, 2008). Ein informant som driv med hytteutleige kjende seg først og fremst som ein som har ei ”vertskapsrolle”, og såg på det å vere gardbrukar som ei tilleggsnæring. Han tener no betre, og har meir arbeid med, utleigedelen han driv, enn sjølv gardsdrifta med villsau. Informant Dag dreiv lenge tradisjonell gardsdrift, men etter omlegginga ynskja han ikkje å bli klassifisert som ein gardbrukar lenger, sidan han tykkjer det høyrer heime på dei som driv med ein form for produksjon. Han er veldig klar på det at sjølv om ein bur på eit gardsbruk ikkje nødvendigvis tyder at ein er bonde eller gardbrukar. No karakteriserer han seg sjølv som ein ”kulturformidlar”, og har jobba med å fjerne ”bondemerkelappen” han hadde tidlegare:

”Eg har prøvd å få vekk, eg fikk det til no, eg var til legen og der står det oppført bonde i de papirene som kommer ut når eg får legeattest og et eller anna sånn. Så ba eg dei pent om å fjerne det, for det er eit hån mot ein skikkelig bonde, at ein sånn type som meg står oppført som bonde bare fordi eg eige eit gardsbruk. Ein bonde er jo ein profesjonstittel, og eg er absolutt ingen bonde, eg bare bur på eit gardsbruk”
(informant Dag).

Nokre av informantane som har ei yrkesutdanning som ikkje er relatert til gardsdrift i det heile, til dømes lærar, var likevel klar på at dei hadde ein bondeidentitet. Dei peika på at det var fint å ha noko anna utanom garden, der ein realiserte seg sjølv med andre evner og interesser ein har. Dessutan var dei gjerne oppvaksen på garden, og hadde overteke etter familie, så det å drive med landbruk hadde på den måten alltid vore ein del av livet deira. Som diskutert i kapittel 2 driv ikkje gardbrukarar berre med husdyr og matproduksjon (vurder setning). Men med dei nye næringar kjem det gjerne eit fokus på gamle verdiar og tradisjonar, og korleis ein dreiv landbruk før, ”i gamle dagar”. Dette kan visast ved eigenproduksjon av varer, omvising og guideverksemd som viser det tradisjonelle i ny innpakning.

4.6 Eit mylder av mangfald – drifta på garden

Informantane har fleire ulike driftsopplegg og kombinasjonar på dei forskjellige gardane, som gir eit heterogent landbruk. Stor variasjon eit av dei mest særeigne trekka ved landbruket, og difor ynskjer eg å fokusere på breidda når det gjeld drift, noko som viser att i mitt materiale i denne studia. NILF brukar ei tredelt inndeling for næringsaktivitet på gardsbruk (Knutsen og Spissøy, 2009):

1. Tradisjonelt jord- og skogbruk.
2. Anna aktivitet som tek utgangspunkt i eigedommen sine ressursar i form av areal, bygningar og jord- og skogbruksmaskinar; kalla tilleggsnæring.
3. Næringsaktivitet som ikkje er knytta til landbruket. Dette er definert som anna næring, og går føre seg på landbrukseigedommar NILF reknar som utan aktiv jordbruksdrift.

Materialet i denne studia kan seiast å ha representantar innanfor alle desse tre kategoriane, og det er flest som har næringsaktivitet som fell innanfor kategorien tradisjonelt jord- og skogbruk. Ein kan vidare skildre tradisjonell gardsdrift som produksjonen av mat og fiber (Storstad, 2007) (jf. kapittel 2.6). Det er likevel problematisk å plassere alle driftsopplegga i mine funn inn i ein av desse tre kategoriane, sidan grensa mellom tilleggsnæring og anna næring mange stader er uklar. Dessutan er det mange av dei som driv tradisjonelt som og har andre former for næring i tillegg, noko som då gir næringsaktivitet som høyrer heime i meir enn ein kategori.

Sjølv om nokre av gardsbruka i studia ikkje har aktiv produksjon lenger (gjere om på denne setninga), rekna eg dei like fullt som fullverdige gardar, sidan det ikkje var nokre av dei som *ikkje* vart halde i hevd. Ingen av bruka var sterkt prega av attgroing. Det mest ekstreme tilfellet blant utvalet kan nok best skildrast som ein rest av eit historisk gardsbruk, sidan informanten som bur der ikkje hadde drive noko særleg form for gardsdrift, og leigde vekk jorda til ein annan gardbrukar. Næringsaktiviteten på denne garden hadde no sitt utspring i nærleiken til sjøen, i form av utleige av hytter og båtar, og med NILF si inndeling vert det då rekna som eit bruk utan aktiv jordbruksdrift. Garden kan likevel vere eit døme på kva som kan skje med bruk som vert avvikla som tradisjonell gard, men der jorda likevel vert halde i hevd.

SSB har over tid forsøkt ulike opplegg for driftsforminndeling for å betre kunne belyse strukturen i jordbruket, men og dei har opplevd vanskar med korleis denne inndeling skal vere. For SSB har det tradisjonelt vore jordbruksareal i drift som har fungert som ein viktig grupperingsvariabel når ein vil sjå på struktur og strukturutvikling i jordbruket, men i takt med aukande spesialisering har variabelen mista mykje av sin relevans (Bye et al, 2003). Eg har ikkje fokusert på størrelsen på gardsbruka i denne oppgåva. Sidan eg har valt å ha eit breitt perspektiv på næringsaktivitet, og dermed kva som vert rekna som landbruk, kjem omfanget av gardsstørrelse i andre rekke (men for å sjå tilhøva i kommunane i Hordaland, sjå kapittel 2.7). Om ein kan snakke om ei hovudtrend i mitt materiale er det at alle informantane kunne identifisere ei eller fleire hovudnæringar på bruket sitt, og at nokre, men ikkje alle, har tilleggsnæringar. Det er stor diversitet, med mange ulike typar næring, både blant hovud- og tilleggsnæringar. Variasjonen blir difor i seg sjølv eit kjenneteikn ved landbruk i Hordaland.

4.6.1 Heiltids- eller deltidbruk, enkel- eller kombinasjonsform?

Tabell 4.3 Typar driftsform på gardsbruka, delt inn i deltid- eller heiltidsbruk (N=24)

DRIFTSFORM	Deltidsbruk	Heiltidsbruk
Enkel driftsform	2	2
Kombinasjonsform	4	16
Totalt antal bruk	6	18

Blant dei 24 gardsbruka i denne studia er det totalt 6 deltidbruk og 18 heiltidsbruk (jf. tabell 4.3). Heiltidsbruk er bruk der minst ein person kan sysselsetjast av garden åleine, som vil seie at dei ikkje har, eller økonomisk sett ikkje treng, anna arbeid utanom gardsbruket. Eventuell ektefelle eller sambuar kan likevel ha arbeid utanom garden, og dette er vanleg blant informantane. Deltidsbruk er gardsbruk der ein eller fleire gardbrukarar driv garden i tillegg til andre jobbar utanom bruket. Enkel driftsform tyder her at gardsbruket berre har ein form for produksjon, til dømes av mjølk, kjøt, eller frukt. Difor er det heller ikkje noko tilleggsnæring på desse bruka. Kombinasjonsform tyder gardsbruk som har inntekt frå, og arbeid med, meir enn ein produksjon og/eller næring.

Det er ei overvekt av kombinasjonsbruk i undersøkinga, og flest er heiltidsbruk. Av dei informantane som bur med familie på gardsbruket er det få som kan leve av garden åleine, og ektefelle/sambuar hentar difor inntekt utanom garden, i andre jobbar. Det er eit viktig å presisere at det i utvalet i denne undersøkinga er ein del eldre gardbrukarar, som gjerne ikkje

har eventuelle born buande heime lenger, og som ikkje har konkrete planar om å investere i hus, driftsbygningar eller maskinar til garden. Dei er verken i ein etablerings- eller investeringsfase, og klarar å leve av garden åleine, økonomisk sett. Fleire av dei eldste informantane, frå 50 år og oppover, gav inntrykket av at dei lar drifta ”gå litt som det går”. Det verkar for seint for somme å skulle prøve å utvikle garden og drifta vidare, sidan dei ikkje har så mange år att før dei skal pensjonere seg.

Nokre informantar driv gardane som einaste inntektskjelde, medan andre jobbar utanom bruket. Nokre har småjobbar relatert til gardsdrifta, til dømes at dei driv eigen leikeverksemd der dei brukar landbruksmaskinane sine til rundballepressing, brøyting og transport. Fleire av dei som ikkje har jordbruksrelatert utdanning har forholdsvis store og faste stillingar i andre yrke utanom gardsdrifta, og hadde ikkje klart å ha garden som einaste inntektskjelde. Dei informantane som ikkje driv garden i like stor skala som før, eller som har starta opp på små bruk har gjerne gardsdrifta meir som hobby og attåtning. Ein informant kalle det for å drive bruk med ”katt og kaniner”, men at det og har verdi i form av landskapspleie, som hindrar attgroing, og at småbrukarane difor gjer eit viktig arbeid.

Sjølv om fleire av informantane har endra driftsform, er det ingen som har avslutta all aktivitet på bruket. Aktiviteten på nokre av gardsbruka har avtatt, og det er ikkje alle som mottar produksjonstilskot lenger (jf. kapittel 4.6.4). I denne undersøkinga verkar det som det no er meir aksept for å gi seg med tradisjonell drift, sidan fleire av informantane har gjort dette. Dei angrar heller ikkje på valet. Ein informant som gav seg med tradisjonell produksjon for nokre år sidan peika likevel på at han syns landbruket på dette punktet framleis er utdatert og umoderne i tankegangen. Å avvike noko som har vore tradisjon vert forståeleg nok ikkje gjort med lett hjarte. Ekteparet Olga og Severin tenkte lenge på å avvike den tradisjonelle drifta, men utsette det sidan det virka så dumt at det var nettopp dei som skulle ende ein lang familietradisjon. Foreldra til Severin støtta imidlertid opp om valet:

”Men me var no så heldige at foreldra hans dei skjønte jo ikkje koffor me ikkje gav oss før, for lenge sidan. Dei hadde gitt seg før. Så da atte, me hadde jo ingen så...det var jo kun oss sjølve, me syns jo liksom at da va for gale, når dei hadde dreve med mjelk her i generasjonar og så skulle me vera liksom, dei som gav seg”
(informant Olga).

4.6.2 Hovudnæring

Som ein kan sjå av tabell 4.3, er det få av bruka i denne undersøkinga som berre baserar seg på ei enkelt form for næring, men alle informantane i utvalet kunne identifisere ei eller fleire former for hovudnæring på bruket sitt. Med hovudnæring meinast den næringsaktiviteten dei har størst inntekt frå, og som dei sannsynligvis har mest arbeid med, og brukar mest tid på.

Følgjande er hovudnæringar blant dei ulike informantane:

- Fruktproduksjon
- Mjølkeproduksjon
- Kjøttproduksjon (kyr)
- Mjølke- og kjøttproduksjon (kyr, kombinert)
- Sauehald
- Kulturbasert reiseliv
- Grønsaker og vedsal (tidlegare var det egg og gris)
- Sagbruk
- Kombinasjon av mjølk-, kjøt- og eggproduksjon
- Fôrsalg (sal av stråfôr)
- Kombinasjon av sau, frukt og skog
- Kombinasjon av husdyrhald og vidareforedling av kjøt
- Gjestgiveri og selskapslokale
- Turisme (i form av hytteutleige)

4.6.3 Tilleggsnæring

Fleire av informantane i denne oppgåva driv ein eller fleire former for tilleggsnæring. Eg ynskjer, som nemnt tidlegare, å vise ein del av mangfaldet av næringar som no finst i landbruket, og dermed ikkje nødvendigvis kva som genererer mest pengar eller høyrer mest med til gardsdrifta. I intervjuet spurde eg difor berre generelt om dei fanst noko tilleggsnæring på garden, og la ingen føringar i forhold til kva form for næring dette var. Følgjande er tilleggsnæringar blant dei ulike informantane:

- Hytteutleige
- Ved- og skogsdrift
- Villsau
- Brøyting
- Juletre, grønnsaker og produksjon av eigne varer (t.d syltetøy)
- Frukt
- Gardsturisme (Bed and Breakfast, gardsbesøk og omvisning)
- Blåskjellprosjekt, saman med andre gardbrukarar
- Transport og diverse leigekøyring
- Gris (næring utanom samdrift med mjølk)
- Kulturbasert næring (arrangement og omvising)
- Sagbruk

Dersom ein ser desse punkta i samband med punkta under hovudnæring (jf. kapittel 4.6.2) ser ein at det som er hovudnæring for nokon er tilleggsnæring for andre, og omvendt. Eit døme er hytteutleige, som har blitt hovudnæring for ein informant, medan det er tilleggsnæring for ein annan informant, som driv i mindre skala og har det som ei ekstra inntekt i tillegg til den ordinære gardsdrifta. Når ein startar med ny næring er det gjerne først ei tilleggsnæring, men for nokre av informantane har det etter kvart utvikla seg til å bli hovudnæringa på garden. Nokre av tilleggsnæringane er uavhengig av garden, til dømes leigekøyring og blåskjellprosjektet (jf. kapittel 5.2.2), men dei fleste er i stor grad avhengig av garden og ressursane ein har der.

Informantane nemna fleire grunnar for å drive med tilleggsnæringar. Både betre økonomi ved å kunne kombinere inntektskjelder og interesse vart tatt opp som to av dei viktigaste punkta. Informantekteparet Silje og Steinar peika på at ein kan bruke gardsbruk til andre ting enn dyrehold. Spesielt informantane i Ulvik har byrja å utvikle nisjar og turisme som tilleggsnæring. Ein bonde kan til dømes satse på tradisjonsoppskrifter og nisjemat som ein kopling mellom landbruk og kultur. Dersom slike produkt vert seld gjennom hotell og restaurantar som er orientert mot turistar, oppstår ei kopling mot reiselivet. Lokale matprodukt, kunsthandverk og underhaldning kan formidlast på torg og festivalar som vendar seg både til lokale innbyggjarar og besøkande (Rusten et al, 2007). Fleire informantar trakk fram korleis nye folk i landbruket kunne tilføre nye idear til aktivitet:

”Ein ting som slår meg ofte, og det e på ein måte det som har skjedd innanfor landbruket dei siste åra med dette å utvikla tilleggsnæringar. Viss ein ser på kem som gjere da så e det veldig få av dei som kanskje var der ifrå begynnelsen av. Da som ofta skjer, anten at folk gifter seg, får ein person utifrå som kanskje ikkje har hatt noko med landbruket å gjort før, som kjem inn i familien og på ein måte ser og utvikla ting. Nye folk, nye idear. Og det trur eg e veldig bra. For da atte, i utgangspunktet så er me som er bønder konservative, me skal drive sånn så da har vore gjort”
(informant Bjarte).

Gaasland og Vårdal (2007) argumenterer for at det er grunn til å åtvare mot overdriven optimisme med omsyn til tilleggsnæringar, som nisjeprodukt og bygdeturisme, ved at det er ein begrensa marknad for denne typen aktivitet, og at ikkje alle stadar og gardsbruk passar inn i eit slik konsept. Sjølv om det kan vere mogleg å halde mykje av det vestlandske

landbruksarealet i drift gjennom støtte til fellesgode, som kulturlandskap og matvaresikkerheit, meiner dei det er urealistisk å tru at desse tilleggsnæringane kan erstatte den sysselsettingsnedgangen som vil måtte komme i vestlandsjordbruket i takt med auka internasjonal konkurranse (Gaasland og Vårdal, 2007). Informantane gir uttrykk for ei større optimisme enn det Gaasland og Vårdal har for framtida for vestlandslandbruket. Informantane som har starta med tilleggsnæringar verkar nøgde med valet, og har stor tru på framtida. Fleire har og ynskje om å utvikle dei ulike næringane vidare, og peikar på at dei brukar meir og meir tid, og får meir og meir att for arbeidet dei gjer. Ein kan dessutan ikkje berre tenkje på dei økonomiske aspekta ved landbruk, når ein ser for seg at det generer andre viktige gode til fellesskapet (jf. kapittel 2.6).

4.6.4 Tilskot og støtte

Landbrukssektoren vert regulert med ulike tilskot og støtteordningar, og det er dermed noko gardbrukarane må forholde seg til når det gjeld gardsdrifta si (jf. kapittel 1.2.3). Informantane vart spurde om dei mottek produksjonstilskot, og eventuelle andre former for tilskot eller støtte, og om dei syns dei visste nok om dei tilgjengelge støtteordningane. Informantane svara generelt kjapt og tydeleg på spørsmålet om dei mottek produksjonstilskot, men dei måtte ofte tenkje seg litt om på spørsmålet om dei mottek andre former for støtte eller tilskot. Det verkar difor litt uklart om informantane har oversikt over kva tilskot dei mottar. Dessutan er spørsmålet om eg som intervjuar var systematisk nok i utspørjinga, sidan eg ikkje spurde etter konkrete tilskot eller støtteordningar (jf. kapittel 3.6).

Dei som mottar produksjonstilskot driv gjerne det som kan kallast tradisjonell vareproduksjon, sidan ein har visse kriterier for inntekt og omfang av gardsdrift som må oppfyllest (jf. kapittel 1.2.3). Ved fem av gardsbruka i denne studia mottar dei ikkje produksjonstilskot. Fleire informantar karakteriserte det som vanskelig å ha oversikt over alle tilgjengelege tilskotsordningar, men det fanst og dei som sa dei hadde god kontroll. Informant Jan er ein av informantane som er mest oppdatert på tilskotsordningane. Han er nøye på dei, og reknar mykje på kva han kan få. For eit par år sidan utvida han med ny driftsbygning, etter å ha tatt eit val om å satse for fullt på sau for nokre år sidan. Ofte er det tidsmangel som hindrar gardbrukarane i å få gjennomført dei tinga som gjer at dei får tilskot. Informant Kristian peika og på "skjemaveldet" ein må gjennom med søkeprosessen, og at det kan stoppe folk frå å søke.

Fleire av informantane har vore i kontakt med Innovasjon Norge i forbindelse med oppstart av tilleggsnæringar, og har i den samanheng vore med på etablerarkurs før dei bestemte seg for å satse. Ifølgje Innovasjon Norge var det rekordetterspurnad etter bygdeutviklingsmidlar (BU-midlar) og lån til investeringar i landbruket i Hordland i 2009. Berre dei store landbruksfylka Rogaland og Nord-Trøndelag hadde fleire løyvingar innanfor BU-ordninga enn Hordaland (Fylkesmannen i Hordaland, 2010). I hovudsak er BU-midla eit landbrukspolitisk og distriktpolitisk verkemiddel som er utforma for å virke gjennom gardbrukaren og tilpassingane hans/hennar. Verkmidla skal påverke gardbrukarane til å ta strategiske val som er i overreinsstemming med dei overordna politiske måla med landbrukspolitikken (Storstad og Vik, 2009). Sjølv om fleire informantar i studia driv med tilleggsnæringar, var det berre to som sa dei hadde mottatt slike midlar.

Mange av informantane trakk fram viktigheita av pleiinga av kulturlandskapet, og kor annleis det ville sett ut i nærområdet om det ikkje vart halde ope. Informantekteparet Olga og Severin meiner at tilskotsordningane til rydding og slikt er ”reklamestøtte”. Det må gå dyr på utmarka om det skal vere vits i det. Nokre av informantane som driv tradisjonell produksjon syns det går vel mykje tilskot til små bruk, men som informant Njål påpeikar, gjer dei ofte eit viktig arbeid:

”Eg syns jo at det er enormt mange tilskot som går til det med ”hobbybruk” å gjere (...). Men eg ser jo det at dersom det ikkje hadde vore ein del slike bruk; dei som driv veldig smått med for eksempel sau, så hadde det sett mykje ”løgnare” ut. Dei gjer eit fantastisk arbeid, og det ser finare ut etter sauen enn ungdyra mine. Dei trakkar mykje i sundt. Det er i grunn ok at det får ei påskjønning og altså” (informant Njål).

4.7 Samarbeid og hjelp – fellesskap og nettverk

Familielandbruket er den dominerande organisasjonsmåten i norsk landbruk (Blekesaune og Almås, 2002). Sjølv om det som oftast berre er ein person som er oppført som hovudansvarlig gardbrukar, har ein gjerne samarbeid og hjelp av ymse slag. Arbeidsmengda på gardsbruka kan vere stor for ein person å klare åleine. Ektefellar, born, slekt, og vener kan bistå med hjelp, og ein kan ha avløysar eller leigehjelp i travle periodar, som til dømes ved innhausting av frukt, og engslått. Nokre av informantane nemna viktigheita av hjelp frå foreldre og

svigerforeldre som har drive bruket før, både i overtakingsfasa, men og når ein treng ekstra hjelp eller avløyning i forbindelse med ferie eller sjukdom. Informant Gudrunn fortalte at far hennar, som dreiv garden før, er innom bruket mest kvar dag, og hjelp til med mekanisk arbeid og vedlikehald. Blant informantane finn ein og dei som seier dei driv garden heilt åleine, og berre har hjelp i form av avløyssar. Nokre er med i avløyssarringar, og andre er med i avløyssarlag (jf. kapittel 1.2.3).

Nokre av informantane sa at dei reknar gardsbruket som ein familiegard. Det betydde at dei anten jobbar saman på bruket i den daglege drifta (som nokre av ektepara blant informantane gjer), eller at ein har ektefelle eller born som hjelp til med drifta i travle periodar. Til dømes fortalde ein informant at borna hans var med å jobbe på garden om sommaren, då dei var heime på ferie frå studiar andre stadar. For nokre av informantane betyr likevel familiegard at ektefelle er medeigar, men hentar inntekta si frå jobb utanom bruket, og gjerne har full stilling. Informant Peder karakteriserte seg sjølv som sjølvstendig næringsdrivande med enkeltmannsføretak. Kona er likevel medeigar av gardsbruket, men har alltid hatt full jobb utanom.

Ein av informantane har faste tilsette. Han starta opp eitt eige firma på gardsbruket sin for nokre år sidan (og juridisk sett er no garden og firmaet to avskilte selskap), og arbeidsmengda har med det auka på, slik at han ikkje klarar å gjere alt åleine lenger. Dei tilsette kjem frå utlandet og har kunna etablere seg i Noreg på grunn av jobben. I tillegg har han sesongarbeidarar i dei travlaste periodane om året. Dessutan har informanten og eit samarbeid med andre naboar, og dei profilerer seg ilag på brosjyrar. Dei har alle gardsbruk med ulik drift, og drar difor nytte av kvarandre. Naboane har formalisert samarbeidet, og skal no søke hovudprosjekt. Ei formell registrering av ein samarbeid tyder at det er etablert eit rettsforhold mellom to eller fleire partar, og at det er oppretta eit selskap som har skriftlege vedtekter (Lønning, 2003).

For informant Dag er det ein viktig og svært vesentlig del av hans næring med opplevingsproduksjon og kulturformidling at naboane hans har produksjon av mat. Han handlar varer hos dei, som gjer at han slepp å lage det sjølv, og landskapet ville sett veldig annleis ut om dei ikkje var der. Informantekteparet Silje og Steinar drar og nytte av at dei kan bruke lokale varer, til dømes kjøt, som vert produsert i nærleiken av bruket deira i den daglege drifta av gjestgiveriet sitt. Til gjengjeld reklamerer gardbrukarane dei handlar hos for

de, og forklarar gjerne turistar vegen. Informant Peder syns og det er viktig at ein har ulik produksjon av matvarer i nærleiken av der ein bur, men då heller i forhold til matvaresikkerheit enn for eige bruk. Sjølv har han ikkje noko samarbeid med andre gardbrukarar., men i forhold til hytteutleigeverksemda samarbeidar han med andre personar innan reiselivsnæringa, til dømes ein som driv med laks. Informant Cathrine peikar på at ein vert kjend med naboane sine på ein anna måte, positivt sett, gjennom å samarbeide med dei. Dette peika og informant Kristian på, som og er med i eit samarbeid om maskinpark:

”Det er klart da atte da har noko å sei, for da e mykje lettare å samarbeide og jobba i saman med andre, for dei fleste gardbrukarar jobbar åleine. Det vert ofte eit einsamt yrke. Men det e mykje lettare om du kjem godt ut av da med naboane dine, og de kan samarbeida, for då verte da fellesskap og då e da mykje morosamare å jobba, når ein er fleire” (informant Kristian).

Samarbeid om maskinar og maskinpark er, i motsetning til døme med samarbeid om turisme, gjerne uformelle. Nokre tek og på seg leigearbeid saman med dei som dei samarbeidar med (til dømes rundballepressing og slått). Slik aktivitet gir ikkje berre ei ekstra inntekt, men og eit sosialt samhald med andre gardbrukarar (gir økonomisk kapital, men og sosial kapital, kjelde). Av dei som sa dei hadde maskinsamarbeid, peika fleire på at dei som dei hadde det saman med var folk i den nærmaste omgangskretsen deira på fritida; det er vener av dei.

Nokre av informantane syns det ikkje har noko å seie kva gardbrukarar som bur i nærleiken av dei sjølv driv med, men alle peikar på at det er viktig med aktivitet. Fleire viste til at gardsaktiviteten har avtatt på bruk i nærleiken av der dei bur, til døme syns informant Severin at det har minka veldig på aktive gardsbruk: ”Da har no eg tenkt på at før når da va lys i alle florane her då me gjekk i floren, da va veldig kjekt. No e da nesten ikkje lys i ei løa, og da e ikkje bra”. Dette stemmer overreins med tal på nedlagte bruk i Hordaland. På dei siste ti åra har antal bruk gått ned med over 2000 (jf. kapittel 2.6).

Informant Tore er ein av fleire som syns det har noko å seie kva gardbrukarar som bur i nærleiken av han driv med, for då har ein eit nettverk av folk som har same interesser som ein sjølv. Han har imidlertid ikkje noko form for samarbeid med naboar, men heller andre som held på med det same som han (mjølkeproduksjon). Andre informantar peikar på at ein kan utveksle erfaringar med andre gardbrukarar, og dermed lære av kvarandre. Det gir dessutan eit

viktig fellesskap og miljø. Det er spesielt viktig for dei som er i ein oppstartsfase (som informant Mari og familien, jf. kapittel 6.3). Informant Gudrunn er ein av dei som haustar erfaring frå andre, og at det vert prata ein del landbruk når ho møter andre gardbrukarar. Ho syns imidlertid ikkje at det er viktig kva andre gardbrukarar i nærleiken av ho driv med.

Informant Henrik peikar på at ein vert påverka av andre, og at ein har ”rasjonaliserinseffektar” om ein driv med det same. Det hadde til dømes vore vanskelig for han, dersom han var den einaste som hadde sau i nærområdet, å halde gjerde for alle som bur rundt han. Det er og ein medverkande årsak til at han føler eit fellesskap med andre gardbrukarar. Informant Eirik meiner at det ikkje har så veldig mykje å seie kva gardbrukarar i nærleiken held på med, men at det sjølvstg hadde hatt konsekvensar om nokon til dømes skulle byggje eit stort hyttefelt i nærområdet. Informant Arild peika på at det kunne vere fint å hjelp kvarandre, til dømes ved sauesanking. Men det var gjerne før, sidan han meiner at det ikkje er så mange i Ulvik som har sau lenger. Informant Bjarte syns og at det er positivt at det er god drift på dei gardane rundt han, men at det betyr at ein må tole litt, som støy og ”møkalukt”. Det er slikt som høyrer med når ein driv landbruk.

Når det gjeld fellesskap sprik altså svara til informantane i to ulike retningar, der nokre seier at det gjer dei ikkje, medan andre absolutt føler eit fellesskap med andre gardbrukarar. Informant Ola er den av informantane som drar spørsmålet om fellesskapet lengst: ”Eg føler jo eit fellesskap med ein bonde, anten det er her eller i Michigan. Ein bonde er ein bonde”. Unni og Ulrik meiner at det nesten ikkje er nokon gardbrukarar igjen rundt der som dei bur, men dei føler eit fellesskap med andre. Selmer og Gunnlaug tykkjer dei har eit fellesskap med andre gardbrukarar på Radøy, og snakkar ein del med desse. Nokre av dei er og i deira næraste omgangskrets, sidan det var fleire av desse dei vart best kjend med då dei flytta ut til Radøy. Dei var då med i ”Ku- og kaffiklubben”. Dette var ei samling for yngre bønder, og dei møttes ein gong i månaden. I seinare tid har imidlertid initiativet avtatt litt, sidan dei mest aktive ildsjelene no har seld gardane sine. Informant Tore har og vore med på desse samlingane, men han peikar på at folk har blitt travlare enn før. Wenche er med i Småbrukarlaget, men syns at det ikkje er så stor aktivitet der som før. Ho peikar dessutan på at det er lite gardsaktivitet i nærmiljøet hennar. Ho føler ikkje noko fellesskap med andre gardbrukarar, og det trur ho har samanheng med at det ikkje er andre som held på med det som ho gjer. Andre informantar peikar og på at dei ikkje føler at dei er ein del av noko

fellesskap, og difor er litt utanfor, sidan den drifta dei har gjerne er litt på sida av det andre driv med, då ofte fordi dei ikkje driv tradisjonelt landbruk.

4.7.1 Samdrift

Blant informantane i denne undersøkinga er det seks personar (inkludert to ektepar) som er med i samdrift når det gjeld mjølke- og kjøtproduksjon av kyr. Desse bur alle i Radøy kommune, og det er så langt ikkje noko samdrift i Ulvik (meir om dette i kapittel 5.2). Samdrift er eit føretak der driftsbygningar, jord, mjølkekvoter, arbeidskraft, og andre ressursar på to eller fleire gardsbruk er organiserte i ei eining (NILF, 2009). I rapporten frå NILF (2009) vert nemninga berre nytta for einingar der det er ein viss grad av likeverd mellom partane, såkalla "aktiv samdrift", men blant informantane mine finn ein og døme på dei som driv "passiv samdrift" (forklart av informantane). Då er fleire mjølkekvoter med i eit bruk, men det er berre ein gardbrukar eller eit gardsbruk som står for den aktive drifta.

Blant informantane som driv passiv samdrift (med to eller tre andre) er det ein som held på å bygge ny driftsbygning for lausdrift. Han har eineansvar for den daglege drifta, men er med i eit avløysarlag som han ofte nyttar seg av hjelp frå. Eit ektepar har for få år sidan investert i ny og stor driftsbygning. Investeringane i forhold til utbygginga er så store at dei ser for seg å drive aktivt i mange år for å få det til å gå rundt. Storleiken på desse nye driftsbygningane er betydeleg større enn det dei hadde frå før. Ein annan informant som driv passiv samdrift er derimot i andre enden av skalaen. Han ser for seg å avvikle drifta om få år, og kunne eigentleg tenkt å gi seg for lenge sidan. Driftsbygningen er dessutan så gamal at den må rustast opp om det skal fortsetjast med drift på garden.

Den aktive samdrifta på Radøy i utvalet i denne undersøkinga vert drive av eit ektepar, som eg intervjuar, og ein annan person. Dei delar den daglege drifta mellom seg, og har annankvar helg fri, noko ekteparet rekna som "rein luksus". Dessutan har dei god hjelp av foreldre. Dei har investert mykje pengar i ny driftsbygning på ei utskilt tomt av eigedommen deira. Ektepara som driv samdrift er blant dei i informantutvalet som jobbar mest saman i den daglege gardsdrifta. Dei går gjerne ilag i løa, både morgon og kveld.

4.8 Frå monokulturell til multifunksjonell?

På slutten av 1990-talet vart ikkje-handelsmessige faktorar i landbruket samla under omgrepet ”multifunksjonelt landbruk” (Almås, 2002). Det blir vidare forklart å kunne generere fellesgodar til samfunnet (Rønningen et al, 2005) (jf. kapittel 2.5). Eg tok i intervjuguiden med spørsmålet ”kjenner du til omgrepet multifunksjonelt landbruk?”. Dette eit omgrep som er mykje nemnt og diskutert i nyare landbrukslitteratur for å prøve å forklare mykje av den utvida næringa fleire gardbrukarar i seinare tid har starta med. Sidan ein kan argumentere for at multifunksjonelt landbruk kan skildre mykje av den forma for drift og næring som gardbrukarar har i dag, ynskja eg å undersøke om informantane kjende til eller hadde høyrte omgrepet, og om det dermed kunne knyttast opp mot utøvarane av landbruk. Eg ynskja dessutan å undersøke om det var nokon av gardbrukarane som sjølv brukte omgrepet for å skildre den aktiviteten eller drifta dei har på sitt eige bruk.

Mine funn viser at omgrepet var lite kjent blant informantane. Storparten hadde aldri høyrte det før, og dei som trudde dei hadde høyrte det kunne ikkje forklare tydinga av det. Eg gav ei forklaring av omgrepet til dei som ikkje kjende til det frå før, og då var det nokre av informantane som meina at den drifta dei hadde på bruket kunne karakteriserast som ein form for multifunksjonelt landbruk. Det var likevel nokre få informantar som kjende såpass til omgrepet at dei gav uttrykk for kva dei meiner det inneber. Dei forklarte det på følgjande måtar:

- ”det går vel gjerne på det at en har flere føtter å stå på”
- ”det som inkluderer alt mogleg, som Inn på Tunet”⁴
- ”da e i praksis tilleggsnæringane”
- ”då tenkje eg no på atte du kan utnytte det (landbruket) på mange måtar”

Ein kan gjerne stille spørsmål om kvifor gardbrukarane, som utøvarar av landbruk, skal kjenne igjen eit slikt tydeleg teoretisk lada omgrep. Eg meiner det er eit forsøk på å forklare ein ny trend innan landbruk, og at det difor innbefattar det fleire gardbrukarar, inkludert somme av mine informantar, driv med på bruka sine. Det har dessutan blitt hevda at ein no ser

⁴ ”Inn på Tunet” er tilrettelagde tenester på gardsbruk som omfattar tilbod til alle aldersgrupper, og er i hovudsak tenester som skjer i nært samarbeid med oppvekst/skule, helse/omsorg og rehabilitering/arbeid (Regional næringsstrategi for landbruket i Hordaland 2010-2011, 2010).

tendensar til eit sterkare fokus på fellesgode som miljø, areal og kulturlandskap (Knutsen et al, 2009). Så sjølv om informantane i denne undersøkinga ikkje kjende særskild til omgrepet, driv dei likevel med landbruksaktivitet som genererer andre godar enn mat og fiber. Fleire av informantane tok dessutan opp, som nemnt under kapittel 4.4, at gardsdrifta deira kunne ha positive ringverknadar for andre, og vere samfunnsnyttig.

4.9 Framtida som gardbrukar – ideell utvikling og tidsperspektiv

”Men ute i bygdene, rundt i skogen, på åker, i hage og fjøs går folk rundt og grundar på kva dei skal gjera ved neste korsveg. Bygge ut bruket? Legge om drifta? Selja mjølkekvoten, slik 4000 mjølkebønder har gjort på 1990-talet? Bli med i ei samdrift? Ta seg lønnsarbeid utanom bruket? Leverer bruket til neste generasjon? By bruket fram for sal? I slike stunder, når verdier står mot kvarandre og tvil rår, er fortida sterkt med i avgjerdsprosessen som eit kulturelt etterslep. Derfor vil landskap, tunskipnad, eigedomsutforming, dyrka areal, samla dyretal og totalproduksjon endre seg sakte” (Almås, 2002: 411).

Slik omtalar Almås moglege vegar vidare for norsk landbruk. Å sjå på moglege utfall for eit framtidig landbruk er spanande, og eit forsøk på å peile ut trenden vidare. Difor spurde eg informantane om kva dei såg på som ideell utvikling på garden sin, korleis dei såg for seg drifta om ein 10-20 års tid, og kva dei trudde om framtida som gardbrukarar. Mange av informantane har tenkt mykje på kva som kan skje vidare, både for eigen del, og i forhold til garden. Fleire ynskjer at det etter at dei vert pensjonert, eller gir seg, framleis skal vere aktivitet på bruket, og dei som har born ser gjerne for seg at det er nokre av dei som tek over, men dei understrekar at det er berre dersom borna vil det sjølve. Dei som ikkje har born, ser det som meir usikkert kva som kjem til å skje med bruket. Dei fleste ynskjer at det framleis skal vere ein form for landbruksaktivitet der, men at det og berre kan nyttast som ein stad å bu (jf. kapittel 4.9.1).

Informant Vidar har drive med mjølk- og eggproduksjon i mange år, og ser dystert på drifta på garden framover. Borna er såpass gamle at han trur ikkje dei ynskjer å overta, og sjølv har han lenge tenkt på å avvikle drifta. Han syns det var vanskeleg å svare på om han ser for seg at det kjem til å vere noko form for aktivitet på bruket i framtida, og var den av informantane som verka mest pessimistisk i forhold til den vidare vegen til landbruket. Informant Peder er bekymra for kva effektane av finanskrisa og dei stadig dyrare prisane i Noreg vil gjere med

tyskarane som kjem til utleigehyttene hans. Han meiner han slit sidan han sel eit produkt, ei eksportnæring, i utlandet.

Blant andre informantar finn ein fleire ulike, og meir optimistiske, framtidsplanar, og fleire verkar å vere reelle ved at gardbrukarane er i gong med planlegginga. Informant Wenche ynskjer å prøve å starte opp med Bed and Breakfast i nær framtid, etter å ha hatt suksess med foredling av kjøt som tilleggsnæring. Informant Tore er i ein utbyggingfase, og kjem snart til å ha klar ei stor ny løe for lausdrift. Her er drifta modernisert med mjølkerobotar, som lettar det fysiske arbeidet mykje frå slik han har hatt det før. Nokre informantar har planar om å satse på nye dyrerasar: Gudrunn ynskjer på sikt å avle rasesau, og Kristian trur at sonen, som skal ta over garden, kan tenkje seg å drive med Highland Cattle. Reelle planar om større investeringar på garden kan vere ein peikepinn på gardbrukaren si framtidstru. Om ein har slike investeringsplanar varierer naturleg nok med gardbrukaren sin alder, og vert og påverka av produksjonstypen og størrelsen til garden. SSB har funne at nær annakvar brukar under 40 år vil investere, medan andelen berre er den halve blant dei over 50 år. Mjølkeprodusentar er mest investeringslystne, og jo større gard, jo større er sannsynligheita for betydelege investeringar (Løwe, 2004a).

I ei NILF-undersøking om ”Ønskje om opplæring, kjøp av tenester, framtidsutsikter og hindringar for bønder i Hordaland” (Spissøy og Hjørnevik, 2009) vart respondentane spurt om kva drift eller produksjonar ein såg det som realistisk at gjekk føre seg på gardsbruket om fem år. Ynskje med undersøkinga til var å få signal om utviklinga av Hordalandslandbruket, og innblikk i korleis bøndene ser på framtida. Det er få som ventar seg store endringar, og dei 135 bøndene som svara på undersøkinga vil halde fram med gardsdrift. Det kan likevel diskutertast om denne haldinga er representativ for fleirtalet av gardbrukarar i fylket, sidan gardbrukarar som svarar på ei spørjeundersøking om opplæring og kjøp av tenester, gjerne er dei som sjølve er interesserte i dette, og gardbrukarar som ynskjer vidareutdanning innan landbruk, har naturleg nok ikkje har planar om å leggje ned drifta i nær framtid. Den i hovudsak positive haldninga til vidare drift inkluderer satsing på eit breitt spekter av tilleggsnæringar, der fleire er knytta til reiseliv, husflid og foredling. Mange oppgav ein kombinasjon av ulike produksjonar som realistiske produksjonar på gardane om fem år, og flest oppgav sauehald i kombinasjon med andre næringar. Berre ein person oppgav samdrift (Spissøy og Hjørnevik, 2009).

Om ein ser dette i forhold til mitt materiale finn ein at fleire informantar ynskjer å drive slik dei gjer i dag, medan andre ynskjer å utvikle garden vidare, og andre igjen ynskjer å trappe ned eller slutte med gardsdrift. Det er imidlertid veldig få som trur dei kjem til å gi seg heilt med gardsdrift, og fleire trur at dei kjem til å ha litt aktivitet på garden og etter at dei pensjonerer seg. Informantar som allereie har investert i, og utvikla, garden har fleire planar dei ynskjer å realisera. Ein informant sa at han alltid har lyst å utvikle ting, og at ”da må skje nåke heila tio”. Informantane som har hatt store investeringar håpar dessutan at nokon vil ha interesse av å drifta det etter at dei gir seg.

4.9.1 Rekruttering

I ei prosjektskildring frå Bygdeforskning (2002) om rekruttering til landbruket vert det særleg fokusert på vekselvirkningane mellom definerte politiske og institusjonelle rammebetingelsar, næringsstruktur og landbrukspraksis, og sosiale og kulturelle betingelsar som er i kontinuerlig endring. Forskarane argumenterer for at det er i rommet mellom desse elementa at framtidens bønder vert skapt og omfanget av rekrutteringa vert avgjort. Blant informantane i mi undersøking som har born ynskjer fleire at borna gjerne tek over, men berre om borna *sjølve* ynskjer det. Fleire informantar er difor usikre på om det kjem til å skje. Det var ingen som stilte noko konkret krav eller betingelsar til driftsopplegg, og ingen av informantane sa eksplisitt noko om at dei som overtek må fortsetje slik som det vert drive no. Informant Arild sa det slik då eg spurde om han ynskja at borna hans skulle ta over garden: ”Egentlig ikkje (...). No er det mulig at det kan bli ei slags deltidsdrift, slik at det kan kombinerast med andre ting. Det hadde eg sett på som positivt”. Arild er ein av fleire som ser for seg at drifta på garden vert litt ”forenkla”, ved at garden kan vere ein stad å bu, men at ein gjerne har anna arbeid utanom. Informant Vidar sa derimot rett ut at han ikkje ynskjer at borna hans skal ta over bruket, og at han heller ikkje trudde at dette var noko dei ville.

Informant Dag er klar på at gardsbruket deira kan vere ein stad å bu og ha livet sitt på, men han og kona har ingen forventning eller tvang i forhold til at dei skal drive tradisjonelt landbruk, eller at dei skal bu der permanent. Gardsbruket kan heller fungere som ein base for familien. Informant Eirik peikar derimot på at smågardane ikkje har økonomi til å ha to generasjonar buande på garden, og at alderen ved overdraging vert utsett mykje meir enn det var tidlegare i generasjonen hans. Både Henrik og Kristian har born som bur i Bergen, og peika difor på at det foreløpig er byen og det urbane som held på borna. Henrik håpar nokon av borna vil ta over, og Kristian har satt eit ”krav” om at sonen skal bu på garden, men utan å

gi han føringar. Han valde dessutan å slutte med mjølk for eit par år sidan, sidan han visste at sonen ikkje ville drive med det. Informantekteparet Olga og Severin syns det er kjekt om nokon vil overta, men at dei er såpass unge at det kanskje blir nokon i neste generasjon igjen, og at dei dermed hoppar over eit slektsledd. Dei syns det viktigaste er at nokon kan trivast med å drive bruket, og at det difor ikkje nødvendigvis treng vere nokon av deira born som overtar, men like gjerne nokon som dei er tante og onkel til. Slik vert det likevel heldt i familien.

Informant Njål trur at det gjerne vert ei av døtrene hans eller ein han er onkel til som kjem til å overta bruket, men at det då ikkje vert med mjølkeproduksjon, sidan driftsbygningen er nedslitt. Den må i tilfelle rustast opp om det skal drivast aktivt i stor skala. Samtidig peika han og på det at det verka urettferdig å skulle anbefale andre å ta på seg det tunge gardsarbeidet ved smågardane ein har i Hordaland. Njål har drive med mjølkeproduksjon i mange år, og er ein av dei få aktive gardane i sitt nærrområde:

”Landbruket, om ein skal ta det. Det er så stor forskjell på landbruket. Om ein seie landbruket, så kan ein tenkje oss her, og så kan ein sjå ned på Jæren. Det e klart at hadde eg drive ein gard der nere så hadde eg anbefalt dei som kom etter meg til å drive den vidare, men om du ser nerøve bakkane mine her. Eg slår åtti prosent med Vossakasse⁵, kører inn 350 Vossakasser for året, i tillegg til rundballingane. Kvifor skal eg anbefale andre å gjere det, når dei finn seg andre ting dei trives med?”
(informant Njål).

Njål har sett at mange av tilflyttarane som har kome ut til Radøy for å starte opp med gardar ikkje har klart det, for dei, ifølgje han, ”tenkjer berre hest”. Han har høyrte at det er ein enorm etterspørsel etter gardsbruk. Dette stemmer overreins med resultatata frå undersøkinga Norsk Monitor i 2008 (Wiker, 2008) (jf. kapittel 2.8.3.). Informant Unni ser faren ved dei som berre ser det bonderomantiske i å drive gard, men og at det er synd for dei som har lyst å drive, men som har problem med å kome seg inn på marknaden. Ho trur samtidig at slikt ofte kan løysast ved at ein har naboar og andre ein kan overta hos, der ingen av ungane ynskjer å overta, og at det har vore litt av det rundt omkring på Radøy.

⁵ Kasse som kan monterast bak på traktor, og bli nytta i staden for tilhengar ved fôrhausting i bratt landskap (mi forklaring).

Landbruket har historisk gjerne blitt sett på som ein sektor prega av plikt, tradisjon, og eit press om å overta etter familie (Melberg, 2009). Blant informantane var det nokre som nemnde dette som faktiske grunnar for at dei hadde tatt over garden. Det er då påfallande at det ikkje er nokon av informantane som uttalar at dei vil presse nokon av borna sine til å overta, det er heller noko dei må få velje sjølv. Men fleire *ynskjer* sjølvsagt at borna skal ta over. I tillegg til dette verkar dessutan terskelen for å endre drifta lågare, ved at det er meir aksept for at borna, eller andre som overtek, kanskje kjem til å endre drifta på garden. Faktisk ser nokon av informantane på driftsendring som positivt. Mange av informantane tykkjer rekrutteringa til landbruket er for dårleg, ved at ein ikkje får inn nye folk. Fleire uttalte at dei såg det som positivt å opne opp landbruket meir til folk som ynskjer å drive. Dei trur og at odelslova i framtida vert endra eller meir "utvatna", men at den framleis vert ståande.

Det vart av ein informant peika på at odelslova sikrar at det vert drive landbruk, men at det er både på godt og vondt. Dei som ser positivt på odelsretten, reknar denne som ein god sikkerheit for rekruttering, og ein veit tidleg veit om borna vil ta over eller ikkje. Informant Kristian syns odelsretten skal bli ståande, "for dersom det ikkje er odelsrett, så e da ingen som føle forpliktelsar til å overta gardsbruket". Men han peikar samtidig på at dei fleste bønder er lite villige til å sleppe inn dei som ikkje tilhøyrer slekt. Informant Jan peikar på viktigheta av at ein må vere interessert i å drive, og at det er til det beste for garden. Han ville ikkje gitt frå seg garden til eit eventuelt eldste barn om han såg at denne personen ikkje var interessert i å drive gard. Andre informantar peikar og på at odelslova er urettferdig, sidan det er den som tilfeldigvis er eldst som har retten, og at lova difor vert fin for nokre få, men trist for mange. Lova kan dessutan vere med på å auke presset om å overta gardsbruket. Informant Peder ynskjer å opne opp landbruket meir til folk som ynskjer å drive, men meiner det må bli stilt krav til dei som skal starte opp (nemnt under utdanning, kapittel 4.2.3). Informant Finn går inn for at det burde vere meir kjøp og sal, for slik det er no syns han ikkje det er lett å få selt ein gard som det er odell på. Odelslova set dermed ein stoppar for ein del av gardane som kunne blitt selt til folk som er interesserte i å drive. Han syns i tillegg at ein kunne ha "mjuka opp" odelslova i forhold til at det er den eldste som har retten, men samtidig peikar han på at det er positivt at det vert halde i familien.

Informant Eirik er bekymra for fagrekrutteringa til landbruket. Då han gjekk på jordbruksskulen var det odelsgutane sitt domene, men slik er det ikkje i dag. Fleire

ungdommar kjem ikkje tilbake til gardane, for det er for mykje arbeid. Det vart peika på at folk ikkje vil jobbe slik dei gjorde for femti år sidan, for ein stillar mykje kraftigare krav om ferie og fritid. Dette meiner informatane må utvikle seg, elles mistar ein all rekruttering. Informant Dag peikar vidare på at det er hindringar for omsetting av landbrukseigedommar, som odelslov og konsesjonsplikt, og at det går utover smågardane:

”Når no ein generasjon, eller to generasjoner bønder, no har sotte og syte og klage ved middagsbordet kvar dag i heile oppveksten til sønene, odelsguttene, så er det jo klart at som skjer i dag er ein naturleg konsekvens at odelsgutar utdannar seg til oljegeologar og reiser til byen så fort dei kan., Men de som sitter i byen, eller i Nederland eller i et eller anna land, og har lyst til å bli bonde på Vestlandet og skaffer seg utdanning, han har ikkje nubbesjangs” (informant Dag).

Tilflyttarane Silje og Steinar har snakka med fleire i lokalmiljøet som syns det er betre at gardane vert selt til andre, som kanskje startar med litt annleis drift enn tidlegare, enn at det står tomt og forfell. Dei syns og det er bra at gardar ikkje vert brukt berre til fritidsbustad, og trur difor at kommunen har vore veldig positiv til drifta deira. Informant Arild har lest e bøkene til Helge Bergo (2005), ein kvass kritiskar av norsk landbrukspolitik, og meiner statlege myndigheiter kan vere med å stanse rekrutteringa, sidan dei går inn for større bruk. Nokre informantar trur at matjorda vil bli meir verdsett i framtida, og at det vert viktigare og viktigare å ta vare på ho. Dei meiner jorda er til for å brukast, og ikkje berre lagrast. Men der ein informant ikkje ser problem med å bruke jorda til å produsere biobrensel, er andre sterkt negative til å bruke matjorda på denne måten.

4.9 Oppsummering

I dette kapitlet har det tematisk blitt drøfta ulike emne frå intervju med informantane. Eg starta med å sjå på kven gardbrukarane i denne studia er, og kva tilknytning dei har til gardsbruka. Vidare såg eg på korleis informantane vurderte yrkesidentiteten sin, før eg gjekk nærare inn korleis dei ser på det å drive med landbruk. Her spelar motivasjon og levekår inn. Deretter vart ulike driftsopplegg på gardane utforska, der variasjon og tilleggsnæringar stod i sentrum. Det vart og sett nærare på samarbeid og fellesskap innan landbruket, tilskot og støtteordningar, og forholdet informantane har til omgrepet ”multifunksjonelt landbruk”. Avslutningsvis utforska eg kva gardbrukarane trur om framtida, sett i forhold til ideell utvikling på garden deira, men og i forhold til rekruttering og landbruket generelt.

5. GARDBRUKARANE OM LANDBRUK PÅ LOKALT, NASJONALT OG INTERNASJONALT NIVÅ

5.1 Innleiing

Denne delen av studia utforskar den geografiske dimensjonen i oppgåva, ved å sjå nærare på at intervjuundersøkinga vart gjennomført i to kommunar med ulik geografisk beliggenhet i Hordaland fylke; kystkommunen Radøy og fjordkommunen Ulvik. Eg vil vidare undersøke om landsbruksforholda i dei to distriktskommunane, sett frå gardbrukarane sitt perspektiv, kan seie noko om tilhøva i Hordaland fylke (jf. kapittel 2.6). I tillegg til å utforske det lokale nivået, kjem kapittelet til å gå inn på korleis informantane ser på landbruket nasjonalt og internasjonalt.

5.2 Eit ”Hordalandsk” landbruk?

I denne undersøkinga er Hordaland eit overordna studieområde. Det er registrert landbruksaktivitet i alle kommunane i Hordaland (jf. tabell 2.4) (for samanlikning av Hordaland med andre fylke, sjå vedlegg D). Det er stor variasjon i produksjon og omfang, likevel er landbruket viktig på mange område. Landbruket er viktig for å oppretthalde busetnad i mange bygder, og difor ein viktig faktor for å oppretthalde infrastruktur og tenestetilbod i mange bygdesamfunn (Knutsen et al, 2009). Dette er ein viktig del av distriktpolitikken til Noreg (NOU, 2004:2). Informantane vart ikkje spesifikt spurt om korleis dei ser på landbruk i fylket sitt, men det var fleire som sette det i samanheng med når dei snakka om det lokale landbruket i kommunen sin. og tilhøva elles i landet. Informant Arild ser negativt på framtida som gardbrukar for eigen del, men og for Hordaland som fylke:

”Nei, eg har jo for så vidt trappa ned, så eg ser ikkje noko framtid for mitt vedkommande. Og for jordbruket sin del så, i alle fall på Vestlandet, så ligg me i Hordaland på norgestoppen for bruksnedlegging. Og det har sine naturlige grunnar i form av små og brattlendte, og tungdrive bruk” (informant Arild).

Informant Henrik er dei einaste av informantane i Ulvik som samanliknar landbruket inne i fjorden med tilhøva lenger ute i Hordaland fylke. Han reknar det som lettare for folket som bur ut med kysten, men at turismen er med å halde liv i landbruket i kommunen hans:

”Nei, me har vel ein fordel, og det er vel turismen kanskje, atte da er jo litt avhengig av koss...me ligge litt bedre ann sånn kanskje. Så er det jo ein ting til som gjere at me kanskje vil holde oss i live litt lenger enn somme plassar lengre ute, det er vel det at me har dårleg med andre alternativ. Om du kjeme ut i mot kysten så har du meir oljerelatert, befolkningsvekst, alt detta dar. Me baska i andre enden”
(informant Henrik).

Informant Mari er positiv til landbruket på Radøy, men ho ser det i samanheng med korleis tilhøva er for landbruk på Vestlandet: ”Det er aktivt og godt miljø. Her er det fleire som driv med mjølk. Heile Radøy er ein landbrukskommune som er i ganske bra drift då. Men det er jo vestlandet sant, litt sånn mot alle odds.” Før Selmer og kona kjøpte eit gardsbruk på Radøy køyrde han dyretransport andre stadar i Hordaland. Han har no drive gard i 10 år, og har i dei seinare åra tatt på seg litt transportarbeid att. Han har tydeleg sett at det har minka på aktive landbrukseigedommar i fylket: ”Så kor da har forandra seg...eg ser det veldig godt når eg kjem inn att på dei plassane så eg køyrde mykje den gongen då. No følgje ein jo litt meir med og, etter kvart. Og når eg kjem på dei plassane så e lenge sia så ser eg da minka voldsomt”. Selmer sine observasjonar stemmer godt med tala nasjonalt, og regionalt for Vestlandet. Sjølv om antal bruk har falt drastisk, men at landbruksarealet har blitt opprettholdt. Dette gjer og at nokre bruk vert større (jf. kapittel 2).

5.3 Landbruk på lokalt nivå

I intervjuet vart informantane spurt om korleis dei såg på landbruket i kommunen sin, og om dei trudde dei hadde sett for seg å drive med noko anna om dei budde ein annan stad. Dette vart gjort for å danne eit bilete av kvifor gardbrukarane gjer det dei gjer, der dei gjer det, til dømes om dei ulike geografiske tilhøva gjer seg utslagsgivande i ulike driftsformer. Når ein snakkar om kvalitetar ved ein stad kan ein og sjå på om kommunen er eit relativt isolert lokalsamfunn eller om det er forholdsvis greitt å pendle til ein stad der arbeidsmarknadstilbodet er betre.

Om landbruk i kommunane skriv Landbruk- og matdepartementet på nettsidene sine at det spelar ei viktig rolle for busetting og sysselsetting (Regjeringa, 2010b). Målet deira er å gi grunnlag for auka verdiskaping og livskvalitet, basert på ei berekraftig forvaltning av landbruket og ressursane til bygdene. Kommunane har ei viktig rolle i å utvikle ein lokal landbrukspolitik innfor rammene av den nasjonale landbrukspolitikken, samt sjå

landbruket som ein integrert del av samfunns- og næringsutviklinga i kommunen. Kommunane er vedtaksmyndighet knytta til juridiske og økonomiske verkemiddel, og innstillande myndigheit knytta til BU-midlane (Regjeringa, 2010b).

At produksjon og produkt vert knytta til eit bestemt geografisk område, medverkar til kunnskapsoppbygging, innovasjonar og nettverk som kan gi positive ringverknadar lokalt (Lønning, 2003). Kommunane er førsteinstans for dei fleste tilskotsordningane. Dei har informasjonsansvaret til brukarane, mottek søknader og behandlar desse. Når det gjeld produksjonstilskot, vert det søkt to gonger i året. Fylkesmannen er koordinator og rådgjevar overfor kommunane, og SLF har ansvar for hovudutbetalingane (Fylkesmannen i Hordaland, 2009b). Difor har dei langt på veg mykje makt i forhold til å regulere landbruket i eit område. Difor kan det og førekome variasjonar i kva slags line ulike kommunar vel å legge seg på.

5.3.1 Landbruk i Radøy kommune



Figur 5.1 Sau på beite på Radøy


Fleire av informantane på Radøy gav uttrykk for at det er ei positiv utvikling innan landbruket lokalt. Dei peikar på eit aktivt og godt miljø blant gardbrukarar, med fleire unge bønder. Landbruket på Radøy er framleis prega av mykje mjølkeproduksjon, og fleire av informantane sa at det eksisterer ein kamp om å få kjøpe og leige mjølkekvoter, når ein ynskjer å utvide meir frå det ein har frå før. Nokre informantar trakk likevel fram at dei meiner at det har vore

for ein-sided drift på mjølk i kommunen, og at dei gjerne hadde sett at det var meir aktivitet i andre landbruksnæringar. Men samtidig er mange positive til samdriftene som har byrja å etablere seg på Radøy. Desse nye initiativa innan mjølkeproduksjon lar gardbrukarane ha meir fritid enn ved tradisjonell drift (dette gjeld stort sett aktiv samdrift), og ein slik økonomi at ein kan leve av gardsdrifta. Samtidig peikar nokre av informantane på at det er veldig dyrt å investere i ny driftsbygning, slik at ein har gjeld i lang tid etter omlegging til samdrift. Det er ikkje så mykje snakk om nisjar og ny næring blant informantane på Radøy, men ein informant driv med hytteutleige, og ein annan har foredling av kjøt. Dessutan har eit tilflytta par starta opp med gjestgiveri og selskapslokale, og desse nyttar seg av lokale produkt i drifta si. Eit anna innflytta par frå ein nabokommune er nøgde med at det er god aktivitet og eit ungt miljø på øya. Dei har vore med i ei klubb bestående av unge gardbrukarar (jf. kapittel 4.8):

Selmer: ”Det er litt meir giv enn i nabokommunane. Og så e da møkje unge bønder, engentlig. Unge mjølkeprodusentar. Sio da e såpass mange så drive og, så øvetar, og forsett og, kjeme til å fortsetta.”

Gunnlaug: ”Da e jo litt kjekt og, me trur at da ha litt med at sio da e eit ungt miljø, at da smitta sikkert litt. Og då har ein jo på ein måte eit miljø, me har jo ein sånn, no e den ikkje så aktiv då men; Ku og kaffiklubben. Men no e da berre gått øve til grillfest. Neida, me prøve å ta da opp igjen då, men da e jo den tie då.”

Ei av dei mest utbreidde tilleggsnæringane blant informantane på Radøy blant er villsau. Omfanget av villsau har hatt eit stort oppsving på øya (Knutsen et al, 2009) (jf. kapittel 1.3.2). Det er ein gamal sauerase som no er attende som produksjonsdyr, og har blitt trendy restaurantmat (Lønning, 2003). Villsau er mindre arbeidskrevjande enn andre sauerasar, sidan desse ikkje treng å bli fôra. Nokre av informantane som ikkje har villsau var ikkje positivt innstilt til rasen. Ein informant kalla det for ”kaniner på 10 kilo”, og meiner at om ein har dyr må ein ha såpass tid og lyst til å ta seg av dei. Innovasjon Norge melder at Radøy normalt kjem bra ut på statistikken deira over næringsaktivitet, med at det med fordel kunne vore meir aktivitet innan nye næringar i landbruket. Nærleiken til Bergensmarknaden burde gje gode mogleikar, men ei avgrensa rolle og tradisjon innan reiseliv bidreg truleg til å seinke utviklinga (Fylkesmannen i Hordaland, 2010).



Figur 5.2 Verdiskaping i landbruk i Radøy kommune i 2008, målt i 1000 kroner, 2008

(basert på Knutsen et al, 2009: 116).

Figur 5.2 viser verdiskapinga innan landbruket i Radøy i 2008. Det er kumjølkk og sauehald som er dei viktigaste produksjonane, og dette samsvarar med verdiskapinga i Hordaland fylke (jf. kapittel 2.6). Nokre informantar peikar på at matvaresikkerheita er godt dekkja i kommunen, sidan ein har eit allsidig landbruk, men fleire fryktar at landbruksaktiviteten er på veg ned. Så langt vert mykje av gardane som vert lagt ned leigd av andre som syt for at engene vert slått. Fleire av informantane som slår på andre gardar enn sin eigen bekymrar seg for kva som vil skje når dei eventuelt gir seg. For ein kommune som er stolt over å profilere seg som ”den grønne øya” på grunnlag av kulturlandskapet (Radøy kommune, 2010), er det gjerne ikkje rart at fleire av informantane trekk fram pleiing av kulturlandskapet som eit viktig fellesgode. Dei vil ikkje at Radøy skal gro til (jf. kapittel 2.6). Informant Tore peikar på at det er ulikskapar i aktivitet, og driftsformer, på ulike stadar i kommunen:

Tore: ”Veldig varierende. Her på dinna side, i dinna bygda her, e da ikkje så gale, men i søre delen tå øyne e da bare sau. Da e villsau og hobbybønder, for å sei da sånn. Det er veldig trasig.”

Ingvild: ”Hadde du sett at det var fleire som dreiv med mjølkk?”

Tore: ”Ja. På grunn av at du får eit heilt aent nettverk rundt deg. No e da med folk som går i anna arbeid.”

Ingvild: ”Du har ikkje jobb utanom?”

Tore: ”Nei, da e heildagsarbeid, for å sei da sånn.”

Informantane uttrykka at dei syns det var vanskelig å sjå for seg om dei hadde drive med noko anna om dei budde ein annan stad, og då og det eventuelle oppfølgingsspørsmålet om dei ville drive med landbruk eller ikkje. Det er kort avstand frå Radøy til både by og industri, der de fins alternative arbeidsplassar. Tre av informantane på Radøy nemna Mongstad som ein arbeidsstad om dei ikkje skulle drive med landbruk, to av dei leverer dessutan trelastvarer til anlegget og har jobba der for ein periode (meir informasjon om Mongstad i kapittel 1.3).

Informant Wenche skjønner kvifor nokre gardbrukarar vel å ta seg anna jobb:

”Så viss det atte det virkelig var ønske og vilje om at me ska beholde dei her bruka, så må du gjere nåke med inntektene. Det e heilt klart. For det er jo sånn så i området her, det e lett å få seg anna arbeid, og det e jo heilt anna betaling før det, så du skjønner jo godt at ikkje folk driv gardane sine. Her er det så enkelt, det e å få seg jobb ute på Mongstad. Bønder so egentlig driv no ganske intensivt på gardane sine, så fe dei seg ein jobb ute på Mongstad, et eller anna, og då e det jo lett for at dei trappar ned på bondeyrkjet” (informant Wenche).

Det var 16 respondentar frå denne regionen som svarta på NILF-undersøkinga: ”Ønskje om opplæring, kjøp av tenester, framtidsutsikter og hindringar for bønder i Hordaland” (Spissøy og Hjørnevik, 2009). Jordbruksproduksjonen er i hovudsak sau i tillegg til mjølk og storfe. Det er store utmarksbeiteområde i fjellstroka som også vert nytta av bønder i ytre stork. Dei som svarte på undersøkinga ser i store trekk for seg at dei om fem år kjem til å driva eigedommen slik dei gjer i dag, og det vil i praksis seie ei drift med sau, oksar og ammekyr, eller mjølkekyr. Det var ingen som nemnde poteter, grønsaker, frukt eller bær i dette området (dette vert litt annleis enn i mine funn, sidan ein av informantane i mi studie har grønsaker, og ein annan lagar syltetøy av eigne bær. Produksjonen er derimot i liten skala, og privat). Nordhordland er ein region med sterk nedgang i aktive bruk, og for NILF var det difor spesielt interessant å sjå kva hindringar brukarane i regionen opplevde for utvikling av gardseigedommane. Mange oppgjer usikre rammevilkår og vanskar med finansiering, men noko overraskande oppgjer nesten kvar tredje at dei opplever vanskar med å få nok areal som eit hinder, til tross for at mange bruk ligg unytta. Dette ser NILF på som eit viktig signal til kommunal arealforvaltning i regionen (Spissøy og Hjørnevik, 2009).

5.3.2 Landbruk i Ulvik herad



Figur 5.3 Eple på rekkje og rad i Ulvik

Ulvik er ein geografisk større kommune enn Radøy, men likevel har Ulvik færre gardsbruk enn Radøy (jf. figur 1.1 og kapittel 1.3). Frukt står fram som ein av dei viktigaste formene for landbruk i Ulvik, som i fleire av Hardangerkommunane, til dømes Ullensvang (Knutsen et al, 2009). Dei fleste av informantane mine dreiv med frukt i ein eller anna form, med anten stor eller liten produksjon, der liten berre er til eige hushald, og det er eit av dei tydelegaste kjenneteikna ved landbruket i kommunen. Nokre har dette som einaste hovudnæring på bruket, medan andre har det i kombinasjon med anna husdyrnæring, som kyr eller sau. Fleire informantar har starta opp med turismeretta næring, og ein kan gjerne sjå dette i samanheng med at det er dårleg med mogleik for andre jobbar innad i kommunen, og langt til andre arbeidsplass.

Fleire informantar er positive til landbruket i kommunen, for dei meiner dei har eit aktivt landbruk. Mykje vert halde i drift, så ein ser ikkje så godt til den frykta gjengroinga endå. Fleire av gardbrukarane slår på andre gardar i tillegg til sin eigen, og dermed vert mykje tidlegare nytta landbruksareal halde ope. Men nokre informantar peikar på at det viktigaste for å hindre gjengroing er at det går dyr og beitar. Kulturlandskapet er eit *lokalt* fellesgode. Til dømes er det først og fremst den lokale turistindustrien og befolkninga rundt Hardangerfjorden som nyt godt av det vakre landskapet i Hardanger, og som kan avvege verdien av dette opp mot anna lokal ressursbruk. Kommunane i Hardanger har truleg og best

kunnskap om kva eigenskapar ved landskapet eller kombinasjonar av driftsformer som vert høgast verdsett av turistar og eigne innbyggjarar, enten det er frukttre, beitande dyr, utsyn til fjorden eller turstiar frie for kratt (Gaasland og Vårdal, 2007).

Informantane som driv med mjølk i Ulvik har forholdsvis små kvotar, med ein ti-tolv mjølkekyr, og det var ingen av dei som gav uttrykk for at dei ynskja å kjøpe eller leige meir kvote. Det var og ein informant som hadde produksjon av egg i tillegg til mjølk- og kjøtproduksjon. Nokre informantar har lagt om drifta slik at det dei gjerne dreiv med før som ein slags tilleggsnæring har tatt over som hovudnæring, til dømes med kulturbasert reiseliv, der ein tar imot gjestar og turistar på garden for historieforteljing og omvising. Det er altså ein positiv utvikling i forhold til nisjeproduksjon blant informantane i Ulvik. Ein har klart å knytte landbruk og reiseliv, noko som kan tenkjast å ha grobotn i at Ulvik har ein lang tradisjon for turisme. Ein informant peika på at det var viktig å ta verdival når det gjeld nye typar gardsbruk i forhold til kva folk ynskjer, og kva ein kan tilby.

Dei av informantane som har drive i mange år syns det var meir optimisme og drift før. Dei meiner at det minkar på bruk og "nedgang" er eit ord som går att, og då spesielt i forhold til mjølkeproduksjon. Det vert peika på at arbeidsmengda er stor på bruk med tradisjonell drift, og at folk i dag ynskjer meir fritid enn det som var vanleg for gardbrukarar før. Ungar har dessutan sett korleis foreldra slit, og vert gjerne regelrett fraråda å starte med same type drift. Korleis det vert for komande generasjonar er eit viktig aspekt i forhold til langsiktigheit i jordbruket, og det vart trukke fram av ein informant som er veldig skeptisk til landbruksutviklinga i kommunen.

Som nemnt er det fleire av informantane som har sett potensialet for å knytte turisme opp mot landbruksnæringa. Ein informant skildra tilleggsnæringa si som "kulturbasert reiseliv". Det eksisterer samarbeid mellom gardbrukarar og det største hotellet i Ulvik, Rica Brakanes Hotel. Hotellet sender gjester, og gjerne folk som er på kurs eller konferanse, på omvisning og prøvesmaking hos fleire av gardbrukarane som har eigenproduksjon av varer. Dette verka viktig for dei som har starta med nisjerelatert næring, sidan dei gav uttrykk for at det kunne vere vanskeleg å berre basere seg på lokal handel på ein såpass liten stad. Den marknaden vert for liten, så dei er avhenging av å kunne selje til folk utanfrå, og å reise på torgdagar, til dømes til Bergen. Ei alternativ tilleggsnæring er eit blåskjellprosjekt, der nokre gardbrukarar har gått saman om å satse på dyrking av blåskjell i Hardangerfjorden, som dei har i tillegg til

drifta på gardane sine. Dei har altså ikkje teke direkte utgangspunktet i gardsressursar, men i dei lokale ressursane som ligg i å ha geografisk nærleik til Hardangerfjorden. Foreløpig har dei berre tapt pengar på satsinga, men dei håpar at dei i løpet av nokre år skal kunne ha det som ei ekstra inntektskjelde.


Fleire i Ulvik nemner samdrift som ein aktuell måte å drive landbruk på, men så langt finst det ikkje slikt i kommunen (jf. kapittel 4.7.1). Ein informant peika på at det er vanskelig å få til samarbeid om drift på grunn av stadige endringar innad i sektoren. Ein anna informant trur samdrift kan vere vegen å gå for å styrkje landbruksproduksjonen i Ulvik, og at det godt kunne vore samdrift for både sauehald og geitehald, i tillegg til kyr, som er det vanlegaste. Andre informantar reknar òg samdrift som ein måte å drive landbruk på i framtida:

”Ja, trenden e jo færre og færre bønder. Meir, altså for kyr så e da jo, og delvis, pittelitt det her med sau, så er det jo det med samdrift. Og det har eg no sagt atte, det er klart at det e masse plussar og minusar med alle ting, men altså eg trur på ein måte samdrift er den måten som gjer at folk kan få ferie og fritid på ei linja som gjere at dei vil vera i landbruket, og ikkje finna seg nåke anna å gjera. For det er jo slutt på den tida at ein kan leve av 10-12 kyr sant. Da e no egentle da” (informant Bjarte).

Hardangerbrua skal stå ferdig i 2013, og vil med sine 1380 meter bli den lengste hengebrua i Noreg (Statens Vegvesen, 2009). Bruka kryssar fjorden frå Ulvik over til Ullensvang kommune, og vil bli eit knutepunkt for næringstransport mellom Bergen, Voss og Hardanger, og vil dermed ha mykje å seie for trafikken til og frå, og innad i regionen. Det er forventa at det vil korte ned på reisetid på fleire strekningar, og på sikt gi lågare kostnader og mindre forureining (Hardangerbrua, 2009). To av informantane i Ulvik bur forholdsvis nært der Hardangerbrua startar på Ulviksida. Dei håpar bygginga av brua kan føre til ei vitamininnsprøyting for drifta og aktiviteten på bruka deira, sidan dei ynskjer å vidareutvikle i retning turisme. Finn har hytteutleige og håpar å kunne få på plass meir i forhold til ny næring på garden, til dømes eit kunstgalleri. Han gledar seg til anlegget står ferdig. Informant Gudrunn har i dag ikkje noko form for tilleggsnæring på gardsbruket, men kan tenkje seg å starte med gardsturisme når dei får utsikt til brua. Ho har tenkt ein del på kva som kan vere ideell utvikling på garden, men syns det er vanskeleg å tenkje ut noko som er spesielt, noko som andre ikkje driv med:

”Klart me ynskjer jo gjendna å prøve å få utvikla...no får me jo Hardangerbrua, du har turismen der. Prøve å få i gang den. Men da kosta og du ska, da e vanskelig å sei kossen du ska legge da opp for å få, interesse for at dette er noko så turistane vil komme å sjå. Og finne akkurat den greina som er viktig” (informant Gudrunn).

Tilhøva i Ulvik herad kan sjåast i samanheng med andre delar av Hardanger. Regionen Hardanger kan seiast å ha ein noko særeigen jordbruksproduksjon i forhold til resten av fylket, sidan klimatiske tilhøve gjer at det vert produsert mykje frukt. Dette gjeld særleg kommunane som ligg inst i fjorden; Ullensvang og Ulvik. Dei er skjerma frå mykje av nedbøren frå vest som fell ned når fuktige luftstraumar møter fjella lenger ute. Eit likskapstrekk Hardanger har med resten av Hordaland fylke er at det er mykje sau i regionen (Spissøy og Hjørnevik, 2009).



Figur 5.4 Viser verdiskapinga innan landbruk i Ulvik herad, målt i 1000 kroner, 2008
(basert på Knutsen et al, 2009: 100).

Av figur 5.4 kan ein sjå at frukt og bær er den viktigaste verdiskapinga i Ulvik, fylgt av veksthus. Frukt og bær er rekna som den tredje viktigaste landbruksproduksjonen i Hordaland (jf. figur 2.5), og det er Ulvik saman med Ullensvang som står for store delar av produksjonen.

I NILF-undersøkinga til Spissøy og Hjørnevik (2009) var det 38 respondentar frå Hardangerregionen. ”Hardingane” verkar stort sett å sjå for seg at gardsdrifta held seg som no

fem år fram i tid. I tillegg til at regionen utmerkar seg med fruktdyrking, er det og relativt mange som ser for seg at dei kjem til å driva med ei eller annan form for næring knytt til turisme. Tilgang til arbeidskraft vert opplevd som eit større hinder for utviklinga av gardseigedommane i Hardanger enn elles i fylket. Finansiering og usikre rammevilkår oppfatta som dei største hindringane i regionen, og det gjaldt og resultat frå resten av fylket (Spissøy og Hjørnevik, 2009).

5.4 Landbruk på nasjonalt nivå



Figur 5.5 Utsikt over Ulvik

Statistisk Sentralbyrå (2009a) skriv på heimesidene sine at landbruket i Noreg i dei siste tiåra har gjennomgått ei rask utvikling mot færre og meir effektive gardsbruk, men at denne utviklinga har skjedd utan at jordbruksarealet i drift har blitt mindre. Eg spurde informantane korleis dei såg på landbruket i Noreg i seinare tid, og kva dei såg på som viktig. Informantane tok opp mykje av dei same tinga, men det er ulikskapar i kva personane ser på som viktig i forhold til si eiga drift, og korleis dei ser på landbruk.

Informantane oppsummerte landbruket i Noreg i seinare tid ved å peike på ulike aspekt i utviklinga. Nokre meina landbruket er på veg ned, ved at dei ser ein sterk nedgang i antal bruk, og ein trend for at bruka vert større og større, og meir industrialiserte og spesialiserte. Ein informant kalla dette for ei styrt utvikling mot effektivisering og strukturrasjonalisering. Informantane trur difor det vert utfordrande for små bruk i framtida, sidan dei ikkje vert

prioritert. Fleire har merka seg at gardbrukarar har lagt om drifta, men det er begrensa kor mange som kan starte med nisjenæring, og dei peikar på at det ikkje er nisjar om det vert mange som driv med det same. Ein informant peika på at den viktigaste endringa er at tenesteproduksjon er blitt integrert som ein del av landbruksøkonomien. Han syns og at samdriftsordningane er ei positiv endring, sidan det gir folk mogleiken for å ha litt meir normale arbeidstidsordningar. Ein informant meiner at det har vore ei positiv utvikling, ved at det er veldig kontroll med det ein gjer, slik at ein ikkje slepp unna med å gjere kva som helst.

Av viktige punkt i forhold til norsk landbruk nemna informantane at ein treng betre økonomi. Ein må ha såpass god inntening at ein både kan leve og investere, og ha mogleiken til å utvikle og fornye seg. Det viktigaste er å få betalt for det ein gjer. Ein informant meiner at landbruket er ein hobby om ein må betale for å halde på med det, og slik kan det ikkje vere. Mykje av landbruket i distrikta er småskala, men samfunnet mistar noko vesentlig om landbruket forsvinn. Samtidig peikar informantane på at nettopp samfunnet må ha ei viss interesse i å investera i det dei som gardbrukarar driv med. Det må dessutan vere rom for eit mangfald. Informantane ser det som veldig viktig at det vert satsa på rekruttering. Men ein får ikkje rekruttering om det ikkje er lønnsemd, som fleire ser som eit svakt punkt, og då kjem landbruket til å døy ut. Det må vere ei vilje til å tenkje nytt og å forandre seg. Ein må vere interessert i å drive, og vere fleksible. Slik svara informant Eirik når det spurte han om kva han såg på som viktig når det gjeld landbruket i Noreg:

”Rekrutteringa og økonomien, Og at det set inn eit todelt økonomistøt. Altså, me må ha eit volumlandbruk, det trur eg opplagt er, altså dei tener på volum og det må dei kunne gjera, dei som drive stort. Men så må du og kunne halde liv i ein del andre produksjonar og støtte dei, utan at det verte for innvikla for dei å få, på ein måte støtte til å overleva, dei som drive på ein litt anna måte, med smådrift. Og der, du må kunna ha to tankar i håve då, for å kunne halde oppe, halde oppe slike bygder, eller så er det slutt øyeblikkeleg altså, det er fort slutt” (informant Eirik).

Det er mange av informantane som bekymrar seg for gjengroing av kulturlandskapet. Det må vere dyr som beitar på jorda, slik at ho ikkje vert liggjande brakk. Matjorda vert sett på som dyrebar, og må takast vare på. Informantane peikar på at det er ein klar fordel for Noreg å kunne vere sjølvforsynt med mat. Dei meiner kvaliteten på varene i Noreg er god, sidan den vert kontrollert nøye. Fleire av informantane trur matvaresikkerheita vert redusert med mykje import. Difor ser fleire det som viktig å ha restriksjonane ein har i næringa.

Ein informant syns at det no sit ein del personar i regjeringa som støttar gardbrukarane, og at dei siste åra difor har vore bra. Sentrale myndigheitar kan vidare jobbe med å opne for verdistigning i form av gode låneordningar og gode tilskotsordningar til landbruket. Men ein annan informant meiner at tilskota i landbruket har blitt flytta over på dei store bruka, og at storparten difor forsvinn til flatbygdene på Austlandet og Jæren. Andre informantar manar for å legge til rette for investeringar, for det er veldig kostnadskrevjande, men ofte nødvendig. Langsiktigheita er viktig, ved at ein må ha forutsigbarhet på at det går ann å satse.

5.5 Landbruk på internasjonalt nivå

Eg ynskja å finne ut korleis informantane i undersøkinga såg på landbruk i Noreg i forhold til andre land. Det norske landbruket vert påverka av landbruket i andre delar av verda. Med auka globalisering er det dessutan blitt viktigare å følgje med på kva som skjer andre stader. Det eksisterer ein hardare internasjonal konkurranse gjennom auka import av ei rekke landbruksprodukt, både tilsvarande det me produserer sjølve i Noreg, men og alternativ som anna type frukt, grønsaker, ostar og kjøtvarer. Dessutan får ein får impulsar frå andre land (jf. kapittel 2.8). Informant Henrik forklarar det på denne måten: ”Nei, du har desse marknadskreftene som komme snikande inn då. Kommersialisering. Globalisering kan ein vel sei og. Maten blir jo frakta rundt heile verden”. Informant Dag peikar på at me gjennom landbruksstøtta kan gjere det vanskeleg for andre områder i verda. Noreg bør heller satse på eigenart og kvalitet, sidan me ikkje kan produsere i så stor skala som fleire andre land. Ein må ikkje utkonkurrere andre nasjonar med ”umoral i vest”:

”Problemet er at vi gjennom landbruksstøtten vår så slår vi noen ganger beina under områder eller bønder i områder i verden som ikkje har ein så god landbruksstøtte, for eksempel sukkerproduksjonen i EU, den burde vore avslutta med ein gong. Noen arbeidsledige bønder ja, men hundre arbeidsledige bønder i Europa mot ti tusen i Sør-Afrika” (informant Dag).

Informant Gudrunn meiner me har det bra når det gjeld landbruk i Noreg, og då spesielt i forhold til dyrevelferd. Informant Jan peika på at kvaliteten på sau er betre i Noreg, ved at ein ligg langt framme når det gjeld helsekontroll, og han meiner norsk sau dessutan er billigare enn mange i utlandet. Ein informant trakk fram at ”dei små hageflekkane på Vestlandet” har

lite innverknad i den globale matproduksjonen, men det kan ha noko å seie i ”worst case scenarier”, dersom det skulle skje ei katastrofe og det vert matmangel. Gaasland og Vårdal (2007) argumenterer for at den nasjonale jordbrukspolitikken bør rettast inn mot fellesgode som kulturlandskap og matvaresikkerheit, medan sjølve matvareproduksjonen kan overlatast til marknadsmekanismane. Arealtilskot til bønder som held jordbruksareal i hevd ut frå definerte kriteria, samt noko tilskot per dyr og per årsverk, hevdar dei vil vere treffsikre verkemidlar for fellesgode, og at ein slik jordbrukspolitikk vil bidra til ein fornuftig ressursbruk, og vere meir i tråd med internasjonale prinsipp for produksjon og handel i regi av WTO (Gaasland og Vårdal, 2007).

Sentralt om korleis informantane ser på landbruket i Noreg i forhold til andre land står kva dei trur om eit eventuelt medlemskap i EU. Blant informantane finn ein dei som er veldig negative og bekymra i forhold til medlemskap i EU, men det er og nokre som er positive, og som meiner det ville hatt ein god verknad på norsk landbruk. Ein informant trur ikkje at eit eventuelt medlemskap ville hatt så mykje å seie for landbruk i Noreg, for han meiner at me er så godt som medlem allereie, sidan me må følgje reglane til EU. Dei av informantane som er negative trur eit eventuelt EU-medlemskap betyr kroken på døra for mykje av landbruket i Noreg, ved at ein mistar mykje av støtta ein har i dag, får sentralisering, stordrift og avfolking i somme områder. Dei trur det vil auke på med føringar for kva landbruk ein skal ha i landet, med fleire pålegg, reglar og særordningar, og at ein dermed mistar bestemmelsesretten ein har no. Nokre informantar peikar på at marknadskreftene rår i EU, og at det gir store svingingar på pris, til dømes på mjølk og kjøt. Informantane trur at dette hadde ført til verre økonomi for norske gardbrukarar. Av dei som er meir positive til medlemskap i EU vert det peika at det ikkje er bra om Noreg blir det einaste landet som står utanfor, som ei ”øy” eller ”einstøing”. Ein informant meiner at me burde ha meldt oss inn for mange år sidan, før EU vart så stort som det er i dag, for då hadde me fått ein betre avtale.

5.6 Oppsummering

I dette kapitlet har eg utforska den geografiske dimensjonen i studia nærare. Først såg eg på landbruk i Hordaland fylke, før eg gjekk nærare inn på kva informantane meiner om landbruket i Radøy og Ulvik, Noreg, og korleis dei ser på norsk landbruk i forhold til andre stadar i verda. Sentralt står kva informantane meiner om eit eventuelt medlemskap i EU.

6. CASE-STUDIAR: EIT NÆRARE BLIKK PÅ OPPTUR OG NEDTUR

6.1 Innleiing

I dette kapitlet vil eg med fire case-studiar ta eit nærare blick på nokre av informantane i denne studia. Case kan vere ein måte å få vise variasjon, sjå nærare på interessante faktorar, og presentere historiar frå verkelege menneske. Desse case-studiane går meir i djupna i forhold til komplekse og kausale faktorar i forbindelse med emna eg har gjennomgått i dei to føregåande analysekapitla. Eg har snakka med to ektepar, og to gardsbrukarar med hovudansvar for drifta (der ein driv garden åleine). To av case-studiane er døme på suksesshistoriar og nye utviklingstrendar innan landbruk; der det eine er vidareutvikling av drifta på ein tradisjonell familiegard i Ulvik, og det andre er nytt liv på ein gamal gard på Radøy, i form av at innflyttarar har starta opp att med drift. Dei to andre viser meir utfordringar knytt til nedgangssida ved norsk landbruk. Desse informantane er på veg ut av landbruket og er usikker på kva som kjem til å skje med bruka (desse er av anonymitetsomsyn ikkje spesifisert som i enten Ulvik eller på Radøy, jf. kapittel 3.).

6.2 Case i Ulvik herad – nyskapande familiegard

”Me drive jo tradisjonelt me, altså me har jo da i botn da, tradisjonell produksjon med frukt og sau, men så e da dette her med nyskapande, at me sel det sjølv, me har litt turista, asso sant, at me teke den biten og, så da gjere at da e kjekt, tykkje eg då” (informant Cathrine).

Ekteparet Cathrine og Christer driv ein familiegard i Ulvik, som han hadde odelsrett til. Ho flytta til Ulvik for å gå på Hjeltnes gartnarskule, og det var her dei møttes. Då dei gjekk på gartnarskulen for om lag tjue år sidan var det ifølgje Cathrine ”masse gartnersøner og fruktbondesøner, og no e da vel nesten ingenting”. Dei meiner at rekrutteringa har blitt merkbar dårlegare, og at dei snart er unike. Cathrine meiner odelslova står sterkt, men at det slår i begge retningar. Cathrine har tenkt mykje på om borna ynskjer å drive garden vidare, men det er ikkje noko dei vil presse dei til. Ho ser uansett for seg å drive slik dei gjer no fram til pensjonsalder (omlag 20 år fram i tid). Cathrine peikar og på at det er viktig å vere villig til å endre seg og måten ein driv på, sidan samfunnet rundt ein heile tida endrar seg, og dermed behova.

Ekteparet driv garden saman, og har hatt god hjelp av foreldra til Christer med drift. Dei karakteriserer det som ein glidande overgang til dei tok over, og at prosessen gjekk over eit par år. Dei bestemte seg for å satse på garden etter å ha drive tradisjonelt ei stund:

”Me gjorde eit val før, eller, me sku ho øveta men me hadde jobb utenom begge, så gjorde me eit val for nåken år si at me: ke vil me? Er det hobby eller e da detta me vil? Og då bestemte me oss for, no har me jo gardsutsal og vidareforedling. Då gjorde me eit val liksom, ke vil me. Ska me fortsetta me sau, ska me ikkje?” (informant Cathrine)

Dei bestemte seg for å satse på ved å plante mange sortar plommer og eple for å ha eitt breitt utval innan frukt. Dei ynskjer å ha det tradisjonelle i botnen i form av produksjon av frukt og sau, men ein nyskapande del i at dei foredlar og sel varene sine sjølve, og har litt turistar på besøk. Etter kvart ynskjer dei å auke opp på denne delen, slik at Christer og kan bruke all tida si på garden, og ikkje treng å jobbe utanom. Målet er å kunne leve av garden åleine, og at begge kan jobbe heime. Cathrine føler ein yrkesstoltheit i at dei ynskjer å ha ein levande gard, der folk kan kome å handle.

Grunnane for å starte med desse tilleggsnæringane fortalde Cathrine hadde botn i at garden ligg fint til, at eplelageret i Ulvik vart nedlagt, og at dei hadde ei interesse for å selje produkt. Dessutan syns dei begge at det var kjekkare å drive med lam og frukt når ein kunne foredle det sjølv. Dei tidlegare tilleggsnæringane utgjer no meir og meir av arbeidet på garden, og inntekta aukar og frå denne biten. Dei prøver å få med seg det dei kan av tilskot og støtte, og samarbeidar med naboar om å få besøk av turistar og gjestar frå hotellet. Dei skjønar kritikken mot tilskotsordningar, men peikar samtidig på det at ikkje er nokon som jobbar så mykje for så dårlig løn som gardbrukarar. Eit stengsel for den nye satsinga deira er at dei ikkje har fått innpass på Bondens Marked. Det er eit torg der kundar kan kjøpe mat direkte frå produsentane. Produsentane må fylgje nokre krav som skal sikre kundane unike varer, der opphav, kvalitet, og smak står i sentrum. I Bergen vert Bondes Marked halde på Bryggen, og det vert gjennomført om lag ein gong i månaden frå februar til desember (Bondes marked, 2010). Dette er fordi dei ansvarlige meiner det er for mange som driv med det same. Dei hadde fått tilbod om å stille med kjøtet sitt, men ikkje syltetøy og liknande. Då hadde Cathrine svart dei: ”anten sel me oss, eller ikkje”.

6.3 Case i Radøy kommune – ny giv på gamal gard

”Det er jo gjerne litt spesielt det at vi er innflytta, og har startet opp uten odel. Vi har ikkje tid til å bli trøtte og lei ut av det enno. Vi har lyst å drive med landbruk, og er ivrige på å få det til, og syns det er heilt fantastisk!” (informant Mari)

Mari og familien hennar flytta til Radøy for fire år sidan. Ho tok agronomutdanning i seinare tid, etter anna utdanning og andre jobbar. Draumen om å eige ein gard hadde bygga seg opp både hos ho og ektemannen hennar gjennom fleire år. Dei flytta frå eit bynært byggefelt til gardsbruket på Radøy, og syns det er svært trivelig og fint å ha det litt landlig. Mari syns det er veldig kjekt å jobbe med dyr, og at naturen på øya er ei fantastisk ramme for dette.

Driftsopplegget er tradisjonell mjølkeproduksjon og kjøtproduksjon, og ekteparet har kjøpt meir mjølkekvote etter at dei kom i gong, og har planar om å kjøpe endå meir. Dei har foreløpig ikkje planar om å starte opp med noko form for tilleggsnæring, og har så langt hatt meir enn nok arbeid med den produksjonen dei har no. Dei er foreløpig i tidsmangel, fordi det har vore så mykje å gjere no dei første åra, og Mari sa vidare at dei blir slukt opp av alt som må gjerast. Mannen til Mari jobbar framleis i Bergen, men dei håpar at han på sikt kan slutte i jobben, og at dei begge to kan leve av å jobbe på gardsbruket. Mari ser for seg at dei kjem til å drive på i mange år:

Mari: ”Men eg er jo veldig sann utypisk, for det at me er jo godt vaksne og begynner med dette her, og folk her ute seier ”de e jo ikkje kloke”. Men dei syns jo at det er veldig bra at me får det til, for det viser det seg jo no at me klarer, å få opp dyretalet og alt sånt. Det er bra.”

Ingvild: ”Dei er vel kanskje nøgde med å få inn litt nytt blod her ute?”

Mari: ”Ja, og det at huset ikkje står tomt. Faktisk slår me no på fem andre gardar.”

Mari tykkjer ho har god oversikt over tilgjengelige tilskotsordningar, men at det er vanskeleg å ha tid til å utføre dei tinga som gjer at ein kan få tilbakebetalt. Så langt kan dei ikkje leve av garden aleine, for då dei kjøpte var bruket nedslite. Siloen var heilt tom, og det fanst ikkje gjødsel. Mari reknar med at det vil ta lang tid før dei klarar å komme opp i noko overskot, og at situasjonen deira er noko spesiell i forhold til mange andre: ”Men det er sjølvsagt spesielt for oss, for dei andre rundt oss overtar gjerne garden etter foreldra, og då har gjerne foreldra gjort det beste sant. Men me satsar på at det skal gå bra å leve av det.”

Dei har litt avløyser av og til, men det er veldig begrensa, for han jobbar fulltid sjølv. Så det blir nærmast når han har lyst og anledning. Difor får dei ikkje oppfylt alle ønska om avløyser, og Mari har innsett at dei nok har for lite fri no i oppstarten. Men samtidig må dei trø til no, sidan dei held på å bygge det opp. Mari er positiv til å opne opp landbruket meir til folk som ynskjer å drive, og at odelsrett kan vere veldig trist for mange, og fint for nokre få. Ho meiner at borna deira kan overta om dei ynskjer det, men berre om dei verkeleg har lyst til det. Det er heller ikkje noko dei forventar. Dei har gjort det klart at det ikkje skal vere ein odelsgard, så det skal ikkje vere gitt at det er den eldste dottera som skal overta bruket, for det syns dei er veldig urettferdig. Det må vere den av dei som vil det, viss ikkje er det berre å selje garden.

Miljøet på Radøy ser ho på som aktivt og godt, med fleire som driv med mjølk. Ho likar at det er andre som driv med det same som dei i nærleiken. Ho trur det hadde vore veldig einsamt utan andre kjende rundt dei. Ho rosar og korleis dei har blitt tatt imot på Radøy, av naboar og andre. Både ho og mannen hennar har snappa opp tips frå andre gardbrukarar undervegs i oppstartsprosessen. Mari er optimistisk med tanke på framtida, men vedkjenner at det er mykje jobb og at det er viktig at ein er frisk. Ho meiner noko av det viktigaste med landbruket i Noreg er at land ikkje vert liggjande brakk, men ho likar ikkje tanken på å bruke matjord til ”oljefelt”. Det kan heller nyttast ved å la dyr bruke det.

6.4 På veg ut?

”...viss eg ska ver heilt ærleg så trur eg at viss du snakka om ein tidsperiode på so long tid (10-20 år fram i tid) så e da ikkje ein einaste gard att her inne. Da finst ikkje dyr eller nåken ting att” (informant Ivar).

Det pensjonerte ekteparet Ivar og Ingrid bur på eit lite gardsbruk i ein utkant av ein av studiekommunane. Dei har vaksne born som dei ikkje trur ynskjer å ta over, og det har minka på landbruksaktiviteten rundt dei på alle kantar i seinare tid. No er det berre litt drift att på nokre småbruk. Etter ei langt liv med landbruksdrift, har dei begge fått oppleve ulike tider og periodar innan landbruket, som då det var vanleg å ha geiter, og har sjølv prøvd ut ulike former for landbruksdrift. Hovudproduksjonen dei dreiv med tidlegare var egg, og ein periode prøvde dei å ha ender. Endene måtte dei gi seg med, då eggcentralen til Prior ikkje fekk til

satsinga. No har dei nokre sauer, for å halde garden velstelt og landskapet ope. No mottar dei ikkje produksjonstilskot lenger, sidan omfanget er for lite: ”no e me da så eg kalla hobbybonde, rett og sletten” (informant Ivar).

Det var Ingrid som stod for mykje av drifta då dei heldt på, for Ivar hadde jobb i industrien utanom garden. Han har alltid sett på seg sjølv som ein industriarbeidar. Dei hadde lite fri då dei dreiv garden, og var bunde til gardsarbeid kvar dag. Ein gong i veka vart egga henta. Ungane deira er blitt såpass gamle at ekteparet ser ikkje for seg at det kjem til å bli aktuelt for dei å drive noko aktiv gardsdrift. Det er i tilfelle opp til borna sjølve om dei vil det. Dei har ein son i nærleiken som er den som mest sannsynleg tek over, om det vert aktuelt. Dei trur likevel det mest sannsynlege er at garden i framtida blir nytta som ein feriestad.

Ekteparet har fått med seg at det har minka på landbruksaktiviteten i kommunen, for det er dyrt å skulle byggje om gamle driftsbygningar og folk ynskjer å ha meir ferie og fritid. Dei syns likevel at det er viktig at det vert oppretthalde ein del matproduksjon i nærleiken, på grunn av matvaresikkerheit. Ivar er veldig klar på at dei har sauene for å halde det fint rundt gardstunet: ”Dei har eg kun forda at då e da mykje triveligare å få slå bakkane, og nytta graset. Viss eg gir meg med dei sauene, så verte da ikkje sleje. Og då verte da skog.” Dei ser på det som veldig viktig å ta vare på kulturlandskapet.

6.5 Kjem nokon til å overta?

”I grunnen så legg eg meg ikkje opp i det. Eg er jo ein gammal mann, så garden må bli selt, om ganske få år. Og kva ein ny mann vil gjere vert ikkje mi sak” (informant Ola).

Den spreke pensjonisten Ola driv eit småbruk. Han har tidlegare hatt eggproduksjon og smågris, men no held han berre jord og bygningar i hevd, og har litt grønsaker og blomar, og sel litt ved om vinteren. Han mottek ikkje lenger produksjonstilskot for gardsdrifta, og gjorde det dessutan berre periodevis tidlegare. Det var ein eldre bror av Ola som kjøpte gardsbruket, men han vart lei av drifta, og spurde om Ola kunne tenkje seg å overta. Ola hadde utdanna seg på gartnarskule, og jobba på Jæren då tilbodet kom. Han reiste då heim og tok over garden.

Ola har hatt skuleungdommar i arbeid på bruket i travle periodar. Tidlegare hadde han ein ungdom i arbeid heile året, men så vart lønningane så høge og butikken hans på egg vart

dårlig. Så då halverte han besetninga, og hadde berre slik hjelp av skuleungdom, som det betre lønnsemd i enn å drive med leigefolk. No om dagen har han barnehagar på besøk, slik at dei kan sjå kor maten kjem frå.

Ola ser på seg sjølv som ein småbrukar, og då han dreiv marknadsførte han egga selde sjølv. Han selde frå garden, og køyrde til Bergen ein gong i veka for å selje der. Han var interessert i å drive garden, og såg økonomi i det. Ola syns det var kjekt å selje produkta han fekk frå gardbruket. For han var det viktig å komme så nært opp til forbrukarane som mogleg, sjølv om han meiner det var uglesett då han dreiv å selde til privatpersonar. Ein skulle levere til eggcentralen eller grossisten. I dag har han fått med seg at det er blitt moderne med gardsbutikkar.

Ola må gjere noko på garden kvar dag, elles får han dårleg samvit. Han jobbar så mykje han orkar, men føler at han aldri får gjort så mykje som han ynskjer. Han syns rekrutteringa til landbruket er dårleg, men at det ikkje er rart, for det er vanskeleg å klare seg på ein vestlandsgard. Dessutan meiner han at mange av dei som driv landbruk i dag, driv alt for kapitalkrevjande. Han er for å opne opp landbruket meir til folk som ynskjer å drive, men ser berre problem for dei som prøver seg. Han ser dessutan at fritida er den største hemsken i det norske landbruket, ved at gardbrukarane får for lite av det. Ola har ikkje born, og er svært spent på kva som kjem til å skje med gardsbruket sitt i framtida. Han håpar det vil vere noko form for aktivitet på bruket, og ser for seg at det må bli selt til nokon som ynskjer å drive. Han tenkjer likevel ikkje alt for mykje på kva som kjem til å skje.

6.6 Oppsummering

I dette kapitlet har det blitt presentert fire case-studiar frå dei to studiekommunane. To av gardsbruka har ei ljós framtid ved at det har blitt satsa på nye næringar innan landbruket på det eine, og at nye folk har tatt opp gardsdrifta på det andre. Gardbrukarane er forholdsvis unge, og har etablert seg med familie på garden. Dei ynskjer på sikt å kunne leve av garden åleine. Dei to andre gardane går ei litt meir uviss framtid i møte, sidan dei er eigd av pensjonistar som ikkje veit kva som kjem til å skje vidare. Case-studiane tek opp fleire aspekt som eg såg på i kapittel 4; satsing på nye næringar innan landbruket, utfordringar knytta til generasjonsskifte, og gardbrukaren si samfunnsrolle, ved at ein tek vare på kulturlandskapet og sikrar mat til menneska i landet.

7. GARDBRUKARAR OG LANDBRUK I ENDRING I HORDALAND: AVSLUTTANDE DRØFTING OG KONKLUSJON

Denne studia har Hordaland som geografisk nedslagsfelt, med Radøy kommune og Ulvik herad som nærare studieområde. Det vart tatt utgangspunkt i følgjande hovudproblemstilling:

Kva meiner gardbrukarane sjølve om endringar i landbruket, og kva implikasjonar har det for deira eigen motivasjon og rolle i denne næringa?

I kapittel 4 vart det tematisk tatt opp ulike emne frå intervjuundersøkinga, og det vart ikkje konsekvent skilt mellom gardbrukarar på Radøy, og gardbrukarar i Ulvik. Dette fordi mykje av det som gardbrukarane omtala var uavhengig av geografisk beliggenhet. I kapittel 5 vart den geografiske dimensjonen i studia utforska, ved å sjå nærare på landbruk i dei to kommunane, Hordaland fylke, og Noreg. Det vart og sett på korleis informantane ser på landbruk i Noreg i forhold til andre land, og då spesielt i forhold til spørsmålet om eit eventuelt EU-medlemsskap. I kapittel 6 såg eg med fire case-studiar nærare på fire gardsbruk i studia. To av dei kan reknast som ”oppturar” når det gjeld landbruk i Hordaland, og to er ”nedturar”, i form av at gardbrukarane er på veg ut av næringa, og ikkje veit kva som kjem til å skje vidare med garden.

7.1 Eit ”levande landbruk”?

Det var ei overvekt av eldre gardbrukarar i denne studia, sidan 75 prosent av informantane var over 40 år (jf, tabell 4.1). Når gardbrukarane nærmar seg pensjonistalder står dei føre viktige val i forhold til kva dei skal gjere med garden. Spørsmålet er om familie kjem til å overta, om dei skal selje til andre eller avvikle heile drifta. Dei av informantane som har born håpar og ynskjer gjerne at desse skal ta over garden på sikt, men det er absolutt ikkje noko krav. For dei av informantane som ikkje har born verkar det uvisst kva som kjem til å skje med gardsbruket i framtida. Fellesnemnar for alle informantane likevel at dei håpar at det framleis er noko form for aktivitet på bruket når andre overtar, men det er fleire som bekymrar seg for at det ikkje kjem til å skje. Sett i forhold til rekruttering er informantane både positive og negative til odelslova. Dei ser det som positivt at det er med på å sikre rekruttering, ved at nokon gjerne føler seg forplikta til å overta, eller har vore klar over det lenge. Det informantane ser på som mest negativt med lova er at ho stenger for nye folk som ynskjer å

kome inn i landbruksnæringa. Kjøp og sal av gardsbruk med odel vert sett på som vanskeleg. Landbrukssektoren har tidlegare blitt sett på som mannsprega. Det var i alt 9 kvinner blant informantane i denne studia, og 3 av desse var hovudbrukar på gardar.

22 av 30 informantar har landbruksutdanning. Likevel kan erfaringsbasert kompetanse vere viktig når ein jobbar på gard. Fleire informantar har vokse opp på garden dei no driv, og har tatt over gjennom odelslova. Andre har kjøpt bruket av slektningar, og nokre av informantane er tilflytta utan noko tilknytning til gardsbruket frå før. Familiebruk er den dominerande organisasjonsmåten i norsk landbruk (Almås og Blekesaune, 2002). Sjølv om det gjerne berre er ein person som er oppført som gardbrukar, er det fleire som har god hjelp frå familie og vener. Nokre informantar driv garden saman med ektefelle, og har det som einaste inntektskjelde, medan andre har hjelp av familie i travle periodar, og ektefelle hentar til vanleg inntekt utanfrå garden. Ein klarar ikkje å leve av garden åleine, økonomisk sett. Fleire informantar peika på at dei har inntrykk av at det er lettare no enn før å leggje om drifta, trappe ned eller avvikle, om ein ynskjer det. Landbrukssektoren er prega av tradisjon, og fleire av dei eldre gardbrukarane trakk fram at dei hadde følt ei pliktjensle om å overta då dei var yngre. Det vart likevel peika på at foreldra til fleire informantar hadde forståing for at ein ynskje å trappe ned gardsdrifta, sidan dei var klar over at arbeidsmengda er for stor i forhold til lønnsmda i drifta.

Informantane peika generelt meir på dei positive enn negative sidene ved å drive med landbruk. Det vart rekna som positivt å kunne vere "sin eigen herre", ved at ein har fridom i arbeidet. Fleire kalla det for ein livsstil, med variert, allsidig, og utfordrande arbeid. Samtidig såg fleire det som negativt at ein jobba mykje åleine, og er veldig bunden til arbeidet ein gjer, spesielt ved dyrehald, der ein må vere på jobb morgon og kveld, kvar dag. Difor vart det og av fleire trekt fram at dei syns det er viktig å ha samarbeid og hjelp frå andre, både for å kunne klare arbeidsmengda, men og fordi det er meir sosialt å kunne jobbe saman med andre. Informantane gav uttrykk for at dei ser på arbeidet dei gjer som samfunnsviktig, sidan dei forvaltar natur og skapar produkt som skal kome andre til gode. Det er ei verdiskaping i det dei gjer. Av dei tydlegaste negative sidene ved å drive med landbruk snakka fleire informantar om dårlig lønsemd, og ei stor arbeidsmengde. Ein jobbar mykje for lite pengar. For informantane er ikkje tid til alt ein ynskjer å gjere på garden, men fleire har sett at det er viktig å ta seg fri til å gjere andre ting, slik at ein ikkje vert utslitt.

Dei som driv tradisjonell vareproduksjon er veldig klar på yrkesidentiteten sin; dei ser på seg sjølve, og føler seg som, bønder. Sjølv dei informantane som har utdanna seg til andre yrke, men har overteke garden ved odel, var klare på at dei har ein identitet som bonde. Dei av informantane som har gått over til, eller starta med, nye næringar på gardsbruka er ikkje like klare på yrkesidentiteten, og fleire av dei som no driv turistretta tykkjer dei har meir ei vertskapsrolle enn dei er gardbrukarar. Ein informant som har endra drifta frå tradisjonell produksjon til kulturbasert reiseliv tykkjer ikkje at han er bonde lenger. Nokre av informantane har heller aldri følt seg som gardbrukarar, sidan dei syns det dei driv med på garden er litt på sida av det andre gardbrukarar gjer. Ein informant peika og på at det hadde vore ein prosess å bli gardbrukar, det var ikkje gjort over natta.

Det er stor variasjon i gardsdrifta blant informantane, både i forhold til type driftsform, og skalaen ein driv i. Det tydelegaste skiljet går mellom at nokre driv tradisjonell vareproduksjon, som til dømes med mjølk, kjøt og frukt, medan andre driv meir med tenesteproduksjon, som rettar seg mot turisme. Dette skiljet viser att i at dei som driv tradisjonelt mottar produksjonstilskot, medan nokre av bruka med tenesteyting ikkje gjer det. Det finst likevel eit vell tilskotsordningar som er aktuelle for gardbrukarar som ikkje driv med vareproduksjon. Alle bruka i studia har ein eller annan form for aktivitet, men det er ulik skala ved at nokon har garden som einaste jobb og inntekt, som gir eit heiltidsbruk, medan andre har det meir som ei attåttnæring, eller hobby, og som dermed er deltidsbruk. Heiltidsbruka kunne likevel ikkje alltid løne meir enn ein person, så dei med familie var avhengig av å få inntekt utanfrå garden.

Gardsbruka var så langt ikkje prega av attgroing, og fleire informantar peika på viktigheita av å halde det fint og ope rundt seg. Dei følte dermed ei forplikting til å ta vare på kulturlandskapet, eit felles gode mange nyt godt av. Tilleggsnæringar er utbreidd blant informantane. Betre økonomi og interesse vart nemnd som dei viktigaste årsakene for å starte med tilleggsnæringar. Fleire av tilleggsnæringane tek utgangspunkt i garden sine ressursar, og kva kompetanse gardbrukarane har, men når ein endrar drifta på garden kan ein få behov for ny kompetanse. Mykje av denne nye næringa gjer at gardbrukarane driv med fleire kombinasjonar i gardsdrifta. I landbrukslitteratur vert dette referert til som multifunksjonelt landbruk (jf. kapittel 2.5), men dette var eit omgrep som var lite kjent blant gardbrukarane, som er utøvarar av landbruk.

Familie står som nemnt sentralt når det gjeld gardsdrift. Det vart likevel av fleire informantar peika på viktigheita av samarbeid med andre, til dømes naboar eller andre gardbrukarar. Døme på samarbeid er at ein har maskinpark saman, eller koordinerer drifta si med andre naboar i forhold til turisme. Samdrift vart sett på som ein mogleik for å kunne få meir fri, sidan ein kan dele den daglege drifta mellom seg. Fleire føler eit fellesskap med andre, til dømes andre som driv med det same som dei gjer, eller andre som bur i nærleiken. Ein snakkar mykje om landbruk med andre, og kan hauste erfaringar. Når det gjeld framtida som gardbrukar svara fleire av dei eldre informantane at dei kom til å drive garden mykje godt slik dei gjer no. Dei ser ikkje for seg å utvikle gardsdrifta noko vidare. Andre informantar har investeringsplanar, og fleire ynskjer å vidareutvikle tilleggsnæringane, slik at dei kan leve av garden. For fleire ektepar er målet at begge berre treng å jobbe heime på garden.

7.2 Landbruk på lokalt, nasjonalt, og internasjonalt nivå

Blant informantane i Ulvik er det fleire som driv med fruktproduksjon. Dei som har mjølkeproduksjon har små kvotar, og driv det i tillegg til andre produksjonar. Dei som har starta med tilleggsnæringar peilar seg inn mot turisme, sidan Ulvik har lang fartstid som ein ynda stad for reiseliv. Dei eldre gardbrukarane ser at mange unge flyttar bort frå kommunen, og at dei nødvendigvis ikkje kjem tilbake. Dette bekymrar dei i forhold til kulturlandskapet, og dei trur Ulvik etter kvart vil bli meir attgrodd enn det er no. Så langt vert mykje oppretthaldt av gardbrukarar som slår engene på fleire gardbruk.

På Radøy står mjølkeproduksjonen framleis sterkt, og det er kamp om å få kjøpe kvotar. Dette er mykje grunna at samdrift har blitt ein måte å organisere drift på. Ved aktiv samdrift går fleire gardbrukarar saman om den daglege drifta, noko som gjev mogleik for å få meir fri. Ein vert ikkje så bunden til arbeidet som tidlegare. Fleire informantar har starta med villsau som tilleggsnæring, og nokre få har retta seg inn mot turisme. Informantane peikar på eit ungt og godt miljø blant gardbrukarane, og det er fleire tilflyttarar. På Radøy, som i Ulvik, vert det trekt fram at pleie av kulturlandskapet er viktig.

Hordaland opplever som resten av landet ein nedgang i aktive gardsbruk. Arealet vert likevel oppretthaldt i større bruk (jf. kapittel 2.6). Naturgitte føresetnadar gjer at bruka i Hordaland er mindre enn på dei store flatbygdene på Jæren, Austlandet, og Trøndelag. Informantane har fått med seg denne utviklinga, og peikar på at det skuldast ”effektivisering og

strukturrasjonalisering”. Dei trur det er begrensa kor mange som kan starte med nisjar, for det er ein marknad som ikkje har plass, eller passas, alle. For framtida til landbruk i Noreg meiner informantane at det er viktig at økonomi vert betre, slik at dei får betalt for det arbeidet dei gjer. Informantane argumenterer for at landbruket vert sett på som viktig for samfunnet, og at det difor bør satsast på rekruttering. Ein må ta vare på matjord, for å ha sikkerheit og god kvalitet på maten. Informantane meiner norsk landbruk er påverka av globalisering, og ein hardare internasjonal konkurranse. Mat blir frakta rundt heile verda, og ein får impulsar til nye nisjar og tilleggsnæringar frå andre land. Informantane peikar på god kontroll og dyrevelferd i landbruket i Noreg. På spørsmålet om eit eventuelt EU-medlemsskap er flest informantar negative, sidan dei trur det gjer at me mistar bestemmelsesretten over landbruket i Noreg.

7.4 Konklusjon: Kva meiner gardbrukarane sjølve om endringar i landbruket, og kva implikasjonar har det for deira eigen motivasjon og rolle i denne næringa?

Målet med denne studia har vore å fange opp kva gardbrukarane, utøvarane av landbruk, meiner om det som pågår i landbruksnæringa, og korleis det påverkar dei. Dette meiner eg ikkje har blitt fokusert nok på i den alltid pågåande diskusjonen om eit norsk landbruk i stadig utvikling. Gardbrukarane er i ei næring som gjev ringverknadar for langt fleire enn dei sjølve, og dette er dei bevisste på. Samfunnsansvaret heng høgt. Landbruk er noko dei i utgangspunktet trivst med å halde på med, men utviklinga meiner mange vert stoppa av eit lavt inntektsnivå og ei, tidsvis, for stor arbeidsmengde. Dei gardbrukarane som startar med nye næringar, og som investerer, er dei som er optimistiske med tanke på framtida i landbruksnæringa. Dei har tru på at det går. Stadig nye formar for landbruk vert innlemma i omgrepet, som gjer at grensene for kva ein reknar som landbruk, og kva ein gardbrukar er, vert flytta på. Dette meiner eg likevel er vegen å gå for å ha fortsatt aktivitet i næringa. Samtidig er det spesielt for næringa at ein har mykje eldre gardbrukarar, og at fleire av desse ikkje gjer noko for å tilpasse seg utviklinga, men heller ynskjer å drive slik dei gjer til dei gir seg (som oftast er når dei pensjonerer seg).

At gardsbruk vert lagt ned er ikkje noko nytt. Gardbrukarar i Noreg har bekymra seg for dette i over 100 år (Bergo, 2005). Men det som bekymrar mest no er farten det skjer i. Det er fleire bruk, og det går fortare med nedlegginga enn tidlegare. Ein må vere open for å akseptere at gardsbruk med litt landbruksdrift kan vere framtida for landbruket i Hordaland. Eg meiner det

er betre å ha mange små bruk med litt aktivitet, enn å ha mange nedlagde bruk. Det er difor ein verdi i kvar ein gardbrukar, og det han eller ho gjer på garden, og det har eg prøvd å peike på ved å og ta med nokre bruk som ikkje mottar produksjonstilskot, og som difor ofte ikkje vert med i statistiske analysar (jf. kapittel 4.7.1).

Samarbeid virkar å vere ein god måte å kunne oppretthalde eit levande landbruk i distrikta. Det er lettare å vere bonde om fleire rundt ein er det. Det gjer mogleik for fellesskap, og samarbeid, til dømes i forhold til avløyning, maskinpark, samdrift og felles marknadsføring i forhold til nisjemat og turisme (jf. kapittel 4.8). Sjølv om informantane ikkje hadde særskild kjennskap til omgrepet ”multifunksjonelt landbruk” er det noko fleire av dei kan seiast å drive med, og dessutan trakk dei fram fleire verdiar som er tileigna dette, til dømes pleie av kulturlandskap, matvaresikkerheit og andre fellesgodar (jf. kapittel 2.5).

Tilhøvet for informantane i dei to studiekommunane speglar mykje av landbruksutviklinga både i Hordaland fylke, og Noreg generelt (jf. kapittel 2.4 og 2.6). Gardbrukarar står ovanfor same utfordringar i forhold til kva ein ynskjer å gjere med bruket: vidareutvikle, trappe ned, avvikle, selje, eller overlata til eventuelle born. Gardbrukarane på Radøy har ein meir alternativ arbeidsmarknad, men det er likevel ikkje mange av mine informantar som er på veg ut av landbruket for å arbeide med noko anna. Dei har likevel mogleiken om dei ynskjer det. I Ulvik er mykje av tilleggsnæringane direkte knytta opp mot turisme. Sidan Ulvik og Hardangerregionen ikkje har mykje arbeidsplassar innan industri, prøvar ein å utvikle næringa ein driv med til å famne meir, og dette er med på å opne opp landbruksomgrepet og endre rolla til gardbrukarane. Gardbrukarane i denne undersøkinga er uansett mykje godt positive til det dei gjer, rolla dei har, og korleis det er i kommunen deira.

Sjølv om ein kan bruka noko av resultata av undersøkinga til å generalisere for landbruk Hordaland, og Noreg, må ein vurdere begrensningane av at dette i hovudsak er ei kvalitativ undersøking, med 30 informantar. Gardbrukarar i Hordaland har ikkje dei same tilhøva som gardbrukarar med store gardar på flatmarkene på Jæren, Austlandet, og i Trøndelag. Ei større studie med fleire informantar kunne betre teke innover seg desse ulikskapane, sett i eit nasjonalt perspektiv. Dessutan kunne ein vore meir systematisk i forhold til kva gardbrukarar ein snakkar med, som til dømes å berre velje ut små bruk som ikkje mottar produksjonstilskot. Eg meiner likevel at denne studia kan vere med på å vise korleis gardbrukarar i Hordaland,

som jo har vore hovudområdet i denne studia, ser på utviklinga i landbruket, og korleis dei vel å forhalde seg til dette.

7.5 Vidare forskning

Utfordringa ved denne oppgåva har vore å ikkje gape over for mykje. Det er mykje ved landbruket i Hordaland (og Noreg generelt) som eg skulle ynskje eg kunne utforske nærare, men som eg ikkje har kunne tatt fatt på i denne studia. Det kunne til dømes vore interessant å gå nærare inn på kva syn gardbrukarane har på pengestøtta dei mottar frå staten, som årleg utgjer rundt 20 milliardar kroner (inkl. skjermingsstøtta). Eg har dessutan ikkje sett på økologisk landbruk i denne studia, sidan ingen av mine informantar dreiv slik. Det er likevel veldig i vinden, og aktuelt for framtidig landbruk i Noreg. Eit anna interessant forskingsfelt er problematikken rundt rekruttering til landbruket, som til dømes kva profileringskanalar som gardsbruk.no kan ha å seie for å skaffe nye folk til næringa. Likevel, det aller viktigaste eg kunne tenkt meg å forske på vidare er konsumentane (forbrukarane) sitt syn på landbruk og gardbrukarar, og arbeidet dei gjer. Har ein først snakka med ”avsendaren” (gardbrukarar) i landbruksnæringa, bør ein og snakke med ”mottakaren” (forbrukarane).

Litteraturliste

- Aase, T.H., og Fossåskaret, E., 2007. *Skapte virkeligheter*. Oslo: Universitetsforlaget
- Almås, R., 2002. *Norges Landbrukshistorie IV 1920-2000, Frå bondesamfunn til bioindustri*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Almås, R., 2005. *How can multifunctional agriculture be secured in Norway?*, paper no 6/05. Trondheim: Norsk senter for bygdeforskning
- Almås R., 2008. Norsk landbruk i eit generasjonsperspektiv. I: Almås, R., Haugen, M.S., Rye, J.F., og Villa, M., 2008. *Den nye bygda*, Trondheim: Tapir Akademiske Forlag: 439-451
- Almås, R., Haugen, M.S., Rye, J.F., og Villa, M., 2008. *Den nye bygda*, Trondheim: Tapir Akademiske Forlag: 11-27
- Andersen, S.S., 1997. *Case-studier og generalisering*, Bergen: Fagbokforlaget
- Aubert, V., 1965. *Det skjulte samfunn*. Oslo: Pax
- Árnason, A., Nightingale, A., Shucksmith, M., og Vergunst, J., 2009. Introduction. I: Árnason, A., Shucksmith, M., og Vergunst, J., *Comparing Rural Development*: Surrey: Ashgate: 1-16
- Arbo, P., 2005. Sterke regioner i et nærings- og innovasjonsperspektiv. I: Knudsen, J.P. (red.), *Sterke regioner – forskning og reform*. Bergen: Fagbokforlaget, 63-106
- Bergo, H., 2005, *Avviklinga av den norske bonden*. Naustdal: Vestlandsforlaget
- Blekesaune, A., 1999. *Agriculture's importance for the viability of rural Norway*, Rapport nr. 8/99, Trondheim: Norsk senter for bygdeforskning

Blekesaune, A., og Almås, R., 2002. Fra reguleringsiver til markedslogikk – bondehusholdets ulike strategier for å overleve. I: Almås, R., Haugen, M., og Johnsen, J.P (red.), *Bygdeforskning gjennom 20 år*. Trondheim: Tapir Akademiske Forlag: 19-44

Brandth, B., og Haugen, M.S., 2008. Rural maskulinitet i endring. I: Almås, R., Haugen, M.S., Rye, J.F., og Villa, M. *Den nye bygda*, Trondheim: Tapir Akademiske Forlag: 103-120

Bukve, O., Farsund, A.A., og Amdam, J., 2006. Næringsliv og sysselsetjing i vår tid. I: Helle, K. (red.), *Vestlandets Historie – Natur og næring*, Bind 1, Bergen: Vigmostad og Bjørke: 296-339

Buttel, F.H., 2006. Sustaining the unsustainable: agro-food systems and environment in the modern world. I: Cloke, P., Marsden, T., og Mooney P.H. (red.): *Handbook of Rural Studies*, London: Sage Publications: 213-227

Bye, A.S., Rognstad, O., Rustad, L.J., 2003. *Klassifisering av driftsenhetene i jordbruket etter driftsform og størrelse*, Rapport, Oslo: Statistisk Sentralbyrå

Denzin, N.K., 1989. *The Research Act: A Theoretical Introduction to Sociological Methods*. 3rd edition, Englewood: Prentice Hall

Dicken, P., 2007. *Global Shift, Mapping the global contours of the world economy*, 5th edition, Sage Publications: London

Dølvik, J.E., 2007. Introduksjon. I: Dølvik, J.E, Fløtten, T., Hernes, G., og Hippe J.E. (red.) *Hamskifte, Den norske modellen i endring*, Oslo: Gyldendal Norsk Forlag: 11-38

Etzioni, A., 1980. *The Moral Dimension. Toward a new Economics*, New York: The Free Press

Farstad, M., og Heggem, R., 2008. Like barn leker best? Om mannlige bønders holdninger til kvinner i landbruket. I: Almås, R., Haugen, M.S., Rye, J.F., og Villa, M., 2008. *Den nye bygda*, Trondheim: Tapir Akademiske Forlag: 85-102

Federico, G., 2005. *Feeding the World*, New Jersey: Princeton University Press

Forbord, M., 2006. *En gjennomgang av odelsloven, konsesjonsloven, og jordloven og endringer i nyere tid*, Notat 5/06, Trondheim: Norsk senter for bygdeforskning

Foss, O., og Selstad, T. (red.), 1997. *Regional Arbeidsdeling*. Tano Aschehoug: 11-26

Fægri, K., 2005. Landet i Vest. I: Helland-Hansen W. (hovudred.) *Naturhistorisk Vegbok, Hordaland*, Bergen: Bergen Museum – Nord 4: 8-14

Gaasland, I., og Vårdal, E., 2007. Vestlandsbonden som produsent av fellesgoder. I: Rusten, G., Iversen, N.M., og Hem, L.E., *Vårinn med nye muligheter. Ressurs- og opplevelsesbasert verdiskaping på vestlandsbygdene*. Bergen: Fagbokforlaget: 314-330.

Grønmo, S., 1996. Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnæringer i samfunnsforskningen. I: Holter, H., og Kalleberg, R. (red.). *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, Oslo: Universitetsforlagets Metodebibliotek, 73-108.

Hannon, F., og Curtin, C., 2009. The Role of Identity in Contemporary Rural Development Processes. I: Árnason, A., Shucksmith, M., og Vergunst, J. *Comparing Rural Development. Continuity and Change in the Countryside of Western Europe*. Surrey: Ashgate: 125-141

Hansen, J.C., og Selstad, T., 1999: *Regional omstilling – strukturbestemt eller styrbar*. Universitetsforlaget: Oslo

Heggem, R., 2008. *Identitet og strukturell symbolsk interaksjonisme – teoretisk tilnærming til eit landbruk og ei bonderolle i endring*, Rapport 8/08, Trondheim: Norsk senter for bygdeforskning

Hegrenes, A., Gezelius, F.K., og Mittenzwei, K., 2002. *Landbruk og distriktpolitikk. Ein analyse av den norske landbruksstøtta*, NILF-rapport 2002-10, Oslo: Norsk Institutt for Landbruksøkonomisk Forskning

Held, D., McGrew, A., Goldblatt, D., og Perratton, J., 1999. *Global Transformations: Politics, Economics and Culture*. Cambridge: Polity

Hellevik, O., 1999. *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*. Oslo: Universitetsforlaget

Hoggart, K. og Paniagua, A., 2001. What rural restructuring? *Journal of Rural Studies* 17: 41-62

Holsen, S., 2009. "Bondens store sjanse", *Bergens Tidende*, 09.02.2009, Bergen: 3

Holter, H. 1996. Fra kvalitative metoder til kvalitativ samfunnsforskning. I: Holter, H., og Kalleberg, R. (red.). *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, Oslo: Universitetsforlaget: 9-25

Holter, H., og Kalleberg, R. (red.), 1996. *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, Oslo: Universitetsforlaget: forord

Hordaland Bondelag, 2010, lesarinnlegg i Sunnhordland: 06.04.2010: 4

Hordaland fylkeskommune, 2009. *Hordaland i Tal, fylkesstatistikk, Næring, innovasjon og kompetanse*, nr. 2 – 2009, Bergen: Hordaland fylkeskommune

Ilbery, B. (ed.), 1998. *The Geography of Rural Change*. Essex: Pearson Education Limited: 1-11, og 257-260

Jick, T.D. (1979) Mixing Qualitative and quantitative methods: Triangulation in action, *Administrative Science Quarterly* 24

Jönsson, C., Tägil, S., og Törnqvist, G., 2000. *Organizing European Space*, London: Sage Publications

Knutsen, H. (red.), 2009. *Utsyn over norsk landbruk, Tilstand og utviklingstrekk 2009*, Oslo: Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning

Knutsen, H., Haukås, T., Solberg, L.R., og Olsen, A., 2009. *Verdiskaping i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar i Hordaland og Sogn og Fjordane*, NILF-notat 2009-14. Oslo: Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning

Knutsen, H., og Spissøy, A., 2009, Tema 3: Næringsaktivitet på mindre landbrukseiendommer. I: Knutsen, H. (red.), *Utsyn over norsk landbruk, Tilstand og utviklingstrekk 2009*, Oslo: Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning: 111

Leiulfsrud, H. og Hvinden, B., 1996. Analyse av kvalitative data: Fiksérbilde eller puslespill?. I: Holter, H. og Kalleberg, R. (red.), *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, Oslo: Universitetsforlaget, 220-239

Little, J., 2002. *Gender and Rural Geography. Identity, Sexuality and Power in the Countryside*. Essex: Prentice Hall

Longhurst, R., 2003. Semi-structured Interviews and Focus Groups. I: Clifford, N.J., og Valentine, G., *Key Methods in Geography*, 2008. London: Sage Publications: 117-132

Lowe, P., Murdoch, J., Marsden, T., Munton, R. og Flynn, A., 1993. Regulating the new rural spaces: the uneven development of land. *Journal of rural studies* 9: 205-222

Løwe, T., 2004a. Hvem er gårdbrukere, og hvorfor er de det?, *Samfunnsspeilet* nr. 5, 2004, Oslo: SSB

Løwe, T., 2004b. Gårdbrukere flest fornøyd med livet, *Samfunnsspeilet* nr. 5, 2004, Oslo: SSB

Løwe, T., 2006. Bondens kontroversielle inntektsgrunnlag, *Samfunnsspeilet* nr 1, 2006, Oslo: SSB

Maskell, P., og Malmberg A., 1999. Localized learning and industrial competitiveness. *Cambridge Journal of Economics*, 23: 167-185

Meistad, T., Hannon, F., og Curtin, C. 2009. Identitybuilding in Regional Initiatives for Rural Development: Comparing Ireland's Lake District and Norway's Mountain Region. I: Árnason, A., Shucksmith, M., og Vergunst, J. *Comparing Rural Development. Continuity and Change in the Countryside of Western Europe*. Surrey: Ashgate: 101-123

Melberg, K., 2009. "Slekt skal følge slekters gang..." – livet på gård i et generasjonsperspektiv. I: Barstad, A., og Skrede, K. (red.), 2009. *Levekår i landbruket 1995-2004*, Oslo: Statistisk Sentralbyrå: 81-94

Nordli, H.T., 2008. *Dagens og fremtidens bønder: Har ny næringsaktivitet på gården betydning for rekrutteringen til landbruket?*, Rapport 10/08. Trondheim: Norsk senter for bygdeforskning: 1-30

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF), 2009. *Driftsgranskingar i jord- og skogbruket, Rekneskapsresultat 2008*, Oslo: Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning

Norsk senter for Bygdeforskning, 2002. *Prosjektbeskrivelse. Rekruttering til landbruket – Et spørsmål om landbrukets rekrutter eller rekruttenes landbruk*. Trondheim: Norsk senter for bygdeforskning

NOU 2004: 2: Effekter og effektivitet – effekter av statlig innsats for regional utvikling og distriktpolitiske mål

Onsager, K., og Selstad, T. (red.), *Regioner i utakt*, Trondheim: Tapir Akademiske Forlag

Paasi, A., 2003. Region and place: regional identity in question. *Progress in Human Geography*, 27,4: 475-485

Potter, C., og Tilzey, M., 2005. Agricultural policy discourses in the European post-Fordist transition: neoliberalism, neomercantilism and multifunctionality, *Human Geography* 29, 5 (2005): 581-600

Regional Næringsstrategi for landbruket i Hordaland 2010-2011, 2010. Strategi utarbeidd i samarbeid mellom: Fylkesmannen i Hordaland, Innovasjon Norge, Hordaland Fylkeskommune, Hordaland Bondelag, og Hordaland Bonde- og Småbrukarlag: Bergen

Rogne, E., 2009. Myter om Norge: Vi syr puter under armene på bøndene, hevder kritikerne. Men uten landbruksstøtten hadde Norge vært bondetomt. I: VG (Verdens Gang) helg, 25.04.2009, Oslo: 40-47

Rognstad, O., og Steinset, T.A., 2008. *Landbruket i Norge 2007, Jordbruk – Skogbruk – Jakt*. Oslo: Statistisk Sentralbyrå

Rusten, G., Iversen, N.M., og Hem, L.E., 2007. *Vårinn med nye muligheter, Ressurs og opplevelsesbasert verdiskaping på vestlandsbygdene*, Bergen: Fagbokforlaget: 13-30

Rusten, G., og Eldegard, T., 2008. *Mulighetsanalyse for Nordhordland. Et regionalt industrielt perspektiv*, SNF-prosjekt nr. 4523, Mongstad-pilot. Bergen: Samfunns- og næringslivsforskning AS

Rønningen, K., Fjeldavli, E., og Flø, B.E., 2005. *Multifunksjonelt landbruk – hva slags legitimitet har fellesgodeproduksjon innad i landbrukssektoren?* Rapport 8/05, Trondheim: Norsk senter for bygdeforskning

Selstad, T., 2004. Regionalpolitikkenes veivalg: Den brede eller smale vei? I: Arbo, P., og Gammelsæter, H. (red.), *Innovasjonspolitikkenes scenografi. Nye perspektiver på næringsutvikling*. Trondheim: Tapir Akademiske Forlag: 308-329

Selstad, T., 2004. Kapittel 2. Regionbegrepet. I: Onsager, K., og Selstad, T. (red.), *Regioner i Utakt*. Trondheim: Tapir Akademiske Forlag: 19-32

Selstad, T., 2005. Regioner og funksjoner. I: Knudsen, J.P., *Sterke regioner – forskning og reform*. Bergen: Fagbokforlaget: 25-62

Sivesind, K.H., 1996. Sortering av kvalitative data. Metodologiske prinsipper og praktiske erfaringer fra analyse med dataprogrammer i Holter, H. og Kalleberg, R. (red.) (1996) *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, Oslo; Universitetsforlaget

Spissøy, A., og Hjørnevik, Å., 2009. *Ønske om opplæring, kjøp av tenester, framtidsutsikter og hindringar for bønder i Hordaland*, NILF-notat 2009-16. Oslo: Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning

Statens Landbruksforvaltning (SLF), 2009. *Norsk Landbruk – En situasjonsbeskrivelse 2009*, rapport-nr. 11/2009, Oslo: Statens Landbruksforvaltning

St.mld. nr.21, (2005-2006): *Hjarte for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken*. Kommunal- og regionaldepartementet.

St.mld. nr. 25, (2008-2009): *Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken*. Kommunal- og regionaldepartementet.

Storstad, O., 2007. *Med gården som ressurs. Tilleggsnæringer i trøndersk landbruk*, Notat nr 6/07. Trondheim: Norsk senter for bygdeforskning

Storstad, O., Forbord, M., og Almås, R., 2009. *Boplikt i landbruket – bolyst eller botvang? Resultater fra en spørreundersøkelse blant eiere av landbrukseiendommer*, Rapport 2/09. Trondheim: Norsk senter for bygdeforskning

Storstad, O., og Vik, J., 2009. *Bygdeutviklingsmidlene og bonden. En delrapport om BU-midlenes effekt på bønders holdninger og tilpasninger*, rapport 7/09, Trondheim: Norsk senter for bygdeforskning

Tilzey, M., og Potter, C., 2008. Productivism versus Post-Productivism? Modes of Agricultural Environmental Governance in Post-Fordist Agricultural Transitions. I: Robinson, G.M. (ed.), *Sustainable Rural Systems. Sustainable Agriculture and Rural Communities*, Hampshire: Ashgate: 41-66

Veggeland, N., 2000. *Den nye regionalismen. Europeisk integrasjon og flernivåstyring*. Bergen: Fagbokforlaget

Vik, J. (red.), 2008. Trender i norsk landbruk 2008, Frekvensrapport, Rapport 13/08, Norsk senter for bygdeforskning, Trondheim: 1-8

Vågane, L., 2002. *Levekårsundersøkelse blant landbruksbefolkningen 2002*, Dokumentasjonsrapport. Notater 2002/77. Oslo: Statistisk Sentralbyrå

Vårdal, E., 2003. *Støtten til distriktsjordbruket sett i et samfunnsøkonomisk perspektiv*, SNF-arbeidsnotat, nr 13/03. Bergen

Woods, M., 2005. *Rural Geography. Processes, Responses and Experiences in Rural Restructuring*. London: Sage Publications

Øye, I., 2006. Landbruket i historisk lys i: Helle, K. (red.), *Vestlandets historie - Natur og Næring*, Bind 1, Vigmostad og Bjørke, Bergen: 76-129

Internettreferansar

Avisartikkel: Aase, B.B., 2010. Opnar for ny opptapping, Nationen, 28.01.2010,
<http://www.nationen.no/landbruk/landbruksmeldinga/article4830012.ece>, nedlasta 05.03.2010

Avisartikkel: Riise, R. og Bøhren, L., 2008.

Dagens Næringsliv, kommunekåring i samarbeid med SSB:

<http://www.dn.no/forsiden/politikkSamfunn/article1461694.ece>, nedlasta 05.03.2010

Avisartikkel: Wiker, L.J., 2008. 400 000 vil bo slik, Nationen, 08.04.2008,

<http://www.nationen.no/landbruk/article3458460.ece>, nedlasta 15.03. 2009

Bergen Matfestival, 2010, oversikt over utstillarar i 2009,

<http://www.matfest.no/deltakarar.html>, nedlasta 05.05.2010.

Bondens marked, 2010, oversikt over produsentar og produkt (Bergen),

<http://www.bondensmarked.no/marked/Default.asp?WCI=ViewNews&WCE=85&DGI=86>,
nedlasta 07.04.2010.

Fylkesmannen i Hordaland, 2009a. Landbruk:

<http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=1169>, nedlasta 20.03 2009.

Fylkesmannen i Hordaland. 2009b. Produksjonstilskot:

<http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=22446>, nedlasta 01.04.2009.

Fylkesmannen i Hordaland, 2009c. Kart over kommunar i Hordaland fylke:

<http://fylkesmannen.no/enkel.aspx?m=1533>, nedlasta 15.03.2010.

Fylkesmannen i Hordaland, 2010. Rekordår for landbruks- og bygdeutvikling i Hordaland,

<http://www.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=1166&amid=3135994>, nedlasta 08.04.2010

Gardsbruk.no, ledige gardsbruk på nett:

www.gardsbruk.no , nedlasta 07.04.2010

Hordaland fylkeskommune, 2010a. Om Hordaland:

<http://www.hordaland.no/om-hordaland/>, nedlasta 30.04.2010.

Hordaland fylkeskommune, 2010b. Om Hordaland. Eit variert gjennomsnittfylke,

<http://www.hordaland.no/om-hordaland/Eit-variert-gjennomsnittfylke/>, nedlasta 10.04.2010.

Hordaland fylkeskommune, 2010c. Hordaland fylkeskommune si statistikkteneste.

<http://statistikk.igest.no/hf/>, 04.05.2010.

Innovasjon Norge, 2010, informasjon om verksemda:

<http://www.innovasjon norge.no/Om-oss/>, nedlasta 01.05.2010.

Norges Bondelag, 2010. Om jordbruksavtalen:

<http://www.bondelaget.no/jordbruksavtalen/category199.html>, nedlasta 10.05.2010.

Norsk Landbruk, 2009. Temaside om bonde:

<http://www.norsklandbruk.no/temasider/bonde.aspx>, nedlasta 03.05.2010.

Radøy kommune, 2010. Næring,

<http://www.radoy.kommune.no/Tjenester-for-deg/landbruk-og-naering/>, nedlasta 04.02.2010.

Regjeringen, 2010a. Heimesidene til landbruks- og matdepartementet:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd.html?id=627>, nedlasta 10.03.2010.

Regjeringen, 2010b. Heimesidene til landbruks- og matdepartementet, Temasider om landbruk i kommunane:

http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/tema/landbruk_i_kommunene.html?id=1237, nedlasta 10.03.2010.

Rognstad, O. 2009. *Utviklingen i antall gårdsbruk: Ett av tre gårdsbruk lagt ned siden 1999*,

SSB, valgaktuelt: <http://www.ssb.no/vis/emner/00/01/10/valgaktuelt/art-2009-08-26-01.html>,

nedlasta 01.03.2010.

SSB, 2009a. Temasider om jordbruk: <http://www.ssb.no/jordbruk/>, nedlasta 10.12.2009.

SSB, 2009b. Hagebruk: <http://www.ssb.no/hagebruk/>, nedlasta 11.04.2010.

SSB, 2010a. Kommuneside for Radøy,
<http://www.ssb.no/kommuner/region.cgi?nr=12>, nedlasta 01.03.2010.

SSB, 2010b. Kommuneside for Ulvik,
<http://www.ssb.no/kommuner/region.cgi?nr=12>, nedlasta 01.03.2010.

Hardangerbrua, 2009:
http://www.hardangerbrua.no/?page_id=21, nedlasta 30.04.2010.

Statens vegvesen, 2009:
<http://www.vegvesen.no/Vegprosjekter/Hardangerbrua>, nedlasta 13.02.2010.

Statoil, 2010, Mongstad Produksjonsanlegg,
<http://www.statoil.com/no/ouoperations/terminalsrefining/prodfacilitiesmongstad/pages/default.aspx>, nedlasta 04.02.10.

Ulvik herad, 2009. Fakta om Ulvik herad,
<http://www.ulvik.kommune.no/artikkel.aspx?AId=18&MId1=10&MId2=3&back=1>. nedlasta 04.02.2010.

Vedlegg

Vedlegg A

Skildring av dei tre lovene som er med å regulere landbruket i Noreg (Forbord, 2006):

-*Odelslova* gir familiemedlemmar eller slekt fortrinn ved overdraging/ervert av landbrukseigedom som det kviler odel på. Andelen odelsjord i Noreg er trudd å vere omkring 80 prosent. Odelslova slik ho er i dag vart vedtatt i 1974, og då vart kvinner likestilt med menn når det gjaldt odelsrekkefølga. Av bestemmingar i odelslova finn ein krav til eigedomsstorleik (minst 20 dekar jordbruksareal, 100 dekar skog), hevdstid (20 år), avgrensing av odelskretsen (rett nedstigande linje frå eigar, samt linja til sysken av eigar), løysingstid (1 år), regulert pris (odelstakst, ved overdragelse innanfor familien også åsetesavslag) og bu- og driveplikt.

-*Jordlova* har tidlegare hatt fleire formål, men formålet til dagens lov av 1995 er: «Legge til rette for at jordarealene i landet med skog og fjell og alt som hører til, kan bli brukt på den måten som er mest nyttig for samfunnet og de som har yrket sitt i landbruket.» Deling av landbrukseigedommar utan samfunnets samtykke og vanhevd er ikkje lov, og det er eit mål å legge til rette for ein variert bruksstruktur utifrå forholda i eit område der omsyna til busetting og driftsmessig gode løysingar vert sidestilt.

-*Konsesjonslova* gjer seg gjeldande ved av omsetting av landbrukseigedom der kjøparen ikkje har odel, vert regulert ved at det vert krevd konsesjon frå det offentlege. Dette kravet gjeld, som odelslova, på eigedommar over 20 dekar jordbruksareal eller 100 dekar skog. Ved vurdering av om kjøpar skal få konsesjon, skal kommunen vise til at formålet med lova er å oppnå eit effektivt vern om landbruket sitt produksjonsareal og eigar- og bruksforhold som er mest gagnelege for samfunnet.

Vedlegg B

Fordeling av arbeidsplassar etter næringsgrupper i Hordaland fylke, og regionane Hardanger og Nordhordland i åra 2000-2008 (tal frå Hordaland Fylkeskommune, 2010c)

År		2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008
Geografi	Næring									
Hordaland	Primærnæringane	6078	5703	5722	5620	5243	5117	5175	5205	5262
	Oljeutvinning og bergverk	3565	3605	3604	3340	3239	3421	3598	3370	3930
	Industri	26492	26812	25976	25226	25095	24911	26996	28053	27870
	Forlag og grafisk industri	2693	2511	2363	2319	2150	2122	2051	2051	2008
	Bygg og anlegg, kraft- og vassforsyning	17032	17114	17349	17185	17508	18574	19797	21207	21771
	Hotell, restaurant, handel, transport	51839	52032	52111	51737	52589	53309	54263	57156	57391
	Finans og forretningsmessig tenesteyting	22371	24046	24243	24227	24683	25471	28371	30758	33085
	Off. adm. og forsvar, sosialforsikring	13494	12753	12722	13370	13072	12391	12379	12222	12490
	Undervisning og forskning	19889	19788	19631	21381	21498	21914	22301	22396	22907
	Anna tenesteyting	45677	47058	46690	48689	50318	52004	54417	56513	57630
	Uoppgeve	1438	1223	1257	1227	1123	1052	1111	947	900
Hardanger	Primærnæringane	973	855	833	800	690	741	732	810	836
	Oljeutvinning og bergverk	14	15	18	25	27	27	27	23	21
	Industri	2181	2074	1941	1909	1855	1734	1698	1738	1735
	Forlag og grafisk industri	62	59	56	57	52	46	57	57	51
	Bygg og anlegg, kraft- og vassforsyning	1243	989	985	980	1007	983	1095	1193	1224
	Hotell, restaurant, handel, transport	2273	2245	2213	2185	2314	2255	2227	2302	2278
	Finans og forretningsmessig tenesteyting	472	520	591	612	655	632	645	711	692
	Off. adm. og forsvar, sosialforsikring	685	662	629	656	687	627	645	579	530
	Undervisning og forskning	956	955	932	965	914	880	916	919	890
	Anna tenesteyting	2410	2494	2332	2414	2407	2422	2503	2523	2561
	Uoppgeve	102	79	54	60	67	61	67	54	59
Nordhordland	Primærnæringane	588	555	542	529	502	527	532	523	471
	Oljeutvinning og bergverk	155	180	166	159	167	211	214	238	256
	Industri	2276	2246	2241	2199	2167	2134	2298	2524	2652
	Forlag og grafisk industri	78	75	77	76	78	84	86	83	88
	Bygg og anlegg, kraft- og vassforsyning	891	885	829	841	880	916	949	999	1078
	Hotell, restaurant, handel, transport	2147	2110	2162	2097	2071	2142	2186	2411	2547
	Finans og forretningsmessig tenesteyting	354	407	396	454	492	507	476	545	665
	Off. adm. og forsvar, sosialforsikring	577	607	656	708	733	657	634	656	651
	Undervisning og forskning	1085	1059	1083	1152	1124	1140	1134	1171	1173
	Anna tenesteyting	2226	2389	2318	2264	2360	2411	2559	2739	2821
	Uoppgeve	74	62	62	58	48	46	61	54	44

Vedlegg C

Antal sysselsette i ulike næringer i Ulvik, Radøy og totalt i Hordaland. År i parentes.

(tal frå Hordaland fylkeskommune, 2010c)

Arbeidsstad	Ulvik (2008)	Radøy (2008)	Hordaland (2005)	Hordaland (2008)	Endring frå 2005- 2008	
					Tal	%
Jord- og skogbruk	55	98	3 357	3 487	130	3,9
Fiske og fanst		3	985	883	-102	-10,4
Fiskeoppdrett		24	797	925	128	16,1
Bygging av fartøy og oljeplattformer		101	6 685	8 685	2 000	29,9
Annan industri	16	190	23 956	25 297	1 341	5,6
Bygg og anlegg, kraft og vassforsyning	56	130	18 072	21 150	3 078	17,0
Hotell, restaurant, transport, post	89	84	25 065	26 411	1 346	5,4
Varehandel	26	119	28 261	31 093	2 832	10,0
Forretningsmessig og privat tenesteyting	39	230	46 492	57 428	10 936	23,5
Kommunal tenesteyting	182	580	42 609	44 736	2 127	5,0
Statleg tenesteyting	9	77	24 006	25 148	1 142	4,8
I alt	475	1 636	220 285	245 243	24 958	11,3
Arbeidsstadsdekning i %	85	65				

Vedlegg D

Jordbruksareal i drift i kommunane i Hordaland fylke (målt i kvadratkilometer), rangert etter storleik (tal frå Knutsen et al, 2009)

Kommune	Jordbruksareal i drift (km ²)	Totalareal (km ²)
Voss	57,66	1 806
Kvinnherad	40,86	1 128
Lindås	32,98	476
Etne	28,38	735
Sveio	27,83	246
Radøy	26,08	112
Kvam	22,51	617
Osterøy	22,41	255
Bergen	17,35	466
Fusa	14,81	378
Ullensvang	13,55	1 399
Bømlo	12,56	247
Tysnes	12,36	255
Meland	9,45	93
Os	8,52	140
Stord	8,01	144
Fitjar	7,66	142
Masfjorden	7,33	556
Vaksdal	6,93	716
Ulvik	6,68	721
Granvin	4,83	213
Odda	4,78	1 616
Austrheim	4,59	57
Jondal	4,55	210
Fjell	4,01	148
Austevoll	3,67	117
Askøy	3,3	101
Eidfjord	2,72	1 492
Samnanger	2,6	269
Øygarden	2,5	67
Modalen	1,92	412
Sund	1,73	100
Fedje	0,25	9

Vedlegg E, Oversikt over driftsformer fordelt på fylke, og totalt i Noreg, 2007

(tal frå Rongstad og Steinset, 2008)

Fylke	Gardsbruk totalt	Korn og oljeverkster	Øvrige landbruks- verkster	Hagebruks- verkster	Storfe, mjølke- produksjon	Storfe, kjøtt- produksjon	Storfe mjølk og kjøtt i kombinasjon	Sau	Øvrige grovføra dyr	Svin og fjorfe	Blanda plante- produksjon	Blanda husdyr- produksjon	Plante- og husdyr- produksjon
<i>I alt</i>	49 786	8 680	3 601	1 515	12 353	3 914	631	8 869	3 039	1 614	566	866	4 138
Østfold	2 680	1 612	295	64	158	69	24	27	18	151	57	20	185
Akershus og Oslo	2 563	1 638	264	57	141	75	22	70	29	59	26	21	161
Hedmark	4 022	1 264	632	62	674	255	30	402	95	174	56	56	322
Oppland	5 501	632	662	52	1 533	423	90	884	212	95	41	68	818
Buskerud	2 586	880	236	145	290	179	16	391	99	32	42	20	256
Vestfold	1 746	835	274	138	72	66	11	15	13	109	82	29	102
Telemark	1 655	375	114	106	151	137	10	286	178	40	52	17	199
Aust-Agder	737	24	51	40	121	90	10	146	58	15	24	13	145
Vest-Agder	1 212	39	44	29	325	166	26	274	84	19	8	19	179
Rogaland	5 037	51	122	177	1 664	438	121	1 221	309	421	30	270	213
Hordaland	3 454	0	6	298	825	372	17	1 282	447	41	5	47	114
Sogn og Fjordane	3 594	1	16	167	1 236	285	39	1 038	524	40	48	49	151
Møre og Romsdal	3 350	62	46	57	1 274	468	35	676	390	29	7	43	263
Sør-Trøndelag	3 468	572	238	17	1 258	282	53	490	125	76	17	48	292
Nord-Trøndelag	3 808	700	444	67	1 206	265	79	265	63	236	53	74	356
Nordland	2 696	4	76	24	947	262	37	807	194	56	9	51	229
Troms	1 276	0	65	13	320	66	7	493	168	14	8	16	106
Finmark	391	0	16	2	158	16	4	102	33	7	1	5	47

Vedlegg F

Følgjande personar var informasjonskjelder i førebuingane til feltarbeidet:

Eli J. Fosso, rådgjevar ved FMLA: var med å velje ut studiekommunane, og tipsa meg om relevant litteratur.

Ole Bakkebo, landbruksdirektør i Hordaland: var med å velje ut studiekommunane, og tok meg med på to dagsturar til høvesvis Radøy og Ulvik i juni 2009.

Jarle Helland, landbrukskonsulent i Radøy kommune: sendte meg ei liste med 15 namn på aktuelle informantar til undersøkinga.

Anders Børsheim, tidlegare landbrukskonsulent i Ulvik herad (nyleg avgått med pensjon då eg planla feltarbeidet): hjalp meg å utforme ein tabell over alle gardsbruka i Ulvik (tabellen inneheldt namn på dei som dreiv, og kva drift dei hadde).

Vedlegg G

Intervjuguide

Intervjuguide brukt i kvalitative intervju i Radøy kommune og Ulvik herad, hausten 2009. Intervjua rettar seg inn mot den som er hovuddrivar av gardsbruket (dersom dette var eit ektepar som driv ilag, vart spørsmåla justert etter det).

I. Om gardbrukaren

1. Kjønn

2. Alder

3. Sivilstand

a) Har du born?

Dersom JA:

b) Kor mange, og kor gamle er dei?

c) Ynskjer du at borna dine skal drive garden vidare?

Utdjup.

4. Kva form for utdanning har du?

(Ulike typar kompetanse?)

a) Kor utdanna du deg?

5. Kor lenge har du drive garden?

6. Kvifor vart du gardbrukar?

(Tilknytning til garden. Tilflytta?)

Utdjup.

7. Driv du gardsbruket åleine, eller saman med andre?

Dersom saman med andre:

a) Kven driv du garden saman med?

b) Kva form av samarbeid eller hjelp er det?

(Til dømes: drift, distribusjon, handel, avløyserverksemd, rekneskap, produktsamarbeid)

Utdjup.

8. Kvifor driv du denne garden?

(Plikt eller ynskje, interesse? Kva er motivasjonen?)

9. Kva tankar gjer du deg omkring det å drive med landbruk?

(positivt eller negativt? Kva syns du er viktig som gardbrukar?)

Utdjup.

10. Tenkjer du på deg sjølv som gardbrukar/bonde, eller tykkjer du at yrkesidentiteten din er knytt til noko anna?

II. Om garden

1. Kva type gardsbruk vil du seie at du driv?
(tradisjonelt, økologisk, nyskapande?)

2. Kva er hovudnæringa på garden?
(Døme: mjølkeproduksjon, kjøtt, frukt, skog)

3. Vert det drive noko form for tilleggsnæring på garden?
(Døme: turisme, produksjon av lokale produkt, rekreasjon, hytteutleige)

Dersom JA:

a) Kva form for tilleggsnæring er dette?
(er det relatert til ressursane på garden?)

b) Kvifor akkurat denne typen/desse typane næring?
(Ekstra inntektskjelde, gir noko tilbake til lokalsamfunnet, andre starta med det, interesse, hobby?)

c) Kor mykje vil du seie at dette utgjer av arbeidet på garden?
(I kor stor grad driv du med tilleggsnæringar?)

4. Mottar du produksjonstilskot?

Dersom NEI:

a) Har du mottatt det tidlegare?
(Kvifor gjer du det i tilfelle ikkje no lenger?)
Utdjup.

5. Mottar du noko anna form for tilskot eller støtte?
(Døme: Bygdeutviklingsmidler (BU), miljøtiltak i landbruket (SMIL), regionale miljøprogram (RPM))
Utdjup.

6. Tykkjer du at du har tilstrekkeleg kunnskap/veit nok om tilskota og støtteordningane som er tilgjengelege for deg som gardbrukar?

7. Kan du leve av garden aleine, økonomisk sett?

Dersom NEI:

a) Har du noko anna arbeid utanom garden?
Utdjup.

8. Tykkjer du at du får gjort så mykje på garden som du ynskjer?

9. Har du tid til å drive med noko anna utanom garden?
(Døme: lag/foreiningsarbeid, idrett, hobbyar)

10. Kva vil vere ideell utvikling på garden for deg?

(Til dømes videreutvikle det du held på med, utbyggingsplanar, eller legge om drifta?
Ambisjonsnivå? Konkrete planar?)
Utdjup.

11. Korleis ser du for deg drifta på denne garden om ein 10-20 års tid?

III. Om landbruk

1. Kjenner du til omgrepet multifunksjonelt landbruk?
(kan du i tilfelle identifisere deg med det?)
Utdjup.

2. Kva meiner du om rekrutteringa til landbruket?
(odelsrett, konsesjonslova, opne opp landbruket til folk som ynskjer å drive?)
Utdjup.

3. Korleis ser du på landbruket i kommunen din?
(Omstillingsevne?)
Utdjup.

a) Hadde du ville drive med noko anna om du budde ein annan stad?

4. Har det noko å seie for deg kva gardbrukarar som bur i nærleiken av deg driv med?

a) Tykkjer du at du har noko form for fellesskap med andre gardbrukarar, til dømes andre i kommunen din eller som driv med det same som deg?

5. Kva tankar gjer du deg om framtida som gardbrukar?
(Bekymring, optimisme?)

6. Korleis vil du beskrive landbruket i Noreg i seinare tid (det siste tiåret)?
(Klarar landbruket å omstille seg i forhold til utviklinga elles i samfunnet?)
Utdjup.

b) Kva meiner du er viktig når det gjeld landbruket i Noreg?

7. Korleis ser du på landbruket i Noreg i forhold til andre land?
(Til dømes andre land i Europa?, Medlemskap i EU?)

8. Me har vore gjennom mange spørsmål. Er det noko du kan komme på som du meiner har relevans for deg, eller det å drive gardsdrift i dag meir generelt?